



# St.meld. nr. 5

(2000-2001)

---

## Kredittmeldinga 1999

*Tilråding frå Finansdepartementet av 13. oktober 2000, godkjend i statsråd same dagen.*

## 1 Innleiing

### 1.1 Oversikt over meldinga

---

Finansdepartementet legg med dette fram Kredittmeldinga 1999.

I kapittel 1 blir det gitt generell informasjon om finansinstitusjonane og verdipapirhandelen i 1999, mens kapittel 2 handlar om nokre spørsmål i tilknyting til finansmarknaden. I kapittel 2 er det mellom anna ein omtale av konkurransesituasjonen i marknaden for kommunale tenestepensjonsordningar. Kapittel 3 handlar om hovudtrekka i regelverksutviklinga og dei viktigaste enkeltsakene som departementet og Kredittilsynet har handsama på finansmarknadsområdet i 1999. Kapittel 5 omtalar verksemda til Kredittilsynet i 1999. Vidare er det ein omtale av verksemda til Noregs Bank (kapittel 4), Statens Banksikringsfond (kapittel 6) og Statens Bankinvesteringsfond (kapittel 7) i 1999. Omtalen av verksemda til desse institusjonane er pålagd ved lov, jf. sentralbanklova § 28, banksikringsfondslova § 8 og bankinvesteringsfondslova § 6. Omtalen i dei nemnde kapitla byggjer i stor grad på årsmeldingane frå institusjonane. Kapittel 8 tek opp verksemda til Folketrygfondet i 1999.

Årsmeldingane frå Noregs Bank, Kredittilsynet, Statens Banksikringsfond, Statens Bankinvesteringsfond og Folketrygfondet følger som utrykte vedlegg til meldinga.

### 1.2 Utviklinga på finansmarknaden

---

Etter at enkelte bankar opplevde klart svekte resultat i 1998 som følgje av tap på utlån og kursfall på verdipapir, var resultata merkbart betre i 1999. Auka rente hausten 1998 la grunnlaget for ein oppgang i rentemarginen året etter. Sjølv om denne tendensen var avtakande gjennom 1999, forklarar høgre rentemargin noko av dei gode resultata for bankane.

I same retning trekker også oppgangen i aksjemarknadene. Bankane samla hadde svært låge tap i 1999, trass i lågare vekst i økonomien. Enkelte bankar bokførte likevel relativt høge tap i 1999.

Oslo Børs hadde ei kursutvikling i 1999 som følgde det same mønsteret som dei internasjonale børsane, og stigninga gjennom året var på 45 prosent. Dette har i stor grad påverka resultata i forsikringsselskapa, som plasserer ein aukande del av sin forvalta kapital i verdipapirmarknadene.

Tabell 1.1 gir eit oversyn over strukturutviklinga, og viser utviklinga i talet på institusjonar innanfor ulike delar av finansnæringa i Noreg i perioden 1960 - 1999. Som det går fram av tabellen, er talet på finansinstitusjonar redusert markant sidan 1960-talet. For skadeforsikringsselskapa kjem reduksjonen mellom anna av at fleire lokale brannkasser har blitt ein del av Gjensidige Skadeforsikring, og at ordninga med generalagentur blei oppheva slik at utanlandske skadeforsikringsselskap blei omdanna til filialar. Når det gjeld reduksjonen i talet på sparebankar, kjem det hovudsakleg av samanslåingar mellom

sparebankar, og talet på forretningsbankar er redusert dels på grunn av samanslåingar, dels på grunn av oppkjøp. Samanslåingar og oppkjøp har øg vore med på å redusere talet på finansieringsselskap. Analysekapitlet i Kredittilsynet si årsmelding 1999 gir ei nærmere oversikt over strukturutviklinga.

*Tabell 1.1: Talet på finansinstitusjonar etter type i perioden 1960-1999*

	1960	1965	1970	1975	1980	1985	1990	1995	1999
Sparebankar	597	540	493	390	322	198	142	133	131
Forretningsbankar	68	50	40	28	24	27	23	16	13
Skadeforsikring <sup>1</sup>	155	148	125	121	116	116	115	111	88
Livsforsikring <sup>2</sup>	14	13	11	12	12	12	11	9	9
Finansieringsselskap	-	-	-	-	68	67	71	44	35
Kredittføretak	-	-	-	-	17	15	15	14	9
Private og kommunale pensjonskasser og -fond	-	-	-	-	642	503	427	300	242
Verdipapirfond	-	-	-	-	-	-	-	204	298

<sup>1</sup> Skadeforsikring er medrekna sjøtrygdelag, lokale brannkasser og kredittforsikring.

<sup>2</sup> Tala for livsforsikring er eksklusive selskapa som driv livsforsikring med investeringsval.

Kilde: SSB, Kredittilsynet og Verdipapirfondenes Forening

### 1.2.1 Bank

Forretningsbankane hadde samla i 1999 eit resultat av ordinær drift før skatt på 6,9 milliardar kroner. Dette er 2,5 milliardar kroner, eller 57 prosent, betre enn året før. Sparebankane hadde samla i 1999 eit resultat av ordinær drift før skatt på 7,1 milliardar kroner. Sparebankane betra samla resultat av ordinær drift før skatt med 2,4 milliardar kroner, eller 50 prosent, i høve til 1998. Tek ein omsyn til Sparebanken NOR si overtaking av Gjensidige Bank og fusjonen mellom Den norske Bank og Postbanken, utvikla nettorenta seg stabilt for forretningsbankane i 1999, mens sparebankane opplevde eit vidare fall, målt mot gjennomsnittleg forvalta kapital. Sparebankane oppnår likevel framleis ei høgre nettorente enn forretningsbankane, og dei små og mellomstore bankane hadde også i 1999 ei høgre nettorente enn dei store.

Mens dei tre største forretningsbankane oppnådde ei nettorente på 1,99 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital, var nettorenta til dei andre forretningsbankane 1,85 prosent i høve til same forholdstal. På sparebanksida hadde den største banken ei nettorente på 2,24 prosent, dei 4 mellomstore 2,94 prosent og dei 25 neste i storleik ein rentenettpå 3,24 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital. Forretnings- og sparebankane reduserte kostnadene i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital med høvesvis 0,03 og 0,1 prosentpoeng det siste året.

Auka kursvinstar på verdipapir og valuta er ei viktig forklaring på dei betra bankresultata i 1999. For forretningsbankane auka desse inntektene med 0,15 prosentpoeng, til 0,35 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital, mens sparebankane auka kursinntektene siste året frå 0 prosent i 1998 til 0,24 prosent ved utgangen av 1999, i høve til same forholdstal. Målt i kroner auka kursvinstane for spare- og forretningsbankane med høvesvis 1,1 og 2,0 milli-

ardar kroner. Dei auka kursvinstane kjem dels av sterk oppgang på børsane, og dels av nye verdsetjingsprinsipp i rekneskapsreglane.

Ei anna viktig forklaring på betringa i resultata for forretningsbankane er reduksjonen i tap på 0,24 prosentpoeng, målt i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital. Tala for 1998 var i stor grad påverka av tap i Den norske Bank (DnB). Bokførte tap for forretningsbankane var i 1999 på 269 millionar kroner. Sparebankane hadde samla høgre tap enn forretningsbankane i 1999, og i 1999 auka tapa for sparebankane med 33 prosent til 1 milliard kroner. I høve til gjennomsnittleg forvalta kapital steig tapa med 0,02 prosentpoeng til 0,22 prosent, men for enkelte av dei mellomstore sparebankane var tapa klart høgre.

Både spare- og forretningsbankane opplevde ein svak auke i netto misleghaldne engasjement i 1999. Netto misleghaldne lån som del av brutto utlån var framleis på eit relativt lågt nivå for begge grupper av bankar.

Avkastninga på eigenkapitalen, målt ved resultat av ordinær drift før skatt og ekstraordinære postar som del av gjennomsnittleg eigenkapital, var for dei tre største forretningsbankane 17,9 prosent i 1999, mot 11,6 prosent i 1998 og 17,7 prosent i 1997. For dei andre forretningsbankane var eigenkapitalavkastninga 16,4 prosent samanlikna med 13,9 prosent i 1998 og 13,6 prosent i 1997. For sparebankane samla var eigenkapitalavkastninga på 21,4 prosent, mot 16,4 prosent i 1998 og 16,8 prosent i 1997.

Etter ein mindre nedgang i utlånsveksten i 1998 auka veksten igjen i 1999. Årsveksten i utlån var 13 prosent for forretningsbankane (7 prosent korrigert for overføring av utlånsporteføljar), mens sparebankane auka utlåna med 17 prosent (12 prosent korrigert for overføring av utlånsporteføljar).

Tabellane 1.2 til 1.5 viser utviklinga i resultat- og balansepostane for forretnings- og sparebankane for åra 1997 til 1999.

*Tabell 1.2: Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for forretningsbankar (morbank utanom utanlandske filialar i Noreg og utanom Postbanken i 1997 og 1998)*<sup>1</sup>

	1997	1998	1999
Nettorente	2,08	2,01	1,96
Andre inntekter	0,95	0,86	1,14
av dette kursvinstar/-tap verdipapir	0,29	0,20	0,35
Andre kostnader	2,06	1,92	1,89
Resultat av ordinær drift før tap	0,98	0,94	1,21
Tap på utlån og garantiar	-0,07	0,29	0,05
Resultat av ordinær drift etter tap	1,06	0,68	1,17

<sup>1</sup> Tala for 1999 er påverka av at Sparebanken NOR overtok Gjensidige Bank, og at DnB overtok Postbanken. Tala for 1999 er også påverka av ny rekneskapslov.

Kilde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal

*Tabell 1.3: Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for sparebankar*<sup>1</sup>

	1997	1998	1999

*Tabell 1.3: Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for sparebankar<sup>1</sup>*

Nettorente	2,97	2,90	2,84
Andre inntekter	1,02	0,64	0,98
av dette kursvinstar/-tap verdipapir	0,14	0,00	0,24
Andre kostnader	2,62	2,19	2,09
Resultat av ordinær drift før tap	1,37	1,36	1,73
Tap på utlån og garantiar	0,08	0,20	0,22
Resultat av ordinær drift etter tap	1,29	1,24	1,60

<sup>1</sup> Tala for 1999 er påverka av ny rekneskapslov.

Kilde: Bankstatistikken

*Tabell 1.4: Balansepostar for forretningsbankar (morbank utanom utanlandske filialar i Noreg og utanom Postbanken i 1997 og 1998). Milliardar kroner ved utgangen av året<sup>1</sup>*

	1997	Vekst i pst.	1998	Vekst i pst.	1999	Vekst i pst.
Utlån til kundar (brutto)	408	19	422	3	478	13
Innskot frå kundar	249	2	265	6	340	28
Forvaltningskapital	526	15	570	8	658	15

<sup>1</sup> Tala for 1999 er påverka av at Sparebanken NOR overtok Gjensidige Bank, at DnB overtok Postbanken, og at overføringer av bustadlån frå Norgeskredit til Kreditkassen.

Kilde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal

*Tabell 1.5: Balansepostar for sparebankar. Milliardar kroner ved utgangen av året*

	1997	Vekst i pst.	1998	Vekst i pst.	1999	Vekst i pst.
Utlån til kundar (brutto)	313	14	345	9	404	17
Innskot frå kundar	233	3	249	7	288	16
Forvaltningskapital	362	13	403	11	488	21

Kilde: Bankstatistikken

Gjennomsnittleg kjernekapitaldekning for forretningsbankane var ved utgangen av 1999 på 8,0 prosent, ein auke på 0,12 prosentpoeng siste år. For sparebankane er det berekna ei gjennomsnittleg kjernekapitaldekning på 11,2 prosent ved utgangen av 1999, som er ein reduksjon på 0,5 prosentpoeng på eitt år. Kjernekapitaldekninga blei redusert for 74 av dei 130 sparebankane. Kapitaldekninga for sparebankane samla må likevel karakteriserast som god framleis.

Alle forretnings- og sparebankane oppfylte ved utgangen av 1999 lovkravet til kapitaldekning på 8 prosent. Alle sparebankane oppfylte kapitaldekningskravet med kjernekapital.

Sju forretningsbankar rapporterte ei kjernekapitaldekning på under 8 prosent, og var såleis avhengige av tilleggskapital for å oppfylle minstekrava til soliditet i lova. Det er i hovudsak ansvarleg lånekapital som utgjer tilleggskapitalen.

### 1.2.2 Forsikringsselskap

Skadeforsikringsselskapa hadde i 1999 eit resultat av ordinær verksemd på 3 939 millionar kroner, som svarar til 17,8 prosent av opptent premie for eiga rekning. Dette er ei betring på 2 123 millionar kroner i høve til året før. Betringa i resultat av ordinær verksemd kjem av høge finansinntekter som følge av kursoppgang i verdipapirmarknaden. Om ein for samanlikning korrigerer tala for 1998 i tråd med ny rekneskapslov, som blei innført ved starten av 1999, ville resultat av ordinær verksemd i 1998 vore på 344 millionar kroner - dvs. 3 595 millionar kroner svakare enn i 1999.

Teknisk resultat (resultat før finansinntekter) blei særleg svakt i 1999 med eit underskot på 1 941 millionar kroner, mot eit overskot på 1 105 millionar kroner i 1998. Mens svak kursutvikling i verdipapirmarknadene var forklaringa på dei svake resultata i 1998, er sterkt kursutvikling grunnen til at selskapet har hatt ei klar betring i resultat av ordinær verksemd i 1999. Resultata for 1998 og 1999 syner at skadeselskapa er avhengige av god kursutvikling i verdipapirmarknadene for at dei skal oppnå gode resultat samla sett.

Skadeforsikringsmarknaden blir dominert av dei tre største skadeforsikringskonserna; Storebrand Skadekonsern (no del av if...), Gjensidige Forsikringsgruppe og Vesta Skadekonsern. Desse tre konserna stod for 81,3 prosent av samla opptent brutto premie i 1999. Dei tre konserna fekk eit resultat av teknisk rekneskap på minus 1 899 millionar kroner samanlikna med eit positivt resultat på 325 millionar kroner i 1998. Dette gav dei tre skadeforsikringskonserna eit resultat av ordinær verksemd på 1 984 millionar kroner, tilsvarende 10,6 prosent av opptent premie, mot eit underskot på 575 millionar kroner svarande til -3,3 prosent av opptent premie i 1998.

Tabell 1.6 viser dei viktigaste resultatpostane for dei tre største skadekonserna samla.

Kredittilsynet finn framleis utviklinga for yrkesskadeforsikringar urovekjande. I 1999 har selskapa gjort ei større oppjustering av erstatningsansлага for denne bransjen for dei fleste årgangar. Trass i dei tiltaka som er gjennomførte for å få justert opp premiane, er nivået framleis for lågt ifølgje Kredittilsynet, jf. mellom anna omtale i kapittel 1 punkt 1.2.2 i Kredittmeldinga 1998.

Tabell 1.6: Resultatpostar for dei tre skadekonserna samla. Milliardar kroner og i prosent av opptent premie for eiga rekning (f.e.r)<sup>1</sup>

	1998	1999	
	Mrd. kr.	Mrd. kr.	Pst.
Opptent premie f.e.r	17,3	18,6	8,1
Pådregne skadar f.e.r	13,9	16,9	22,1
Driftskostnader f.e.r	4,9	5,6	14,6
Teknisk resultat	-1,9	0,3	-
Netto finansinntekter	5,8	1,0	-

*Tabell 1.6: Resultatpostar for dei tre skadekonserna samla. Milliardar kroner og i prosent av opptent premie for eiga reknin (f.e.r.)<sup>1</sup>*

Resultat av ordinær verksemd	2,0	-0,6	-
------------------------------	-----	------	---

<sup>1</sup> For samanlikning er tala for 1998 korrigerte i tråd med ny rekneskapslov.

Kilde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal

Den samla forvaltningskapitalen i dei tre skadekonserna var 42,3 milliardar kroner ved utgangen av 1999. Dette er 13,3 prosent lågare enn i 1998. Konserna har auka sine kortsiktige plasseringar i aksjar og fondsdelar det siste året, og slike plasseringar utgjorde samla 20,4 prosent av forvaltningskapitalen i 1999.

Alle skade- og kredittforsikringsselskapa oppfylte ved utgangen av 1999 lovkravet til kapitaldekning på 8 prosent.

Det verdjusterte resultatet til livselskapa for 1999 var 33,1 milliardar kroner, som svarar til 9,9 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital. Det verdjusterte resultatet i 1998 var -3,4 milliardar kroner eller -1,1 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital. Det er den sterke utviklinga i verdipapirmarknadene som forklarar dei styrkte resultata i 1999. Kursreguleringsfondet i livselskapa, som er forskjellen mellom marknadspris og kjøpspris på verdipapira, utgjorde 27 milliardar kroner ved utgangen av 1999. På same tid i 1998 var dette fondet 5,5 milliardar kroner. Det bokførte resultatet for 1999 var 11,5 milliardar kroner, som er 3,4 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital, mot 3,5 milliardar kroner og 1,2 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital i 1998. Tabell 1.7 syner dei viktigaste resultatpostane i livselskapa i 1998 og 1999.

*Tabell 1.7: Resultatpostar i livsforsikring. Milliardar kroner og i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital*

	1998		1999	
	Mrd. kr.	Pst.	Mrd. kr.	Pst.
Premieinntekter	30,3	10,1	27,4	8,2
Inntekter frå finansielle eidedelar	36,9	12,3	64,7	19,3
Erstatningar	23,9	8,0	22,2	6,6
Endringar i forsikringsavsetningar	17,6	5,3	17,4	5,8
Forsikringsrelaterte kostnader og adm. kostnader	2,5	0,8	2,5	0,9
Overskot før fordeling og skatt	3,5	1,2	11,5	3,4
Verdjustert resultat før fordeling og skatt	-3,4	-1,1	33,1	9,9

Kilde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal

Ved utgangen av 1999 hadde livselskapa ein samla forvalta kapital på 361 milliardar kroner mot 310 milliardar kroner tolv månader tidlegare. Aksjar i balansen til selskapa har hatt ein klar auke dei seinare åra. Aksjar utgjorde 33 prosent av den forvalta kapitalen ved utgangen av 1999, mot 23,5 prosent i 1998 og 20 prosent ved utgangen av 1997. Utanlandsdelen av aksjebehald-

ninga til selskapa auka i perioden frå 45 prosent i 1997, til 61 prosent i 1998 og til 64 prosent i 1999.

Store behaldningar med aksjar og obligasjonar gjer livselskapa sårbar for fall i verdipapirmarknadene. Tilleggsavsetnader og kursreguleringsfond er dei viktigaste bufferane mot denne marknadsrisikoen. Soliditeten til livselskapa var god ved utgangen av 1999. Alle livselskapa hadde då ei kapitaldekning som var høgre enn minstekravet på 8 prosent. Departementet vil understreke at kvart einskilt livselskap sjølv må avpasse sine plasseringar, både i aksjar og i andre verdipapir, til den soliditeten livselskapet har.

Selskapa som tilbyr livsforsikring med investeringsval, fekk eit underskot på 17 millionar kroner i 1999. Premieinntektene var 3,1 milliardar kroner, og forvaltningskapitalen ved utgangen av 1999 var 6,0 milliardar kroner. Aksjar og aksjefond utgjorde 76 prosent av forvalta kapital mot 56 prosent ved utgangen av 1998. Det er i all hovudsak forsikringskundane som sit med risikoen knytt til aksjeinvesteringane i desse selskapa.

Det er i 1999 avvikla 12 private pensjonsfond, slik at talet på private pensjonsfond under tilsyn er nede i 84 ved utgangen av 1999. Pensjonsfonda blei etablerte under anna lovgiving og andre samfunnstilhøve, og kan i dei fleste tilfelle bli avvikla mest formålstenleg ved at midlane og forpliktingane til fondet blir overførte til eit livselskap.

### 1.2.3 Finansieringsføretak

Finansieringsselskapa betra resultatet av ordinær drift føre skatt med 133 millionar kroner til 1 060 millionar kroner frå 1998 til 1999. Resultatet er 2,5 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital. Dette er ein reduksjon på 0,09 prosentpoeng målt mot same forholdstal siste år.

Nettorenta auka med 0,38 prosentpoeng til 4,8 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital. Finansieringsselskapa auka sine brutto utlån til kundar med 30,1 prosent i 1998. Hovudforklaringsa på den sterke veksten er overføring av utlån frå Gjensidige Bank til Gjensidige NOR Finans. Om ein korrigerer for denne overføringa, er veksten på 11,4 prosent. Finansieringsselskapa sin del av total innanlandsk kreditt til publikum (K2) auka frå 3,8 prosent ved utgangen av 1998 til 4,5 prosent ved utgangen av 1999.

Kredittføretaka betra resultatet av ordinær drift før skatt frå 595 millionar kroner i 1998 til 1 057 millionar kroner i 1999. Hovudforklaringsa til betringa var auke i nettorenta med 382 millionar kroner, og kursvinstar på verdipapir og valuta med 52 millionar kroner. I 1998 var det eit kurstab på 59 millionar kroner. I høve til gjennomsnittleg forvalta kapital auka resultatet av ordinær drift før skatt med 0,27 prosentpoeng til 0,70 prosent. Brutto utlån til kundar blei redusert med 0,6 prosent dei siste tolv månadene. Årsaka er at Norgeskreditt overførte sine bustadlån til Kreditkassen. Om ein korrigerer for denne overføringa, ville tolvmåndersveksten i utlån til kundar vore 4,6 prosent.

Ved utgangen av 1999 hadde finansieringsselskapa ei kjernekapitaldekning på 11,0 prosent mot 12,0 prosent i 1998. Alle selskapa oppfylte minstekravet til kapitaldekning på 8 prosent. Tre selskap hadde ei kjernekapitaldekning på under 8 prosent ved utgangen av 1998.

Kredittføretaka hadde ei kjernekapitaldekning på 13,4 prosent ved utgangen av 1999, ein auke på 0,5 prosentpoeng målt mot utgangen av 1998. Eitt

føretak oppfylte ikkje kapitaldekningskravet med kjernekapital. Alle kredittførretaka oppfylte minstekravet til kapitaldekning.

#### **1.2.4 Verdipapirhandel**

Omsetninga på Oslo Børs var 445 milliardar kroner i 1999. Det er ein vekst på 38 prosent samanlikna med 1998. Marknadsverdien av aksjane hadde ein verdiauke på om lag 45 prosent i 1999. Vidare var det ein sterk vekst i inntektene til verdipapirføretaka i 1999. Samla driftsinntekter utgjorde 6 milliardar kroner. Dette er 46 prosent meir enn året før. Emisjonane hadde ein verdi på om lag 14,4 milliardar kroner i 1999. Dette er ein auke på i overkant av 26 prosent samanlikna med 1998.

Verdipapirføretak som ikkje er bank, hadde ein auke i driftsinntektene på 1,3 milliardar kroner eller om lag 60 prosent. I verdipapirføretak i bank steig inntektene med 595 millionar kroner, som svarar til ein vekst på 30 prosent. Emisjonar og rådgiving var i stor grad med på å auke inntektene til verdipapirføretaka. Inntekt frå denne verksemda auka med 52 prosent frå 1998, noko som svarar til ein oppgang på 463 millionar kroner.

Forvalta kapital i norske verdipapirfond var 121 milliardar kroner ved utgangen av året. Det er ein vekst på 37 milliardar kroner samanlikna med 1998, eller på om lag 43,5 prosent. Netto nyteikning var 8,8 milliardar kroner i 1999 mot 2,5 milliardar kroner i 1998. Internasjonale fond hadde sterkest auke i 1999 målt i prosent. Totalt steig forvalta kapital i desse fonda med 115 prosent, 13,1 milliardar kroner, i forhold til 1998. Målt i kroner var det AMS-fond som vokste mest i 1999 med 14,9 milliardar kroner, svarande til ein vekst på 53,5 prosent.

Ved utgangen av 1999 var det om lag 2 millionar deleigarar i norske verdipapirfond. Til samanlikning var det 1,7 millionar deleigarar året før. Dei siste åra har det vore ein klar tendens til at hushald og føretak investerer i verdipapirfond framfor tradisjonelle spareformer, som til dømes bank.

Det siste året har det vore ei merkbar nyestablering av reine Internett-meklarar. Etablerte meklarføretak har òg auka satsinga på Internett.

## 2 Nokre spørsmål i tilknyting til finansmarknaden

### 2.1 Om konkurransesituasjonen i marknaden for kommunale tenestepensjonsordningar

---

Stortingsrepresentantane Solberg og Foss har i Dokument nr. 8:38 (1999-2000) foreslått at Regjeringa skal gjennomføre tiltak for å sikre fri konkurranse på marknaden for kommunale tenestepensjonsordningar, jf. brev fra finansministeren til finanskomiteen datert 28. april 2000 og finanskomiteen si innstilling, Innst. S. nr. 173 (1999 - 2000).

I innstillinga uttaler fleirtalet i finanskomiteen, side 2:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Sosialistisk Venstreparti, ber departementet i Nasjonalbudsjettet eller på annen egnet måte høsten 2000 legge frem en vurdering av konkurransesituasjonen i markedet for kommunale tjenestepensjonsforsikringer og en vurdering av behovet for tiltak.»

Finansdepartementet legg til grunn at det er mest høveleg å drøfte behovet for eventuelle tiltak mellom anna i ljós av innstillinga til det offentlige utvalet som vurderer overføringsavtalen. I denne meldinga vil ein gi ei oversikt over konkurransesituasjonen i marknaden for kommunale tenestepensjonsordningar. Oversikta nedanfor byggjer på opplysingar fra Kredittilsynet.

#### 2.1.1 Kommunale tenestepensjonsordningar - kort om rammeverket

Både innanfor privat næringsverksemid og kommunal og fylkeskommunal sektor har dei tilsette i større eller mindre grad vore sikra pensjon gjennom tenestepensjonsordningar. Dei kommunale og fylkeskommunale tenestepensjonsordningane (heretter kalla kommunale pensjonsordningar) er regulerte gjennom forskrift av 22. april 1997 «Om pensjonsordninger for kommunalt eller fylkeskommunalt ansatte». I forskrifta er det gitt reglar om ytingar innanfor kommunale tenestepensjonsordningar. Av § 2 i forskrifta går det fram at dei kommunale pensjonsordningane ikkje må gi høgare ytingar enn etter lov om Statens Pensjonskasse. Ytingane etter lov om Statens Pensjonskasse avvik på fleire punkt frå ytingane innanfor private tenestepensjonsordningar.

I tillegg til kommunar kan både organisasjonar og føretak i kommunal sektor i utgangspunktet teikne kommunal tenestepensjonsordning. Det gjeld mellom anna fristilte føretak. Grensa mellom kommunale og private føretak kan i ein del tilfelle vere vanskeleg å trekke, og det er derfor vanskeleg å gi ei klar avgrensing. Kredittilsynet har opplyst at for kommunale pensjonskasser er det lagt til grunn at pensjonskassen kan omfatte føretak der kommunen eig meir enn 50 prosent av aksjane eller selskapsdelen. Kredittilsynet har lagt til grunn at pensjonskassen også kan omfatte andre føretak eller stiftingar med nær tilknyting til kommunen.

### 2.1.2 Hovudtariffavtalen

Hovudtariffavtalen mellom Kommunenes Sentralforbund og organisasjonane til dei kommunetilsette, utgjer ein viktig del av rammeverket for pensjonsordningane. For kommunane er dei kommunale tenestepensjonsordningane etter denne avtalen, og forskrifa som er nemnd ovanfor, obligatoriske og skal dekke alle tilsette. Kvar enkelt kommune har såleis liten fridom med omsyn til fastsettjing av pensjonsrettane. Kommunane står i utgangspunktet fritt til å velje leverandør av pensjonsordninga, under den føresetnad at pensjonsordninga tilfredsstiller krava i hovudtariffavtalen.

I hovudtariffavtalen som blei inngått for perioden 1. mai 1998 til 30. april 2000, blei det stilt krav om at nye produkt måtte vere «tatt til etterretning av Kredittilsynet» før flytting kunne gjennomførast. Det føreligg ikkje lenger nokon førehandskontroll av livsforsikringsprodukt i Noreg, men berre ei plikt til å melde nye produkt til Kredittilsynet. Kredittilsynet har uttrykt at ein ikkje kunne ta omsyn til kravet om at produktmeldingane skulle vere «tatt til etterretning», og at det blei lagt til grunn at produkta var lovlege inntil ein eventuelt fatta vedtak om det motsette.

På bakgrunn av at nokre kommunar som ønskte å skifte forsikringsgivar for pensjonsforsikringa si, vende seg til Konkurransetilsynet, har Konkurransetilsynet vurdert mellom anna dei nemnde krava i hovudtariffavtalen for communal sektor.

Konkurransetilsynet kan med heimel i konkuranselova § 3-10 gripe inn mot vilkår, avtalar og handlingar dersom tilsynet finn at desse har til formål, verknad eller er eigna til å avgrense konkurransen, noko som er i strid med formålet i lova om å søkje effektiv bruk av samfunnet sine ressursar.

Konkurransetilsynet fann at dei aktuelle problemstillingane ikkje vart omfatta av unntaket i konkuranselova § 1-3 andre ledd, om at lova ikkje gjeld for løns- og arbeidsvilkår i teneste hos andre. Ifølgje Konkurransetilsynet si vurdering fall problemstillingane inn under det saklege verkeområdet til konkuranselova.

I analysen av konkurransen avgrensa Konkurransetilsynet først den relevante marknaden, så vurderte dei om det var dominerande aktørar. Vidare vurderte dei om det låg føre ei avgrensing av konkurransen, og om dette gav ineffektiv bruk av samfunnsressursane. Konkurransetilsynet fann at det var få tilbydarar i marknaden for kommunale pensjonsordningar i Noreg, og at Komunal Landspensjonskasse (KLP) var den største og dominerande aktøren. Nokre større kommunar hadde eigne pensjonskasser. Ettersom pensjonskasene ikkje tilbyr produktet til andre enn «eigaren», utgjorde dei ein avgrensa konkurransefaktor. Få kommunar hadde sine tilsette pensjonsforsikra i andre livsforsikringsselskap enn KLP (heretter omtala som private livsforsikringsselskap).

Konkurransetilsynet la til grunn at mangefull konkurranse kan føre til eit effektivitetstap, særleg ved at ein reduserer konkurransetrykket på administrasjonskostnadene og krava til avkastning.

Konkurransetilsynet fann grunn til å tilføye at noko av grunnlaget for at enkelte kommunar hadde vurdert å flytte pensjonsforsikringane sine frå KLP og til andre tilbydarar, ikkje nødvendigvis følgde av KLP sine administrasjonskostnader eller avkastning på forvaltningskapitalen, men av KLP sin måte å rekne premiar på.

På denne bakgrunnen fann Konkurransetilsynet at passusen «tatt til etterretning» innebar ei førehandsgodkjenning av livsforsikringsprodukt, og såleis var eigna til å hindre konkurransen i marknaden ved at han hindra flytting frå den dominerande leverandøren KLP til konkurrerande livsforsikringsselskap. Passusen blei av tariffpartane grunngitt med behovet for å sikre kvaliteten på forsikringsprodukta. Etter Konkurransetilsynet si vurdering var ikkje passusen eigna til å gi anna kvalitetssikring enn den som eventuelt følgde av at skifte av leverandør blei utsett på ubestemt tid. Konkurransetilsynet valde likevel ikkje å gripe inn i hovudtariffavtalen, mellom anna fordi det var kort tid til tariffavtalen gjekk ut, og fordi ein var kjend med at tariffpartane vurderte alternative metodar for kvalitetssikring av forsikringsprodukta i framtida.

Ved forhandlingane om ny tariffavtale for kommunal sektor er hovudtariffavtalen no endra i tråd med merknadene til Konkurransetilsynet og Kredittilsynet. I ny hovudtariffavtale, som skal gjelde fram til 30. april 2002, er kravet om at Kredittilsynet skal ta ei ny pensjonsordning «til etterretning» ved skifte av forsikringsselskap eller pensjonskasse, fjerna. I nytt kapittel 2 i hovudtariffavtalen er følgjande reglar tekne inn om skifte av selskap/pensjonskasse:

- Ved skifte av selskap/pensjonskasse skal dette vere drøfta med dei tillitsvalde, jf. forskrift av 27. november 1991 (flytteforskrifta) kapittel 3. Drøftingsplikta skal tre inn tidlegast mogleg og seinast før oppseininga er vedteken og levert til dagens leverandør av tenestepensjonsforsikring. Vidare skal tenestepensjonsordninga vere basert på eit finansieringssystem som er kjønnsnøytralt, og som ikkje verkar utstøytande på eldre tilsette.
- Det skal opprettast ei faggruppe med rådgivande funksjon, som består av ein representant oppnemnd av Forhandlingssamanslutningane, ein representant oppnemnd av Kommunenes Sentralforbund og ein nøytral leiar oppnemnd av tariffpartane til pensjonsutvalet. Eventuell twist om oppnemninga skal avgjerast etter hovudtariffavtalen § 4 punkt 4-1 tredje ledd.
- Faggruppa skal gi ei grunngitt utsegn til tariffpartane til pensjonsutvalet om dei innhenta tilboda på nye pensjonsprodukt er i samsvar med forsikringsverksemdslova og forsikringsavtalelova, om alle risikoar og ytingar har forsikringsmessig dekning i selskapet, og om produktet oppfyller krava i tariffavtalen elles. Eventuelle vurderingar frå tariffpartane til pensjonsutvalet skal sendast til kommunen/fylkeskommunen saman med faggruppa si utsegn.
- Dessutan skal søknad om godkjenning inn under overføringsavtalen vere send til Statens Pensjonskasse, og utsegn frå tillitsvalde som representerer dei aktive tilsette som er omfatta av pensjonsordninga, skal følgje saka fram til endeleg avgjersle i kommunestyret/fylkestinget.

Ordninga er eit tilbod om kvalitetssikring av ei ny pensjonsordning. Det er opp til den enkelte kommune/fylkeskommune om dei vil følgje dei råda som blir gitt.

### 2.1.3 Overføringsavtalen

Eit anna særleg forhold i samanheng med kommunale pensjonsordningar er overføringsavtalen. Overføringsavtalen omfattar alle medlemmer i kommunale pensjonsordningar og i Statens Pensjonskasse. Avtalen inneber at medlemmene i desse ordningane får den samla pensjonsytinga si rekna ut i forhold

til den samla tenestetida i alle dei offentlege pensjonsordningane som pensjonisten har vore medlem av i sin yrkesaktive karriere, som om desse ordningane hadde vore ei pensjonsordning. Opptente pensjonsytingar svarar såleis til dei ytingane pensjonisten hadde opparbeidd dersom han hadde vore medlem i siste pensjonsordning i heile tenestetida i offentleg sektor. I tariffavtalen har det blitt stilt krav til at pensjonsordninga kan kome inn under overføringsavtalen. Overføringsavtalen føreset at pensjonsordningane som fell inn under avtalen, i stor grad er einsarta.

Konkurransetilsynet har i brev til Arbeids- og administrasjonsdepartementet teke opp problem i tilknyting til overføringsavtalen og føresetnadene for konkurranse for offentlege tenestepensjonar.

På denne bakgrunnen blei Overføringsavtaleutvalet sett ned i februar 1999. Utvalet gjennomgår ulike sider ved overføringsavtalen. Ei av dei primære oppgåvene til utvalet har vore å fastsetje kriteria for kven som kan slutte seg til overføringsavtalen. Med bakgrunn i den fristillinga av ein del statlege og kommunale verksemder som har skjedd i løpet av 1990-åra, og at mange offentlege verksemder i løpet av 1990-åra også har skifta eigarar frå det offentlege til det private (heilt eller delvis), er spørsmålet om overføringsavtalen skal kunne gjelde offentlege verksemder (statlege og kommunale føretak) som vel andre livsforsikringsselskap enn KLP som pensjonsleverandør. Utvalet legg fram utgreiinga si i løpet av oktober 2000.

#### **2.1.4   Oversikt over tilbydarane av kommunale tenestepensjonsordningar**

Sentral innanfor marknaden for kommunale pensjonsordningar er KLP, som er eit gjensidig livsforsikringsselskap, ått av kommunane. Ved utgangen av 1998 administrerte KLP pensjonsordningar for 410 kommunar og om lag 2700 kommunale og andre bedrifter. KLP er, og har vore, den heilt dominerande aktøren innanfor kommunale pensjonsordningar i ei rekke år.

Vidare tilbyr fem andre norske livsforsikringsselskap kommunale tenestepensjonsordningar. Om lag 15 kommunar har valt å teikne tenestepensjonsordningar i slike livsforsikringsselskap.

Kommunane har vidare høve til å opprette eigne pensjonskasser. Ved utgangen av andre kvartal 2000 var det i alt 18 kommunale pensjonskasser, 2 fylkeskommunale pensjonskasser og 7 pensjonskasser for kommunale føretak. Oslo kommune har til no hatt eiga pensjonskasse, men har søkt om og fått løyve til å opprette eige livsforsikringsselskap, jf. omtale under punkt 3.2. Ei pensjonskasse kan berre tilby pensjonsprodukt til «eigarane» av pensjonskassa og er difor ikkje tilbydarar i rein konkurransemessig forstand. Pensjonskassene blir difor ikkje vektlagde i særleg grad her, sjølv om forsikringsselskap i mange tilfelle oppfattar pensjonskassene som konkurrentar. Pensjonskassene kan oppnå ein monaleg storleik målt etter forvaltningskapital og kan i enkelte tilfelle bli like store som små og mellomstore forsikringsselskap.

Til no er det ingen utanlandske forsikringsselskap som driv forsikringsverksemrd i Noreg innanfor EØS-avtalen, som har tilbode kommunale tenestepensjonsordningar. Dette kan bli meir aktuelt i framtida fordi talet på utanlandske livsforsikringsselskap som etablerer filialar i Noreg, aukar.

### 2.1.5 Nærare om KLP

KLP starta som eit eige forretningsområde i tidlegare Norsk Kollektiv Pensjonskasse (NKP) i 1949. Forretningsområdet var spesielt retta inn mot pensjonsdekning for kommunar og fylkeskommunar. På denne tida var det fleire kommunar som hadde eigne kommunale pensjonskasser. Tenestepensjonsforsikringane var også meir spreidde på dei ulike forsikringsselskapene.

Forretningsområdet blei i 1974 skilt ut som eit eige gjensidig selskap, KLP. KLP opparbeidde etter dette ein heilt dominerande posisjon innanfor den kommunale marknaden. KLP er som andre forsikringsselskap underlagd lov av 10. juni 1988 nr. 39 «Om forsikringsvirksomhet» (forsikringsverksemgslova). KLP er gitt dispensasjonar frå enkelte reglar i lova. Dei dispensasjonane KLP er gitt, er mellom anna grunna i historiske årsaker, og at vedtekten for selskapet avgrensar tilslutning av føretak som ikkje er kommunalt åtte.

Ein del av dispensasjonane er av organisatorisk art. Andre dispensasjonar gjeld verksemda. Dette gjeld mellom anna forsikringsverksemgslova § 7-5, som fastset at eit forsikringsselskap skal fordele sine kostnader, tap og inntekter på ein rimeleg måte mellom forsikringsbransjar, forsikringskontraktar og forsikra. Lova § 7-6 fastset vidare reglar om utrekning av premiar. Reglane er til hinder for at den forsikringsteknisk utrekna premien blir utlikna på fleire forsikringstakarar. Ei slik utlikning vil føre til at enkelte forsikringstakarar betaler delar av premien for pensjonsrettar til tilsette hos andre forsikringstakarar. Premien må såleis i utgangspunktet fastsetjast på individuell basis for den enkelte forsikringstakar/føretak.

Ifølgje vedtekten til KLP blir premien som kommunane betaler inn, rekna som ein felles gjennomsnittspremie, fastsett i prosent av pensjonsgrunnlaget. Premien for den enkelte kommune er såleis rekna på bakgrunn av alders- og kjønnsfordelinga i heile KLP-kollektivet. Kommunar med ei anna alders- og kjønnsfordeling enn gjennomsnittet betaler inn same premie som ein kommune med ei fordeling av tilsette nær gjennomsnittet. Dette inneber ei viss kryssubsidiering mellom kommunane. Finansdepartementet har gitt KLP dispensasjon etter forsikringsverksemgslova § 13-8, jf. brev frå Finansdepartementet til KLP av 8. mai 1998 og 17. april 1990.

### 2.1.6 Utviklinga av konkurransen innanfor kommunal sektor

Auka konkurranse i forsikringsmarknaden dei siste tiåra har medverka til at dei private forsikringsselskapene har søkt etter nye marknadsområde, og fleire selskap har sett eit potensial i offentleg sektor. Det har samtidig vore ei utvikling der det har blitt stilt aukande krav til kommunane med omsyn til kostnadsinnsparinger og forretningsmessige tilpassingar. I denne samanhengen har det vore naturleg også å vurdere pensjonskostnadene for kvar enkelt kommune. Innføringa av Norsk Regnskapsstandard for Pensjonskostnader (NRSP) har også medverka til at kommunane har blitt meir oppmerksame på den økonomiske rekkjevidda av pensjonsforpliktingane. NRSP har gitt betre oversikt over kva pensjonsforpliktingane faktisk kostar forsikringstakarane, og har gitt større forståing av at pensjonsforpliktingane ikkje er endeleg dekte gjennom innbetaling av årlege premiar til ei kollektiv pensjonsforsikring.

Dei private livsforsikringsselskapene har såleis ønskt å utfordre KLP, som har dominert marknaden når det gjeld kommunale pensjonsordningar. Alle dei store og mellomstore norske livsforsikringsselskapene sende difor meldin-

gar til Kredittilsynet om pensjonsprodukt for kommunal sektor i perioden 1997 - 1999.

### **2.1.7 Særtrekk ved kommunale tenestepensjonsordningar**

Dette avsnittet gir ei oversikt over dei forskjellane mellom private og kommunale pensjonsordningar som fører til spesielt store problem når ein skal vurdere om dei private livsforsikringsselskapa kan tilby full forsikringsmessig dekning av alle pensjonsytingane i ei kommunal ordning. Med utgangspunkt i dei aktuelle særtrekka, og i ljós av produktmeldingane frå dei private forsikringsselskapa, går ein òg nærmare inn på i kor stor grad og korleis livsforsikringsselskapa kan sikre pensjonsytingane innanfor ei kommunal tenestepensjonsordning.<sup>1)</sup>

#### *Bruttoparanti*

Overføringsavtalen og hovudtariffavtalen krev at dei kommunale pensjonsordningane skal vere såkalla bruttoordningar der ein tek utgangspunkt i at medlemmene skal oppnå eit bestemt nivå på dei totale ytingane, inkludert ytingane frå folketrygda. Ytingane frå pensjonsordninga blir definerte som differansen mellom ein bestemt total prosent av pensjonsgrunnlaget og faktiske folketrygdytingar til kvar tid. Reglane for utrekning av ytingane i folketrygda er utforma slik at den eksakte storleiken på ytingane først kan bli fastsett når pensjonstilfellet ligg føre. Når premien til pensjonsordninga blir fastsett, må ein difor gjere seg opp ei meining om kor store folketrygdytingane kan bli.

Dei fleste private tenestepensjonsordningar er såkalla nettoordningar. Også i desse tek ein utgangspunkt i at ein skal oppnå eit bestemt nivå på dei totale ytingane inkludert folketrygda. Ytingane frå pensjonsordninga blir definerte som differansen mellom ein bestemt total prosent av pensjonsgrunnlaget og venta folketrygdytingar til kvar tid.

For å oppnå sikring av bruttoparantien må pensjonen frå pensjonsordninga aukast dersom faktiske folketrygdytingar blir lågare enn venta, og setjast ned dersom faktiske folketrygdytingar blir større enn venta. Eventuell manglende dekning kan ikkje bli garantert av livsforsikringsselskapet, fordi selskapet berre har lov til å utbetale den pensjonen som er forsikringsteknisk dekt. Skal medlemmene i pensjonsordninga sikrast det totale pensjonsnivået i pensjonsplanen, må det ligge føre ein «garanti» frå arbeidsgivaren. Denne «garantien» inneber at ein må betale inn eingangspremie for manglende yttingar, anten frå arbeidsgivar direkte eller ved å belaste premiefondet for ordninga.

Kredittilsynet har uttalt at bruttoparantien i dag ikkje kan bli varig sikra for kommunale føretak i andre livsforsikringsselskap enn KLP. Årsaka til at KLP kan forsikre bruttoparantien, er mellom anna at dette er eit gjensidig forsikringsselskap der det i vedtektena er bestemt at det kan bli innkalla ytterlegare premie, og at dei gjensidige eigarane er kommunane der risikoene for konkurs er svært låg.

<sup>1)</sup> Det er også ein del andre typar risiko som reiser kompliserte spørsmål med omsyn til kva ein kan forsikre, som til dømes uførepensjon ved lågare uføregrad enn 50 prosent, barnepensjon etter fylte 18 år og ektefellepensjon utan ervervsprøving.

Kredittilsynet har lagt til grunn at forsikringsselskapa må sikre seg høve til å krevje ein tilleggspremie i form av ein eingongspremie for å tilfredsstille kravet om bruttogaranti i tariffavtalen. Eingongspremien skal innbetalaast på pensjoneringstidspunktet for dei ytingane som det ikkje er mogleg å fastsetje før forsikringstilfellet ligg føre. Blir den faktiske folketrygda lågare enn den utrekna folketrygda, vil differansen bli dekt av eingongspremien.

Gjennom bruken av eingongspremie blir bruttogarantien forsikringsmessig dekt slik at han kan garanterast av livsforsikringsselskapa i samsvar med krava i forsikringsverksemdeboka.

#### *Sikring av fleksibel alderspensjon*

Medlemmer av kommunale pensjonsordningar har rett til å slutte før nådd pensjonsalder dersom det ikkje er meir enn 3 år igjen til aldersgrensa, og summen av alder og medlemtid er minst 85 år (85-årsreglen). I tillegg kan medlemmer i kommunale tenestepensjonsordningar ta ut anten AFP eller tenestepensjon frå fylte 65 år. Gjennom vedtekten for AFP kan medlemmer i tillegg ha ein rett til å slutte med AFP frå 62 til og med 64 år.

Kredittilsynet har gitt uttrykk for at forsikringsselskap ikkje kan la fleksibel pensjonsalder inngå som eige element i eit forsikringsteknisk grunnlag. Dette kjem av at kvar enkelt medlem i prinsippet sjølv kan bestemme om vedkomande skal nytte høvet til å gå av etter 85-årsregelen og gå av med AFP. Av denne grunn er det ikkje mogleg å fastsetje den årlege premien for pensjonsordninga slik at det er sett av korrekt premiereserve for den enkelte på det tidspunktet vedkomande sluttar.

Dette gjeld også for fellesordninga i KLP, men det går likevel ikkje så klart fram her som i andre selskap, fordi KLP på grunn av sine dispensasjoner frå forsikringsverksemdeboka har høve til å utlikne kostnadene på kollektivet.

#### *Sikring av grunnbeløpregulering for pensjonar under utbetaling og oppsette rettar*

Kommunale tenestepensjonsordningar skil seg også ut frå private tenestepensjonsordningar når det gjeld regulering av pensjonar under utbetaling og oppsette rettar. Når ein blir meld ut av ei kommunal tenestepensjonsordning utan rett til straks begynnande pensjon frå ordninga, får ein ikkje ferda ut ein fripolise basert på oppsamla premiereserve slik som i private pensjonsordningar. Dei som har gått ut, får ein oppsett pensjonsrett som ikkje er å rekne som ein individuell kontrakt. Etter overføringsavtalen (og tariffavtalen) skal oppsette ytingar og pensjonar under utbetaling sikrast ei regulering i takt med grunnbeløpet i folketrygda.

Når ein blir meld ut av ei privat tenestepensjonsordning utan rett til straks begynnande pensjon frå ordninga, blir det skrive ut ein fripolise basert på den oppsamla premiereserven medlemmen har. Fripolisen blir rekna som ein individuell kontrakt, og ei eventuell auking av ytingane er avhengig av det overskotet som blir tildelt kontrakten. Etter gjeldande regelverk kjem regulering av pensjonar under utbetaling an på kva forpliktingar den enkelte arbeidsgivar har påteke seg. I utgangspunktet står arbeidsgivaren fritt med omsyn til om det skal skje ei regulering av pensjonane eller ikkje. Lov om føretakspensjon

gir derimot reglar om regulering av pensjonar under utbetaling ved etablering av overskotsfond for pensjonistar.

Kredittilsynet opplyser at ein er av den oppfatning at det i andre livsforsikringsselskap enn KLP ikkje er mogleg å sikre grunnbeløpreguleringa (G-reguleringa) på annan måte enn ved innbetaling av ein eingongspremie på det tidspunktet reguleringa blir gjort. Tilleggspremien må dekkjast av arbeidsgivaren ved direkte innbetaling eller ved å belaste pensjonsordninga sitt premiefond. På denne måten er det mogleg å sikre at pensjonar under utbetaling og oppsette rettar blir regulerte, såframt forsikringstakaren si verksemde ikkje er avslutta på det tidspunkt reguleringa finn stad. Kravet om dekning av slik tilleggspremie må inngå i forsikringsavtalen slik at arbeidsgivaren forpliktar seg overfor livsforsikringsselskapet til å finansiere reguleringa.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere mogleg for andre livsforsikringsselskap enn KLP, innanfor gjeldande reglar i forsikringsverksemndslova, å sikre varig G-regulering av pensjonar under utbetaling og oppsette rettar før reguleringstillegget er gitt. Dette gjeld reguleringstillegg som overføringsavtalen føreset skal løvvast også etter at eit kommunalt føretak er avvikla.

Kredittilsynet har gitt uttrykk for at livsforsikringsselskapet kan sikre G-reguleringa gjennom at forsikringstakaren betaler inn ein eingongspremie for regulering på det tidspunktet reguleringa finn stad. Eingongspremien blir då ein tilleggspremie i forhold til den ordinære premien for året, på same måte som ved sikring av bruttogarantien.

#### *Krav i hovudtariffavtalen om kjønnsnøytrale premiar*

Hovudtariffavtalen krev at ei tenestepensjonsordning skal vere basert på eit finansieringssystem som er kjønnsnøytralt, og som ikkje verkar utstoytande på eldre tilsette. Det har vore noko uklart kva som ligg i dette kravet.

Premieutrekninga i KLP tek i utgangspunktet omsyn til kjønn og alder hos dei tilsette i kommunane. Fordi KLP har dispensasjon frå forsikringsverksemndslova, kan dei utlikne premiekostnadene innanfor fellesordninga på alle kommunane. Sjølv om den samla premien også i KLP i og for seg er avhengig av alderen på dei tilsette og kjønnsfordelinga, er ikkje premien for kvar enkelt kommune avhengig av kor mange kvinner eller menn som er tilsette, og alderen på dei tilsette. I realiteten inneber dette at kommunar med mange unge og mange mannlige tilsette dekkjer ein del av premien for kommunar med mange eldre og mange kvinnelege tilsette.

Private livsforsikringsselskap har ikkje høve til å utlikne premien mellom fleire pensjonsordningar. Premien blir i desse selskapa fastsett ut frå medlemmene i kvar enkelt pensjonsordning. Premien kan likevel reknast som kjønnsnøytral i den forstand at premien blir utlikna på alle som er omfatta av kvar enkelt ordning, og at premien blir fastsett som ein prosent av eit pensjonsgrunnlag på same måte som i KLP.

Dersom kravet i hovudtariffavtalen blir tolka slik at premien skal vere lik uansett fordelinga av tilsette innanfor kvar enkelt kommunal pensjonsordning, kan ikkje dei private forsikringsselskapet stette eit slikt krav. På grunn av at det blir kravd dispensasjon frå forsikringsverksemndslova, er det berre KLP som har høve til å utlikne premien mellom forsikringstakarane innanfor fellesordninga.

Spørsmålet om korleis ein skal forstå kravet i hovudtariffavtalen på dette området, vil venteleg bli eit tema i Arbeidsrettssak nr. 7/1999 der LO og NKF har stemna Kommunenes Sentralforbund og 11 kommunar som har teikna pensjonsforsikring i private livsforsikringsselskap, for arbeidsretten for tariffbrot. Også forholdet mellom kravet i hovudtariffavtalen til kommunale pensjonar og konkurransereglane i EØS-avtalen artikkel 53 og 54 er tema i saka.

### **2.1.8 Ytterlegare kommentarar om hovudtariffavtalen og overføringsavtalen i eit konkurranseperspektiv**

Våren 1999 gav Kredittilsynet ei rekke kommentarar til produktmeldingane fra fire av livsforsikringsselskapa. Kommentarane gjaldt først og fremst spørsmålet om ulike risikoar kan sikrast ved årleg premie, eller om ein må gjere bruk av eingongspremie slik det går fram av utgreiinga ovanfor.

Alle selskap har tilpassa seg vurderingane fra Kredittilsynet, også KLP, når det gjeld AFP. Alle dei private livsforsikringsselskapa har difor motteke ei stadfesting om at Kredittilsynet ikkje har ytterlegare merknader til produktmeldinga.

Det er lagt til grunn at forsikringsselskapa kan innarbeide krav om eingongspremier i forsikringsavtalane med kommunane for ytingar som ikkje kan dekkjast forsikringsmessig før forsikringstilfellet ligg føre, og at dei såleis langt på veg kan sikre krava til dei kommunale pensjonsordningane etter tariffavtalen og overføringsavtalen. Om dette er tilstrekkeleg for å oppfylle tariffavtalen, er likevel eit anna spørsmål som avtalepartane eller eventuelt domstolane må avgjere. KLP har den fordelen at dei ikkje må gå vegen om eingongspremier (med unntak av AFP). Innanfor KLP har kommunane likevel ei plikt til å betale inn eigenkapitaltilskot, og KLP har rett til å etterutlikne premie på kommunane dersom den årleg innbetalte premien viser seg å ha vore for låg.

Kommunale føretak med kommunale pensjonsordningar i andre livsforsikringsselskap enn KLP, har til no ikkje kunna oppfylle krava i overføringsavtalen, i det dei ikkje kan sikre alle ytingane i pensjonsplanen fordi dei ikkje har høve til å gi ein tilstrekkeleg garanti for dei ytingane som ikkje kan sikrast forsikringsmessig. Visse delar av ytingane må ein sikre på annan måte idet private livsforsikringsselskap ikkje har lov til å garantere ytingar som ikkje er forsikringsmessig dekte. Fordi dei kommunale føretaka kan gå konkurs, kan dei heller ikkje garantere framtidige innbetalingar.

### **2.1.9 Departementet si vurdering av konkurrancesituasjonen i marknaden for kommunale tenestepensjonsforsikringar**

Finansdepartementet har i hovudsak sluttat seg til dei vurderingane Kredittilsynet har gitt uttrykk for, mellom anna i høve til problemstillingane knytt til om dei private livsforsikringsselskapa kan tilby forsikringsmessig dekning av pensjonsytingane i kommunale ordningar. Departementet har vidare merka seg at ny hovudtariffavtale for perioden 2000 - 2002 ikkje stiller krav om at eit pensjonsprodukt er «tatt til etterretning» i Kredittilsynet ved skifte av forsikringsselskap eller pensjonskasse. Denne endringa synest å ivareta dei innvendingar som Konkurransestilsynet og Kredittilsynet har presentert i høve til hovudtariffavtalen som gjekk ut 30. april 2000.

På generelt grunnlag legg departementet stor vekt på at det skal vere tilstrekkeleg konkurranse innanfor alle delar av forsikringsmarknaden, og at det bør sikrast ein vel fungerande marknad også for kommunale tenestepensjonsordningar, samtidig som ein tek omsyn til hovudtariffavtalen. Behovet for eventuelle tiltak vil bli nærmere vurdert, mellom anna på grunnlag av Overføringsavtaleutvalet si innstilling. Ein søker på denne måten å sikre eit best mogleg informasjonsgrunnlag for å vurdere korleis marknaden for kommunale pensjonsordningar verkar.

## **2.2 Om Konkurranseflateutvalet**

---

### **2.2.1 Innleiing**

Ved kongeleg resolusjon 18. juni 1999 blei det oppnemnt eit utval som skulle kartleggje konkurransekrafa i den norske finanssektoren. Bakgrunnen for oppnemninga var mellom anna dei raske endringane som skjer i finansnæringa internasjonalt. Utvalet blei sett saman av representantar frå myndighetene, ulike sentrale institusjonar og organisasjonar, og dessutan enkelte frittståande representantar. Leiar for utvalet var professor Einar Hope, og innstillinga, NOU 2000: 9, blei avgitt til Finansdepartementet 28. mars 2000. Ein nærmare omtale av NOU 2000: 9 er gitt i Revidert nasjonalbudsjett 2000, St.meld. nr. 2 (1999 - 2000).

I Stortinget si innstilling til Revidert nasjonalbudsjett 2000, Budsjett-innst. S. II (1999 - 2000), heiter det under punktet knytt til omtalen av Konkurranseflateutvalet mellom anna:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil understreke betydningen av at arbeidet med oppfølgingen av kommisjonens tilrådinger skjer så raskt som mulig, både når det gjelder de spørsmål som krever nærmere utredninger og de spørsmål som kan følges opp som en del av forvaltingens arbeid.

Disse medlemmer ber derfor Regjeringen gi høyeste prioritet til arbeidet med oppfølging av Konkurranseflateutvalgets rapport. Det bør løpende gjennomføres endringer på de områder dette er mulig, og utredningsarbeid der dette er nødvendig bør legges opp slik at dette ikke tar lenger tid enn høyst nødvendig.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

Stortinget ber Regjeringen senest i Nasjonalbudsjettet for 2001 legge frem en redegjørelse over hvilke regelendringer som er gjennomført som følge av Konkurranseflateutvalgets rapport, sammen med en redegjørelse for videre fremdrift for de spørsmål som krever nærmere utredning.»

Jf. òg Innst. S. nr. 220 (1999 - 2000) «Innstilling fra finanskomiteen om opprioteringer og tilleggsbevilgninger på statsbudsjettet 2000», tilråding XXXXIX og anmodningsvedtak nr. 539-XLIX.

### **2.2.2 Nærare om oppfølginga av Konkurranseflateutvalet**

Eit velfungerande og effektivt finansvesen er viktig for å realisere overordna mål om velferd og verdiskaping. For myndighetene er det ei oppgåve å skape rammevilkår som motiverer institusjonane til å innrette seg slik at dette målet

blir nådd. Det er likevel institusjonane sjølve som har ansvaret for å tilpasse seg slik at dei oppnår lønsam og konkurransedyktig drift.

Den samla politikken på finansmarknadsområdet inneholder fleire element. Myndighetene har ei rolle som konsesjonsgivar, og trekker opp retningslinjene for konsesjonspolitikken. Ved handsaminga av konsesjonssaker blir det lagt stor vekt på omsynet til soliditet og konkurranse. Vidare har staten eigarinteresser i DnB og Kreditkassen. Retningslinjene for eigarskapspolitikken er omtala i St.meld. nr. 38 (1999 - 2000) og Innst. S. nr. 245 (1999 - 2000). Staten legg òg næringspolitiske rammer, mellom anna gjennom lovgivinga som er viktig for næringa.

Den raske utviklinga på finansmarknaden, både i Noreg og internasjonalt, stiller i første rekke krav til finansinstitusjonane, men òg til dei rammevilkår myndighetene trekker opp. Arbeidet med oppfølginga av Konkurranseflateutvalet si innstilling er gitt høg prioritet i departementet. Departementet legg stor vekt på at regelverket må vurderast som ein heilskap for å få sett finansnæringa sine rammevilkår og konkurranseposisjon i samanheng. Konkurranseflateutvalet har peika på område knytte til finansmarknaden som må vurderast nærmere, men hadde ikkje som mandat å kome med konkrete forslag. I oppfølginga av utvalet si innstilling vil ein gjere dette på ein slik måte at ein oppnår eit mest mogleg heilskapleg regelverk.

Departementet legg vekt på ei rask oppfølging av utvalet si innstilling. Som varsla i Revidert nasjonalbudsjett 2000 vil det skje ei todelt oppfølging av innstillinga. Nokre spørsmål om konkurransekrafta i norsk finanssektor skal følgjast opp som ein del av arbeidet i forvaltinga. Det er også sett i verk ei modernisering av verksemdsreguleringa for livsforsikringsnæringa. Dette er ei kompleks problemstilling som krev ein breiare lovgjennomgang, og vil omfatte fleire av dei forholda Konkurranseflateutvalet tok opp. Departementet gav 13. juli 2000 eit lovgivingsoppdrag til Banklovkommisjonen. I mandatet heiter det:

«Konkurranseflateutvalget har i NOU 2000:9 utredet en rekke spørsmål knyttet til norsk finanssektors internasjonale konkurransekraft. Utvalget påpekta i sin utredning en del fordeler og ulemper som norsk finansnæring har, sammenliknet med utenlandske aktører. Utvalget har generelt ikke foretatt så omfattende gjennomgåelse av de ulike forhold som enkeltvis eller samlet sett kan skape konkurranseulemper, at det har gitt grunnlag for å komme med konkrete regelverksforslag. Dette var i samsvar med utvalgets mandat. Utvalget har gitt generelle anbefalinger om at visse forhold bør utredes nærmere, og at dette arbeidet gis høy prioritet med sikte på at norske aktører skal ha tilsvarende konkurransevilkår som utenlandske aktører har på finansmarkedet.

Finansdepartementet legger til grunn at det er behov for å foreta de gjennomgåelser av regelverket for finansinstitusjonene som konkurranseflateutvalget anbefaler. Departementet ber kommisjonen foreta en slik gjennomgang, samt å fremsette forslag til regelverksendringer i tråd med konklusjonene som Banklovkommisjonen kommer til i gjennomgåelsen. Forslagene må ivareta hensynet både til konkurranse, soliditet og forbrukervern.

Et område konkurranseflateutvalget særskilt peker på, er reguleringen av livsforsikringsvirksomhet. Utvalget viser til at den samlede reguleringen av livsforsikringsvirksomhet er bygget på en rekke enkelt-

reguleringer som er blitt til over tid og som samvirker med hverandre på ulike måter. Gjeldende regelverk har etter utvalgets syn etterhvert blitt omfattende og til dels uoversiktig, og oppfølgingen av regelverket legger beslag på store ressurser.

Finansdepartementet legger til grunn at det er behov for å foreta en bred gjennomgang av regelverket for livsforsikring. Formålet med en slik gjennomgang må være å etablere et tidsmessig, helhetlig regelverk for å sikre norske selskapers rammevilkår for å møte et større innslag av internasjonal konkurranse, og for å gi grunnlag for effektiv drift og et best mulig tilbud til kundene. I gjennomgangen må det også sees hen til de parallelle behov for revisjon av regelverket for annen forsikringsvirksomhet som gjennomgangen måtte vise. Forholdet mellom offentligrettlig regulering og kontraktsregulering bør gjennomgås. I den utstrekning det er mulig og hensiktsmessig bør reguleringsforslaget kunne sammenlignes med hovedtrekk i gjeldende rammeregler i land det er naturlig å sammenligne seg med. Forholdet til den nye lovgivningen om foretakspensjon og innskuddspensjon må gjennomgås. Av hensynet bl.a. til et enhetlig regelverk må det legges vekt på å gjøre det mulig å konvertere eksisterende kontraktsmasse over til nytt regelverk.

Det skal legges vekt på å utarbeide et regelverk for livsforsikring som gir incentiver til en effektiv drift med god lønnsomhet og soliditet, som sikrer en klar fordeling av risiko og avkastning mellom kunder og eiere, gir muligheter til å utvikle nye produkter som kundene etterspør og som ivaretar viktige kundehensyn, herunder kontoføring og flytterett.

Finansdepartementet viser til at Banklovkommisjonen etter sitt mandat kan etter behov knytte til seg eksterne eksperter og/eller gjøre bruk av referansegrupper e.l., og departementet antar at det vil kunne være hensiktsmessig å gjøre bruk av slike muligheter under arbeidet. Dette forutsettes i tilfellet gjort i samråd med departementet.

Det bes om at Banklovkommisjonen oversender vurderinger og forslag i samsvar med ovenstående senest innen utgangen av første halvår 2001, og at forslagene inngår som en integrert del av Banklovkommisjonens samlede forslag i sjette utredning.»

På enkelte område er det allereie gjennomført tiltak. Fleire av desse peika Konkuranseflateutvalet òg på i si innstilling. Finansdepartementet fastsette forskrift 12. mai 2000 nr. 436 om endring av forskrift 25. mars 1991 nr. 214 «Om anvendelse av kapitaldekningsregler på konsolidert basis mv». Endringa er omtala i Revidert nasjonalbudsjett 2000, der det mellom anna heiter:

«Endringen går ut på at det ved anvendelse av kapitaldekningsreglene på konsolidert basis skal skilles mellom eiendeler i andre finansinstitusjoner som eies av forsikringsselskap i konsernet og eiendeler som eies av andre finansinstitusjoner i konsernet. En slik endring vil sikre likebehandling når det gjelder forsikringsselskaper i og utenfor konsern, uavhengig av hvordan konsernet er organisert. De lempeligere krav til forsikringsselskapers krysseie, som tidligere er foretatt, og den endringen som nå er foretatt, innebærer at faren for konkurransesigje ulemper for norske forsikringsselskaper, som følge av krysseiebestemmelsene, er betydelig redusert.»

Departementet har i brev til Kredittilsynet av 21. juni 2000 bedt tilsynet mellom anna vurdere om ein bør halde fram med krav om 100 prosent vekting av

bustadlån mellom 60 og 80 prosent av verdigrunnlaget. I brevet heiter det mellom anna:

«Departementet viser videre til St. meld. nr. 2 (1997 - 98) (Revidert nasjonalbudsjett 1998) side 109, hvor det heter:

'Som et bidrag til å sikre finansinstitusjonenes soliditet i en periode med høy utlånsvekst, særlig i bankene, har Finansdepartementet besluttet å redusere omfanget av den særlege begunstigelsen som kapitaldekningssregelverket for finansinstitusjoner gir for boliglån, gjennom å senke grensen for halv risikovekting av boliglån fra 80 pst. til 60 pst. av forsvarlig verdigrunnlag. Departementet har videre besluttet å gi Kredittilsynet retningslinjer for en innstramming i vilkårene for godkjenning av ny tidsbegrenset ansvarlig lånekapital, som i hovedsak ikke bør gis dersom kjernekapitaldekningen er under 7 pst.'

Departementet ber Kredittilsynet vurdere om en fortsatt bør opprettholde krav om 100 pst. vekting av boliglån mellom 60 og 80 pst. av verdigrunnlaget. En ber også om en vurdering av vilkårene for godkjenning av ny tidsbegrenset ansvarlig lånekapital.

De konkurransemessige sider av evt. regelendringer må være med i vurderingen.»

I Kredittilsynet sitt brev til Finansdepartementet av 31.08.2000 går det fram at tilsynet tilrår departementet at:

«Det bør fortsatt være en hovedregel at institusjoners adgang til å benytte tidsbegrenset ansvarlig lånekapital for å dekke det generelle kapitalkravet på 8 prosent, bør være betinget av en kjernekapital på omlag 7 prosent. Det bør imidlertid vurderes om retningslinjene for å kunne akseptere en kjernekapital i underkant av 7 prosent bør utføres slik at det er noe større forskjell mellom det strenge krav (7 prosent) som gjelder for finansinstitusjoner med vanlig risiko og minimumskravet som vil gjelde for finansinstitusjoner med en særlig lav risiko som følge av en særlig godt sikret eller styrt låneporfølje. Dersom Finansdepartementet er enig, vil Kredittilsynet endre praksis slik at 6 prosent kjernekapital settes som et absolutt minimumskrav, og der det skjønnsmessig settes et krav mellom 6 prosent og 7 prosent for institusjoner med vesentlig lavere risiko enn gjennomsnittet. Større differensiering vil være i samsvar med intensjonene for pillar II i forslaget til nytt kapitaldekningssregelverk fra Baselkomiteen. Retningslinjene bør uansett gjennomgås på nytt når nye regler for kapitaldekning settes i verk fra Baselkomiteen og EUs side, ventelig i 2003.

De særlige krav om 100 prosent risikovekt for boliglån mellom 60 og 80 prosent bør etter hvert falle bort, slik at det norske regelverket harmoniseres med det som gjelder i de fleste andre land. På grunn av den sterke veksten i boligpriser og den sterke kreditveksten, er det imidlertid ikke nå forsvarlig å fjerne kravet. Bestemmelsene vurderes på nytt i 2001 i lys av utviklingen i boligpriser og kreditvekst.»

Departementet sluttar seg i hovudsak til Kredittilsynet sine vurderinger. Saka er til vidare behandling i departementet, og vil sendast på høring på ordinær måte.

Finansdepartementet fastsette 16. juni 2000 endringar i forskrift 19. februar 1993 nr. 117 «Om pensjonskasser og pensjonsfond». Dette inneber ei innføring av meldeplicht for pensjonskassene sine vedtektsendringar som erstatning for og forenkling av tidlegare prosedyre med godkjenning av Kredittilsynet. Vedtekten til nye pensjonskasser skal framleis godkjennast av til-

synet. Vidare blir det stilt krav om at vedtekter og vedtektsendringar skal følgjast av erklæring både frå advokat og ansvarleg aktuar når dei blir sende inn til Kredittilsynet.

### **3 Regelverksutvikling og forvaltingssaker på finansmarknadsområdet**

#### **3.1 Regelverksutvikling på finansmarknadsområdet**

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei viktigaste endringane i regelverket på finansmarknadsområdet for 1999, og dessutan ei oversikt over sentrale forvaltingssaker for same år. Omtalen er i hovudsak avgrensa til 1999, men enkelte stader har ein ført framstillinga fram utover årsskiftet. Kredittmeldinga 1998 inneheld òg ei framstilling som på enkelte punkt omfattar endringar i 1999. Enkelte av desse sakene blir kort omtala på ny her. Ein viser elles til Kredittmeldinga 1998 kapittel 3.

##### **3.1.1 Bank- og finansieringsverksemد**

Finansdepartementet fastsette 9. februar 1999 ei ny forskrift om grunnfondsbevis i sparebankar, jf. forskrift 9. februar 1999 nr. 202 «Om grunnfondsbevis i sparebanker». Gjeldande forskrift blei oppheva. Endringane i høve til den tidlegare forskrifta var i det vesentlege knytte til endringar i aksjelova. Finansdepartementet fastsette 10. januar 2000 endringar i grunnfondsbevisforskrifta som følgje av nye reglar om rekneskap.

Finansdepartementet fremma 26. mars 1999 Ot.prp. nr. 45 (1998 - 99) «Om lov om endringer i lov om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (selveiende institusjoners adgang til å danne finanskonsern mv)». Stortinget vedtok lovendringa slik at ein sparebank og eit gjensidig forsikringsselskap kan avtale seg imellom å skipe ei konserngruppe ved at føretaka har eitt felles styre (konsernstyre). Lovendringa blei sanksjonert og sett i kraft 4. juni 1999. Konsernstyret skal stå for forvaltinga av dei føretaka som inngår i konserngruppen. Paragrafen inneheld nærmere føresegner om korleis konsernstyret skal vere samansett, og om kompetansen til styret. Dernest er det fastsett føresegner for verksemdstyre i sparebanken og det gjensidige forsikringsselskapet som inngår i konserngruppen. Departementet kan i forskrift gi nærmere føresegner som fyller ut desse reglane. Paragrafen blei teken inn som § 2a-16 i lova, men er seinare endra til § 2a-17.

Finansdepartementet fastsette 10. mai 1999 endringar i forskrift 1. juni 1990 nr. 435 «Om beregning av ansvarlig kapital for finansinstitusjoner, oppgjørssentraler og verdipapirforetak». Endringane innebar ei oppmjuking av frådragsreglane for krysseige for livsforsikringsselskap, jf. forskrifta § 7 tredje delen bokstav f). Forsikringsselskap som sel livsforsikring med investeringsval, er fritekne frå føresegndene i § 7 tredje delen bokstav e) og f) om det ikkje er gitt avkastningsgaranti. Finansdepartementet fastsette 11. januar 2000 endringar i same forskrift som følgje av nye rekneskapsreglar.

Finansdepartementet fastsette 10. mai 1999 endringar i forskrift 25. mars 1991 nr. 214 «Om anvendelse av kapitaldekningsregler på konsolidert basis mv», som tek sikte på å avklare kapitalkravet for blanda konsern der morselskapet er eit forsikringsselskap. Finansdepartementet fastsette forskrift 12.

mai 2000 nr. 436 «Om endring av forskrift 25. mars 1991 nr. 214 om anvendelse av kapitaldekningsregler på konsolidert basis mv». Endringa sikrar at dei endra krava knytte til krysseige blant forsikringsselskap, som blei innførte ved forskriftsendring 10. mai 1999, får like mykje å seie for forsikringsselskap i og utanfor konsern. Endringa er omtala under punkt 2.2.2 i denne meldinga og i Revidert nasjonalbudsjett 2000.

Finansdepartementet la 20. august 1999 fram Ot.prp. nr. 96 (1998 - 99) «Om lov om betalingssystemer m.v». Lova, som blei sanksjonert 17. desember 1999 og tok til å gjelde 4. april 2000, regulerer system for avrekning, oppgjer og overføring av betalingar mellom kredittinstitusjonar (interbanksystem). Lova regulerer også system for betalingar frå eller mellom kundekonti i bankar og finansieringsføretak (system for betalingstenester). I tillegg er det gitt reglar om rettsvern og tryggleik for avreknings- og oppgjersavtalar i interbanksystem og verdipapiroppgjersystem.

Finansdepartementet fremma 29. oktober 1999 Ot.prp. nr. 9 (1999 - 2000) «Om lov om endringer i lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (eierbegrensningsregler og holdingmodell)». Stortinget vedtok lovforslaget som så blei sanksjonert og sett i kraft 17. desember 1999. Den nye føresegna gir generalforsamlinga i morselskap i finanskonsern moglegheit til, med fleirtal som for vedtektsendring, å vedta at konsernet skal organiserast med eit holdingselskap som morselskap. Etter føresegna vil generalforsamlinga sitt vedtak om omdanning til ein holdingmodell innebere at aksjar i det operative (tidlegare) morselskapet blir bytte om i aksjar i eit nyopprettet holdingselskap.

Det blei i Ot.prp. nr. 9 (1999 - 2000) òg foreslått å gi unnatak frå den generelle eigaravgrensingsregelen på 10 prosent for finansinstitusjonar, slik at det kan givast løyve til at andre finansinstitusjonar i samband med strategiske samarbeidsavtalar, kan eige inntil 25 prosent i ein norsk finansinstitusjon. Stortinget vedtok lovforslaget, som så blei sanksjonert og sett i kraft 17. desember 1999.

Finansdepartementet fastsette forskrift 17. desember 1999 nr. 1358 «Om organisering av finanskonsern etter etablering av morselskap», i medhald av finansieringsverksemndslova § 2a-16. Det heiter mellom anna at det kan ytast kredit ved overføring av aksjar i konsernselskap til morselskapet.

### **3.1.2 Forsikringsverksemd og pensjonsordningar**

Finansdepartementet fremma Ot.prp. nr. 47 (1998 - 99) «Lov om foretakspensjon» i statsråd 9. april 1999. Propositionen byggjer på NOU 1998: 1 «Utkast til lov om foretakspensjon» og høyringa til denne, og forslaget til lov om foretakspensjon er dermed i stor utstrekning ei oppfølging av Stortingets retningslinjer ved handsaminga av Velferdsmeldinga, jf. St.meld. nr. 35 (1994 - 95). Lova blei vedteken av Stortinget 24. mars 2000, med visse endringar i høve til framlegget frå Regjeringa, og tek til å gjelde frå 1. januar 2001, jf. kongeleg resolusjon av 25. august 2000.

Lova, som regulerer yttingsbaserte kollektive tenestepensjonsordningar med skattefavorisering for tilsette i skattepliktige føretak, vil etter ein overgangsperiode avløyse reglar om tenestepensjonar fastsette i forskrift frå 1968 og utfyllande forskrift frå 1969. Yttingsbaserte pensjonsordningar som føre-

takspensjon er pensjonar som i hovudsak blir finansierte av arbeidsgivaren, og som kjem i tillegg til ytingar frå folketrygda. Arbeidsgivaren får inntektsfrådrag for premiar og tilskot til ordninga. Ordningane må vere organiserte gjennom forsikringsselskap eller pensjonskasse. Kjenneteikn ved dei yttingsbaserte pensjonsordningane er at pensjonsinnretninga garanterer ytinga, og at denne, saman med ytingar frå folketrygda, skal utgjere ein fastsett del av den tidlegare løna. Vidare blir det stilt krav til at pensjonsytingane samla, det vil seie føretakspensjonen og pensjonen frå folketrygden, ikkje skal utgjere ein høgre del av pensjonsgrunnlaget for arbeidstakarar med høg løn enn dei utgjer for arbeidstakarar med lågare løn. Lova gjer lineær opptening obligatorisk.

Ved kongeleg resolusjon 5. mars 1999 oppnemnde regjeringa eit offentleg utval leidd av professor Erling Selvig. Dette utvalet hadde som mandat å utarbeide forslag til lovverk om innskotsbasert tenestepensjon i arbeidsforhold. Arbeidet skulle mellom anna byggje på dei retningslinjene for utforminga av slike ordningar som var gitt i Nasjonalbudsjettet 1999. Sentrale, felles hovudretningslinjer for tenestepensjonsordninga som er lagt til grunn i forslaget til lov om føretakspensjon, skulle òg bli lagt til grunn i arbeidet med innskotsbaserte ordningar. Utvalet gav 3. november 1999 si innstilling med tittelen «Utkast til lov om innskuddspensjon i arbeidsforhold», til Finansdepartementet, jf. NOU 1999: 32. Departementet sende utkastet på høyring same dag.

Finansdepartementet fremma 16. juni 2000 Ot.prp. nr. 71 (1999 - 2000) «Om lov om innskuddspensjon i arbeidsforhold». Proposisjonen byggjer på NOU 1999: 32 og høyringa av denne. I ei innskottspensjonsordning skal arbeidsgjevaren kvart år setje av eit spesifisert beløp til alderspensjon for sine tilsette. Føretaket kan fastsetje desse innskota innanfor visse rammer. Innskota skal vere forvalta av ein institusjon fram til pensjonsalder, og endeleg pensjon er avhengig av summen av innskot gjennom det yrkesaktive livet til medlemmen, og den faste avkastninga som er oppnådd på denne pensjonskapitalen. Den endelege pensjonen frå ordninga er difor ikkje kjend på førehand, som følgje av at avkastninga er uviss. Det er intensjonen at innskottspensjon innanfor dei rammene som er foreslått, skal kunne gi ytingar av om lag same storleik som føretakspensjon, og at hovudprinsippa om at pensjonsytingane ikkje skal utgjere ein høgare del av pensjonsgrunnlaget for arbeidstakarar med høg løn enn dei utgjer for arbeidstakarar med lågare løn, skal takast omsyn til. Forsikringsselskap, pensjonskasser, bankar og forvaltingsselskap for verdipapirfond skal kunne tilby innskottspensjon.

Ei arbeidsgruppe som blei leidd av professor Erling Selvig, gav ein rapport til Finansdepartementet 23. mai 2000, kalla «Årlig kjøp av ferdig betalt alderspensjon - Innskuddssikret føretakspensjon», jf. NOU 2000: 13. Arbeidsgruppa foreslår regler for investeringsval i yttingsbaserte føretakspensjonsordningar. Rapporten inneholder dessutan utkast til lovreglar om årleg kjøp av ferdig betalt alderspensjon i pensjonsordning oppretta etter lov om føretakspensjon. Ei slik ordning inneber at den årlege premien til føretaket blir fastlagd på førehand, mens pensjonen til dei tilsette er avhengig av innskota og avkastninga på desse. Rapporten blei send på høyring med frist 1. august 2000. Saka er til vidare behandling i departementet.

Kredittilsynet fastsette forskrift 2. august 1999 nr. 878 «Om lokalisering av eiendeler som skal dekke forsikringsmessige avsetninger».

Finansdepartementet fastsette forskrift 12. august 1999 nr. 889 «Om endring av forskrift 19. februar 1993 nr. 117 om forsikringsvirksomhetslovens anvendelse på pensjonskasser og pensjonsfond». Endringa opna for at pensjonskasser òg for skatteåra 1999 og 2000 kan gjennomføre tilleggsavsetningar i forsikringsfondet etter reglar som svarar til dei som gjeld for livsforsikringsselskap i medhald av forsikringsverksemndslova § 8-2.

Kredittilsynet gjorde i 1998 ei vurdering av om andre livsforsikringsselskap enn KLP kan tilby kommunale pensjonsordningar som tilfredsstiller krava til tilslutning til «Overføringsavtalen». Spesielle problemområde i kommunale pensjonsordningar er pensjonsalderreglane, bruttogarantien og G-regulering av oppsette ytingar og pensjonar under utbetaling. Kredittilsynet legg til grunn at det må vere forsikringsteknisk dekning for ytingane frå pensjonsordninga, og at det ikkje er høve for livsforsikringsselskapa til å gi garantiar eller anna form for sikring av ytingar som ikkje er forsikringsbare, eller ytingar/krav som det ikkje er mogleg å leggje inn føresetnader om i premiefastsetjinga etter forsikringstekniske prinsipp. Kredittilsynet har konkludert med at det er mogleg å etablere kommunale pensjonsordningar i andre livsforsikringsselskap enn KLP som tilfredsstiller krava i Overføringsavtalen (og tariffavtalen). Jf. òg omtale under punkt 2.1 i denne meldinga.

Kredittilsynet har i løpet av 1999 sluttført gjennomgangen av meldingar frå fire livselskap om pensjonsforsikring for kommunalt tilsette, med basis mellom anna i den vurderinga som er referert ovanfor. I hovudtariffavtalen for kommunal sektor var det før 30. april 2000 ein føresetnad at produktløysingane til dei respektive selskapa skal vere «tatt til etterretning» av Kredittilsynet før tilbodet deira kan bli godteke av kommunane. Det har difor vore naudsnyt med ein verifikasjon av produkta frå Kredittilsynet si side, sjølv om uttrykket «tatt til etterretning» i seg sjølv ikkje er reflektert i meldepliktforskrifta. Produktløysingar til dei nemnde fire selskapa innanfor communal tenestepensjon er no operative.

Kredittilsynet arbeider for tida med revisjon av standardvedtekten for kommunale pensjonskasser. Dette har bakgrunn i endra krav til pensjonsordningane i tariffavtalen i kommunal sektor, framlegg til nye reglar i lov om Statens Pensjonskasse og endringar i samordningslova. Vidare er det innanfor kommunal sektor, spesielt innanfor kraftsektoren, gjort omfattande organisatoriske/selskapsmessige endringar. Det måtte difor gjerast ei vurdering av reglane i standardvedtekten i relasjon til dei krava som må vere oppfylte for konsernliknande organisasjonar. Omlegginga av skattetilhøva innanfor kraftsektoren medfører òg behov for å tilpasse kraftverka sine pensjonsordningar til forskrift av 28. juni 1968 om private tenestepensjonsordningar etter skattelova. Desse forholda har reist fleire prinsipielle problemstillingar. Ein reknar med at arbeidet vil vere sluttført i løpet av 2000. Kredittilsynet arbeider òg med revisjon av standardvedtekten for private pensjonskasser. Det er den nye lova om føretakspensjon som har gjort ein slik revisjon naudsnyt. Dette arbeidet vil òg venteleg vere sluttført i løpet av 2000.

### 3.1.3 Verdipapirhandel

Finansdepartementet fastsette 20. januar 1999 forskrift nr. 26 «Om verdipapirforetaks plikt til å gi melding til børsen om handel i ikke-børsnoterte opsjoner og terminer som gjelder kjøp eller salg av finansielle instrumenter børsnotert i Norge».

Ved lov av 21. mai 1999 nr. 28 om endringar i verdipapirhandellova blei reglane om eigenhandel blant tilsette endra ved at tilsette i finansinstitusjonar og liknande fekk avgrensa tilgang til å føreta handel i finansielle instrument for eiga rekning. Endringane tok til å gjelde 1. september 1999. Dei nye reglane er samla i verdipapirhandellova kapittel 2a. Arbeidet resulterte i ei ny forskrift for rapportering av eigenhandel blant tilsette. Kredittilsynet fastsette forskrift 20. oktober 1999 nr. 1096 «Om rapportering av ansattes og tillitsvalgtes egenhandel med finansielle instrumenter». Etter dei nye reglane skal ein del tilsette og tillitsvalde rapportere månadleg handel for eiga rekning. Meir om bakgrunnen for lovendringa står i Kredittmeldinga 1997.

Varederivatutvalet, som blei nedsett i september 1998, gav si utgreiing til Finansdepartementet 28. september 1999 i form av NOU 1999: 29 «Varederivater». Utvalet har kartlagt handel med varederivat i Noreg. Ei av hovudoppgåvene har vore å vurdere om ein treng offentleg regulering av handel i varederivat og oppgjersverksemd i samband med slik handel, og å lage konkrete forslag til regelverk. Utvalet konkluderer med at varederivatverksemd bør bli gjenstand for regulering og lagt under offentleg tilsyn. Kredittilsynet er foreslått som tilsynsorgan.

Verdipapirsentrallovutvalet blei nedsett i desember 1998. Utvalet har mellom anna vurdert moglege strukturendringar som følgje av EØS-avtalen, den teknologiske utviklinga og problemstillingar knytte til internasjonal konkurranse. Utvalet har no gitt ei innstilling i NOU 2000: 10 «Lov om registrering av finansielle instrumenter». Mellom anna foreslår utvalet å gjere om VPS til aksjeselskap. Innstillinga er send på høyring med frist 23. september 2000. Saka er til behandling i departementet.

Børslovutvalet, som leverte NOU 1999: 3 «Organisering av børvirksomhet m.m.», fekk ein nærmare omtale i Kredittmeldinga 1998. I utgreiinga var det mellom anna forslag om at børsar og regulerte marknader for verdipapir skulle leggjast under tilsyn av Kredittilsynet. Finansdepartementet fremma forslag til ny børslov i Ot.prp. nr. 73 (1999 - 2000) i statsråd 16. juni 2000. Børsar og andre marknadspllassar for finansielle instrument står framfor viktige internasjonale utfordringar som følgje av mellom anna auka økonomisk integrasjon og teknologisk utvikling. Lovforslaget er utforma med tanke på at norske marknadspllassar skal kunne delta på ein tenleg måte i dei strukturendringar som må ventast å gjere seg gjeldande. Lovforslaget opnar for større grad av konkurranse mellom marknadspllassane. Det er også foreslått ein heimel for departementet til å gi føresegner om at børslova heilt eller delvis skal gjera gjeldande for føretak som driv eller organiserer ein marknad for varederivat. Det er i same proposisjon også foreslått endringar i ein skilde andre lover som følgje av forslaget til ny børslov, mellom anna i verdipapirhandellova og kredittilsynslova.

Kredittilsynet fremma forskrift 23. november 1999 nr. 1183 «Om endring i regelverk for handel med derivatkontrakter ved Oslo Børs og clearing av handel med derivatkontrakter i Norsk Opgjørssentral ASA».

Finansdepartementet fremma 25. februar 2000 forslag om lov om endringer i verdipapirfondlova, jf. Ot.prp. nr. 30 (1999 - 2000). Lova blei vedteken av Stortinget 25. mai 2000 og sanksjonert 16. juni 2000. Endringa i verdipapirfondlova, som tok til å gjelde frå 1. juli 2000, opnar for etablering av såkalla ideelle verdipapirfond. Høve til å dele ut midlar frå slike ideelle verdipapirfond til andre enn deleigarane er avgrensa til utdeling til frivillige organisasjonar med eit nasjonalt omfang som må reknast for å ha eit breitt allmennyttig formål. Den nærmere avgrensinga av kva for organisasjonar som er aktuelle, er knytt opp mot frivillige organisasjonar som nemnt i skattelova § 6-50 første ledd. Det er ikkje sett noka øvre eller nedre grense for kor stor del av fondsmidlane som kan delast ut til ideelle formål, men det blir stilt krav om at det må givast næraare opplysningar om utdeling av midlar til ideelle formål i prospekta og vedtekten for fondet.

I løpet av 1998 gjekk Kredittilsynet gjennom lov om verdipapirfond på grunnlag av dei erfaringar ein har hatt sidan innarbeidninga av UCITS-direktivet i 1993. Samstundes var dette ein gjennomgang som var naudsynt i lys av endringar i verdipapirhandellova. På denne bakgrunn gjorde Kredittilsynet framlegg til endringar i verdipapirfondlova. Etter at forslaget har vore på høyring, er saka til behandling i departementet.

Kredittilsynet la i 1999 stor vekt på å følgje opp forbodet mot innsidehandel. Eit framlegg til endringar i innsidereglane i verdipapirhandellova blei oversendt frå Kredittilsynet til Finansdepartementet i januar 2000.

### **3.1.4 Anna regelverk**

Kredittilsynet fastsette 8. februar 1999 forskrift «Om autorisasjon av regnskapsførere mv». Forskrifta inneheld mest presiseringar og forenklingar. Endringane har mellom anna sin bakgrunn i at Kredittilsynet fekk ansvaret for forvaltning og tilsyn med rekneskapsførarar frå 1. januar 1999.

Finansdepartementet fremma 26. mars 1999 Ot.prp. nr. 43 (1998 - 99) «Om forslag til lov om endringer i regnskapsloven mv». Endringa blei vedteken av Stortinget 10. juni 1999. Lova blei sanksjonert 18. juni 1999, og trådte i kraft dels same dag og dels 1. oktober 1999.

Finansdepartementet la den 11. desember 1998 fram Ot.prp. nr. 24 (1998 - 99) «Om lov om endringer i eiendomsmeglingsloven mv». Lova blei vedteken 23. april 1999, og tok til å gjelde 1. januar 2000. Gjennom lovendringa blei det innført krav om at eigedomsmeklarføretak skal vere suffisiente, dvs. ha positiv eigenkapital. Nytt er òg at bustadbyggjelag som medverkar ved omsetjing av andelar i tilknytte burettslag, skal følgje saksbehandlingsreglane i lov om eigedomsmekling og vere under tilsyn av Kredittilsynet. Dei såkalla «reine oppgjersoppdrag» blir etter lovendringa rekna som eigedomsmekling, sjølv om kjøpar og seljar har funne kvarandre på eige hand. Det er òg vedteke reglar om godkjenning av utanlandsk eigedomsmeklarutdanning og praksis (EØS-tilpassing).

Finansdepartementet fastsette forskrift 6. mai 1999 nr. 544 «Om regnskapssystemer, dokumentasjon, registrering og oppbevaring av regnskaps-

opplysninger». Forskrifta gir utfyllande reglar til rekneskapslova kapittel 2, og fastset særskilde reglar for enkelte bransjar. Forskrifta trådte i kraft 1. juli 1999. Av § 9-2 i rekneskapslova følgjer det likevel at fram til 1. januar 2001 kan rekneskapspliktige velje å nytta reglane om registrering og dokumentasjon av rekneskapsinformasjon (bokføring) i rekneskapslova av 1977 med forskrifter, i staden for reglane i rekneskapslova kapittel 2. Da det er behov for noko meir tid til å førebu innføringa av nytt lovverk, kjem likevel departementet til å foreslå at overgangsperioden for rekneskapslova kapittel 2 med forskrifter blir forlenga eitt år.

Finansdepartementet fastsette i 1999 følgjande forskrifter i medhald av den nye rekneskapslova som tok til å gjelde ved årsskiftet 1998/99:

- Forskrift 28. mai 1999 nr 654 «Om årsregnskap m.m. for verdipapirfond»
- Forskrift 28. mai 1999 nr 655 «Om årsregnskap m.m. for inkassovirksomhet»
- Forskrift 5. juli 1999 nr 795 «Om årsregnskap m.m. for pensjonskasser»
- Forskrift 23. august 1999 nr 957 «Om årsregnskap m.m. for verdipapirforetak»
- Forskrift 14. oktober 1999 nr 1084 «Om årsregnskap m.m. for eiendomsmeglere»

Kredittilsynet vedtok forskrift 20. mai 1999 nr. 673 «Om rapporteringsplikt for eiendomsmeglervirksomhet» og forskrift 20. mai 1999 nr. 674 «Om rapporteringsplikt for inkassovirksomhet». Endringane gjekk i første rekke ut på å redusere rapporteringsfrekvensen frå kvart tertial til kvart halvår.

Finansdepartementet fastsette 25. juni 1999 forskrift «Om revisjon og revisorer» i medhald av den nye lova om revisjon og revisorar som tok til å gjelde 1. august 1999. Forskrifta inneheld utfyllande reglar om mellom anna godkjenning av revisorar, etterutdanning og sikringsordninga.

Finansdepartementet fastsette 19. juli 1999 forskrift om avvikande rekneskapsår for filial og datterselskap av utanlandsk føretak som bruker avvikande rekneskapsår i medhald av rekneskapslova § 1-7. Forskrifta inneber at rekneskapspliktige som er filial eller datterselskap av utanlandsk føretak, kan nytte eit rekneskapsår som ikkje følgjer kalenderåret, dersom det utanlandske føretaket bruker eit avvikande rekneskapsår.

Finansdepartementet fremma 24. september 1999 Ot.prp. nr. 1 (1999 - 2000) «Om endring i regnskapsloven». Stortinget vedtok på bakgrunn av forslaget ny § 1-2 tredje ledd den 9. desember 1999. Lova tok til å gjelde frå 1. januar 2000.

Finansdepartementet fastsette 14. oktober 1999 forskrift om årsrekneskap o.a. for eigedomsmeklarar. Etter forskrifta skal midlar som eigedomsmeklarføretak har, men som tilhører klientane, ikkje rekneskapsførast i balansen til føretaket. Det skal opplystast i note kor mykje føretaket har i si varetektsav midlar som tilhører klientane, og om kor stort klientansvar føretaket har.

Finansdepartementet fastsette 3. november 1999 forskrift «Om adgang til å unnta visse utenlandske føretak fra regnskapsplikt i Norge».

Kredittilsynet fastsette forskrift 16. desember 1999 nr. 1511 «Om rapporteringsplikt for advokaters eiendomsmekling».

Finansdepartementet fremma den 17. desember 1999 forslag til lov om endringar i rekneskapslova, jf. Ot.prp. nr. 19 (1999 - 2000). Lova blei vedteken

av Stortinget 7. mars 2000. Lova blei sanksjonert 10. mars 2000, og trådte i kraft same dag.

Finansdepartementet fremma 25. februar 2000 Ot.prp. nr. 30 (1999 - 2000) med forslag om endring i revisorlova slik at det blir opna for overføring av revisjonsoppdrag ved samanslåing eller omorganisering av revisjonsselskap med verknad frå 1. januar 2000. Lova blei vedteken av Stortinget 25. mai 2000 og sanksjonert 16. juni 2000. Føresegna er ei gjeninnføring av ein regel som følgde av forskrift 19. september 1990 nr. 766 som blei oppheva då den nye revisorlova blei vedteken.

### **3.2 Oversikt over forvaltningssaker**

---

Finansdepartementet gav 22. januar 1999 FöreningsSparbanken AB (publ) løyve til å eige 25 prosent av aksjane i SpareBank 1 Gruppen AS. Det blei også gitt løyve til at Sparebanken Midt-Norge, Sparebanken Nord-Norge, Sparebanken Vest, Sparebanken Rogaland og Samarbeidende Sparebanker AS kvar kan eige 15 prosent av aksjane i SpareBank 1 Gruppen AS. Samstundes godkjende Finansdepartementet ein samarbeidsavtale mellom FöreningsSparbanken AB (publ) og SpareBank 1 Gruppen AS.

Vidare gav departementet 13. juni 2000 SpareBank 1 Gruppen AS løyve til å eige 100 prosent av aksjane i VÅR Gruppen ASA. Det blei gitt løyve til at Sparebanken Midt-Norge, Sparebanken Nord-Norge, Sparebanken Vest, Sparebanken Rogaland og Samarbeidende Sparebanker AS kan eige 13 prosent, FöreningsSparbanken AB kan eige 25 prosent, og Landsorganisasjonen i Norge (LO) og LO-tilknytte forbund kan eige 10 prosent av SpareBank 1 Gruppen. Det blei gitt mellombels løyve til at dei sparebankane som eig SpareBank 1 Gruppen, kan halde fram si verksemد i Oslo og Akershus.

Finansdepartementet gav 4. mars 1999 løyve til at Spectra Finans AS kan drive finansieringsverksemد ved å tilby finansiering ved kjøp av finansielle instrument som Spectra Kapitalforvaltning AB eller andre føretak innanfor Spectra-gruppen sel, og som er skrivne ut av føretak innanfor Spectra-gruppa.

Finansdepartementet gav 23. mars 1999 OBOS løyve til å drive verksemد som finansieringsføretak og danne finanskonsern.

Finansdepartementet fatta 15. april 1999 vedtak om at differansen mellom pålydande verdi/eventuell overkurs og produksjonskostnadene til minne-myntprosjektet i samband med FN sitt 50-årsjubileum skal disponerast til allmennnyttige formål. Blant anna på bakgrunn av fråsegn frå Noregs Bank og Utanriksdepartementet blei det vedteke at overskotet skulle fordelast med ein halvpart til FN-sambandet i Noreg og ein halvpart til fondet for finansiering av Nansen-prisen, som blir delt ut i samband med den årlege utdelinga av Nansen-medaljen til humanitære prosjekt for flyktningar. Sjølv tildelinga av pengane skal skje i løpet av 2000.

Finansdepartementet gav den 20. april 1999 Assuranceforeningen Gard løyve til å etablere selskapet Gard AB i Sverige og Gard Asia Ltd. i Hong Kong.

Finansdepartementet gav 27. april 1999 Postbanken BA konsesjon til å etablere finanskonsern med livsforsikring. Det blei mellom anna gitt løyve til at Postbanken Livsforsikring AS kan drive forsikringsverksemد innanfor livsforsikringsklasse I. I departementet sitt vedtak 14. oktober 1999 om løyve til

fusjon mellom Den norske Bank ASA og Postbanken AS (tidlegare BA) blei det sett som vilkår at det nemnde løyvet som Postbanken Livsforsikring AS hadde til å drive forsikringsverksemd, fell bort. Sjá nærmere omtale nedanfor.

Kredittilsynet vedtok 11. november 1998 å ileggje Oslo Kommunale Pensjonskasse ei fast dagleg mulkt på kroner 100 000 med verknad ifrå 1. januar 1999, inntil reviderte vedtekter blei sende til Kredittilsynet i tråd med reglane i forskrift av 19. februar 1993 nr. 117 «Om forsikringsvirksomhetslovens anvendelse på pensjonskasser og pensjonsfond (pensjonskasseforskriften)». I vedtak av 29. april 1999 tok Finansdepartementet klagen frå Oslo Kommunale Pensjonskasse delvis til følgje ved at den faste daglege mulkta blei redusert frå kroner 100 000 til kroner 50 000. Mulkta blei sett til å gjelde frå 7. mai 1999. Oslo kommune søkte 30. april 1999 om løyve til at eit selskap, som i søknaden er omtala som Oslo Pensjonskasse AS, kan drive livsforsikringsverksemd, jf. omtale nedanfor.

Finansdepartementet gav 29. april 1999 løyve til at Stiftelsen Vestenfjelske Bykredits Stiftelse blei omdanna til ein allmennytig stiftelse. Løyvet inneber at stiftelsen ikkje lenger er underlagd lova om finansieringsverksemd eller tilsyn frå Kredittilsynet, berre stiftelseslova.

Finansdepartementet gav 7. mai 1999 Den Danske Bank/DDB Fokus Invest løyve til å kjøpe alle aksjane i Fokus Bank. Sjá nærmere omtale i Kredittmeldinga 1998 kapittel 3.

Finansdepartementet gav 2. juni 1999 Trygg-Hansa Forsikring AS løyve til å avvikle forsikringsverksemda, og dessutan løyve til å avhende alle aktiva til Trygg-Hansa Norge, filial av Trygg-Hansa Försäkringsbolag.

Finansdepartementet gav 3. juni 1999 Telenor Mobil AS løyve til å drive finansieringsverksemd som består i å formidle plasseringar eller ta imot midlar frå andre for vidare plassering i finansinstitusjon i samband med tenesta «Mammon» (forskotsbetaling av kjøp med mobiltelefon). Løyva og dispensasjonen var mellombels for tre år.

Finansdepartementet gav 4. juni 1999 Trafikanten Midt-Norge AS løyve til at det kan drivast finansieringsverksemd knytt til eit nærmere omtala elektronisk billettsystem.

Finansdepartementet gav 4. juni 1999 løyve til Gjensidige Skadeforsikring, Gjensidige Livsforsikring og Sparebanken NOR til å etablere finanskonsernet Gjensidige NOR. Sjá nærmere omtale i Kredittmeldinga 1998, og i punkt 3.1.1 over der lovendringa er omtala.

Finansdepartementet gav 11. juni 1999 Sparebanken NOR løyve til å overta aksjane i Gjensidige Bank AS. I samband med overtakinga blei det gitt ei rekkje løyve.

Finansdepartementet gav 30. juni 1999 Storebrand ASA løyve til å kjøpe alle aksjane i Finansbanken AS. Det blei sett som vilkår at spørsmålet om det kunne vere to bankar i Storebrand-konsernet, skulle vurderast på nytt innan to år. Godkjeninga av konsernstrukturen gjeld for to år, og deretter må Storebrand-konsernet på nytt søkje om godkjening av konsernstruktur etter dei reglar som måtte gjelde på dette tidspunktet med omsyn til å ha to bankar i same konsern.

Finansdepartementet avslo i vedtak av 2. juli 1999 klage frå Storebrand Livsforsikring AS på Kredittilsynet sitt vedtak om at Storebrand Livsforsikring

måtte stoppe vidare sal av produktet «Kollektiv pensjonsforsikring med fleksibel investeringsprofil («Flex»)». I vedtaket blei Storebrand også pålagt ikkje å føreta separat porteføljeforvaltning for midlar knytte til etablerte og framtidige forsikringskontraktar i Storebrand Livsforsikring AS. Det blei likevel overgangsordningar for kontraktar som allereie er inngått.

Finansdepartementet gav 12. juli 1999 dispensasjon frå kravet om at ingen kan eige meir enn 20 prosent av aksjekapitalen i ein oppgjersentral, slik at eit nystifta holdingselskap kan eige 100 prosent av aksjekapitalen i Norsk Oppgjørssentral ASA.

Finansdepartementet gav 15. september 1999 Gjensidige Forsikring løyve til å tilegne seg alle aksjane i Lokal Forsikring AS.

Finansdepartementet gav 14. oktober 1999 Den norske Bank ASA og Postbanken AS løyve til å fusjonere. Fusjonen er omtala i Kredittmeldinga 1998 kapittel 2 punkt 2.1.1. Samtidig gav Finansdepartementet løyve til at Den norske Bank ASA kunne auke aksjekapitalen som følgje av fusjonen med Postbanken AS. Den norske Bank ASA fekk også løyve frå Finansdepartementet til å eige alle aksjane i Postbanken Verdipapirfond AS og Postbanken Eiendomsmegling AS.

Finansdepartementet gjorde 14. oktober 1999 unntak frå eigaravgrensingsregelen i finansieringsverksemDSLova slik at Fokus Bank ASA kan eige 39 prosent av aksjane i Nordenfjeldske Livsforsikring AS.

Finansdepartementet gav 28. oktober 1999 løyve til at Kommunalbanken AS kan drive verksemd som finansieringsføretak.

Finansdepartementet gav 8. november 1999 Svenska Handelsbanken AB løyve til å etablere Handelsbanken Norge AS, og Handelsbanken Holding AS fekk løyve til å kjøpe alle aksjane i Bergensbanken ASA.

Finansdepartementet gav 15. desember 1999 løyve til Eika-Gruppen AS (oppdragleg «Sparebankenes Investeringsselskap AS») til å vere morselskap i finanskonsern. Det er 85 lokale sparebankar som eig Eika-Gruppen. Departementet gav vidare Eika-Gruppen løyve til å eige 100 prosent av aksjane i Terra Skadeforsikring AS og løyve til at Terra Skadeforsikring AS driv skadeforsikringsverksemd. Med i Terra-konsernet er òg Terra Fonds, Terra Forvaltning, Terra Aktiv Forvaltning og Eika Kort.

Finansdepartementet gav 20. desember 1999 Den norske Bank ASA løyve til å danne om konsernet etter ein holdingmodell i samsvar med den nye føresegna i lova om finansieringsverksemd § 2a-16.

Finansdepartementet gav 20. desember 1999 Storebrand løyve til å eige inntil halvparten av aksjane i det irske holdingselskapet Fair Financial Ireland Ltd. Selskapet skal drive skadeforsikring i dei nordiske landa, eventuelt òg i Tyskland. Same dag blei det dessutan gitt løyve til at Storebrand ASA kan eige 100 prosent av aksjane i Oslo Reinsurance Company ASA.

Finansdepartementet gav 20. desember 1999 Storebrand ASA løyve til å ha ein mindretals eigardel i eit nytt svensk skadeforsikringsselskap med namnet «if...Skadeförsäkring AB». Samtidig fekk Storebrand Skadeforsikring AS løyve til å eige inntil 33 prosent av kapitalen i holdingselskapet if... Skadeförsäkring Holding AB. if... har etablert filial i Noreg, og verksemda i Storebrand Skadeforsikring AS er ført over til denne filialen. Storebrand eig if... saman med Skandia-konsernet i Sverige. Departementet sette difor mellom anna som

vilkår at Skandia-konsernet måtte selje seg ut av den ordinære skadeforsikringsverksemda i Vesta-konsernet.

Finansdepartementet gav 23. desember 1999 løyve til å fisyjoner Vesta Forsikring i til saman fire aksjeselskap. Vedtaket hadde samanheng med søknad frå Tryg-Baltica A/S om løyve til å tileigne seg alle aksjane i Vesta Forsikring AS. Vidare godkjende Finansdepartementet 25. februar 2000 mellom anna fisyjon av og endring i konsernstrukturen i Vesta-konsernet. Vidare gav Finansdepartementet 6. april 2000 løyve til at danske Tryg-Baltica AS kunne tileigne seg alle aksjane i Vesta Forsikring AS. Samstundes gav Finansdepartementet løyve til at Tryg-Baltica AS kunne tileigne seg aksjane i Skandia LTS Holding Norge AS, som hadde løyve til å eige aksjane i Vesta Liv Holding AS, og som igjen åtte aksjane i Vesta Liv AS.

Finansdepartementet gav 23. desember 1999 Industriforsikring AS mellombels løyve til å tileigne seg alle aksjane i Saga Petroleum Forsikring AS. Mellombels godkjenning av organisering av finanskonsernet beståande av Industriforsikring AS og datterselskapet Saga Petroleum Forsikring AS gjeld inntil 31. desember 2000.

Mot slutten av 1999 gjorde Kredittilsynet vedtak om å trekke tilbake to av konsesjonane til Fondspartner ASA. Dette gjaldt i realiteten retten til å drive verksemd i annanhandsmarknaden for aksjar. Vedtaket var ein konsekvens av funn ved tilsyn i føretaket, der det mellom anna blei lagt vekt på svikt i interne rutinar og brot på krava i verdipapirhandelova om god forretningsskikk. I vurderinga blei det særleg lagt vekt på at føretaket ikkje hadde følgt opp tidlegare merknader frå Kredittilsynet.

Finansdepartementet gav 9. mars 2000 Den norske Bank løyve til å nytte fondsobligasjoner (Perpetual Capital Securities) som kjernekapital. Løyva blei gitt med heimel i forskrift av 1. juni 1990 nr. 435 «Om utregning av ansvarlig kapital for finansinstitusjoner, oppgjørssentraler og verdipapirforetak» § 3 nr. 12. Det blei stilt enkelte krav til fondsobligasjonane. Avgjerda bygde mellom anna på retningslinjer frå Baselkomiteen. I høve til Kredittilsynet la Finansdepartementet til grunn at dei vilkåra som blei stilte for Den norske Bank, vil gjelde generelt ved søknader om godkjenning av fondsobligasjoner som kjernekapital.

Finansdepartementet gav 30. mai 2000 løyve til at eit selskap som i søknaden er omtala som Oslo Pensjonskasse AS, kan drive forsikringsverksemd innanfor livsforsikringsklasse 1b og c, og dessutan klasse V. Selskapet søkte òg om å drive forsikringsverksemd innan klasse 1a, men det blei avslått. Løyvet blei avgrensa til å gjelde teikning av forsikring for og forvaltning av midlane i pensjonsordningar for Oslo kommune og selskap der Oslo kommune har avgjerande innverknad. Det blei i vedtaket gitt løyve til at Oslo kommune eig 100 prosent av aksjane i selskapet. Selskapet sin søknad om unntak frå forsikringsverksemldova § 7-6 blei avslått.

Finansdepartementet mottok 5. september 2000 eit brev frå Gjensidige NOR av 31.08.2000 om omstrukturering av finanskonsernet Gjensidige NOR. Gjensidige NOR ynskjer å danne om selskapa Sparebanken NOR og Gjensidige NOR Spareforsikring til aksjeselskap. I denne samanheng ber Gjensidige NOR om at reglane i finanslovgjevinga endrast for å leggje til rette for ei slik omstrukturering. Saka er til behandling i departementet.

## 4 Verksemda til Noregs Bank i 1999

### 4.1 Årsmeldinga for 1999

---

Årsmeldinga 1999 for Noregs Bank blei handsama og godkjend i hovudstyre-møte 29. mars 1999. Etter § 28 i «lov av 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet (sentralbankloven)» skal årsmelding og årsrekneskap sendast til departementet for å leggjast fram for Kongen og gjerast kjende for Stortinget. Etter § 5 i instruks skal Riksrevisjonen sende «et eksemplar av de i § 2 nevnte dokumenter til Stortinget sammen med sine mulige bemerkninger om resultatet av kontrollen». Årsmeldinga følgjer denne meldinga som utrykt vedlegg.

Det følgjer av sentralbanklova § 2 siste ledd at «Riksrevisjonen fører kontroll med statsrådens myndighetsutøvelse etter instruks fastsatt av Stortin-get». Stortinget har fastsett ein slik instruks 10. april 1987 «for Riksrevisjonens kontroll vedrørende Norges Bank». Etter § 2 i denne instruksen «skal statsrå-den, snarest mulig etter at Norges Banks årsregnskap og årsberetning er mot-tatt i departementet, oversende til Riksrevisjonen:

1. Bankens årsregnskap, fastsatt av representantskapet, med revisjonens beretning
2. Hovedstyrets årsberetning
3. Representantskapets uttalelse om hovedstyrets protokoller og eventuelt om andre forhold vedrørende banken
4. Statsrådens beretning vedrørende departementets og regjeringens myn-dighetsutøvelse i saker som gjelder Norges Bank.»

Departementet reknar instruksen § 2 nr. 4 for oppfylt ved at dei forholda som § 2 nr. 4 omhandlar, blir omtala i samband med at den årlege kredittmeldinga blir lagd fram om hausten. Dette er i samsvar med praksis tidlegare år. Dokumenta som er nemnde i instruksen § 2 nr. 1 - 3, sender departementet til Riks-revisjonen når departementet mottek dei fra Noregs Bank.

#### 4.1.1 Leiing og administrasjon

##### 4.1.1.1 Hovudstyret

Hovudstyret har sju medlemmer som er oppnemnde av Kongen, jf. § 6 i sen-tralbanklova. Sentralbanksjefen er leiar og visesentralbanksjefen nestleiar i hovudstyret. Hovudstyret blir supplert med to medlemmer som representerer dei tilsette i banken når styret har oppe administrative saker. Hovudstyret hadde 26 møte i 1999. Boks 4.1 viser samansetjinga av hovudstyret i 1999.

#### Boks 4.1 Hovudstyret i Noregs Bank

Hovudstyret var i 1999 samansett slik (vararepresentantar i parentes):  
Sentralbanksjef Svein Gjedrem, leiar

Visesentralbanksjef Jarle Bergo, nestleiar  
Konsulent Esther Kostøl, 1998-2001 (nestleiar Eystein Gjelsvik)  
Administrerande direktør Torgeir Høien, 1998-2001 (advokat Ingfrid O. Tveit)  
Dagleg leiar Sylvi Røssland Sørfonn, 2000-2003 (revisor Tore Johansen)  
Fylkesmann Sigbjørn Johnsen, 1998-2001 (fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik)  
Konsernsjef Trond R. Reinertsen, 1996-1999 (konsulent Kari Olrud Moen)  
Representantar for dei tilsette:  
Mekanikar Espen Halvorsen (fullmektig Marit Hoftvedt Moe)  
Avdelingssjef Sonja Blichfeldt Myhre (fullmektig Arne Ege)

#### 4.1.1.2 Representantskapet

Stortinget oppnemner eit representantskap med 15 medlemmer og vel leiar og nestleiar, jf. sentralbanklova § 7. Boks 4.2 viser samansetjinga av representantskapet i 1999.

#### Boks 4.2 Representantskapet i Noregs Bank

Representantskapet var i 1999 samansett slik (vararepresentantar i parentes):  
Skolesjef Mary Kvidal, leiar, 1998-2001 (rektor Steinar Frithjof Dreyer)  
Skipsreiar Jens Marcussen, nestleiar, 1998-2001 (avdelingsleiar Nils-Olav Skilbred)  
Magister Paul Thyness, 1996-1999 (rådmann Søren Fredrik Voie)  
Siviløkonom Odd Rambøl, 1996-1999 (lærar Ragnhild Weiseth)  
Sekretær Berit I. Hultmann, 1998-2001 (fagopplæringssjef Frode R. Svendsen)  
Gardbrukar Inge Høyen, 1996-1999 (kontorsjef Ingunn Rongved)  
Statsautorisert revisor Gerd Leira, 1996-1999 (fylkesvaraordførar Astri Wessel)  
Spesialkonsulent Veslemøy Rabe, 1996-1999 (skolesjef Jon Bjørnebekk)  
Husmor Reidun Romfo, 1996-1999 (ordførar Rigmor Aasrud Jahren)  
Ass. fylkesrådmann Johan Solheim, 1996-1999 (salssjef Armand Bjørnholt)  
Advokat Morten Steenstrup, 1996-1999 (informasjonsdirektør Bente Lier)  
Kontorleiar Aslaug Mildrid Sofie Eriksen, 1998-2001 (prosjektleiar Odd Erik Hansgaard)  
Lektor Hans Hammond Rossbach, 1998-2001 (ordførar Olav Pedersen)  
Grosserer Hakon Lunde, 1998-2001 (distriktsbanksjef Dag Sandstå)  
Rektor Per Aas, 1998-2001 (kyrkjeverje Trude Brosvik)

#### 4.1.1.3 Personalet

Noregs Bank hadde per 31. desember 1999 til saman 1 154 heil- og deltidstilsette. Auken i 1999 kjem av at det blei tilsett 22 personar i Noregs Bank Kapitalforvalting, som forvaltar Statens petroleumsfond på vegner av Finansdepartementet, mens det på andre område har vore nokon nedgang (jf. punkt 4.1.1.4).

Tabell 4.1 viser fordelinga av dei fast tilsette i banken på hovudkontoret og andre einingar.

*Tabell 4.1: Fordeling av dei fast tilsette i Noregs Bank på hovudkontoret og i andre einingar<sup>1</sup>*

	1995	1996	1997	1998	1999
Hovudkontoret	618	599	594	629	657
Avdelingane utanfor Oslo	443	424	397	375	366
Seteltrykkeriet og den Kongelege Mynt	159	159	151	149	131
Sum	1 220	1 182	1 142	1 153	1 154

<sup>1</sup> Tala i tabell 4.1 er henta frå lønssystemet til Noregs Bank, og viser kor mange personar som var tilsette i Noregs Bank per 31. desember 1999. Tala er mellom anna påverka av talet på deltidstilsette og at det ofte går litt tid frå ein sluttar i ei stilling og til den neste tek til. Tala let seg difor ikkje samanlikne direkte med den faktiske bruken av årsverksressursar gjennom året.

Kilde: Noregs Bank

#### 4.1.1.4 Bruken av ressursar i Noregs Bank

På det internadministrative området var 1999 prega av at ein har ført vidare arbeidet med å sikre ei effektiv ressursutnytting i banken, og av oppgåvene banken har i samband med forvaltninga av Statens petroleumsfond.

Noregs Bank har i brev av 22. juni 2000 til Finansdepartementet gjort greie for utviklinga i ressursbruken. Der står det mellom anna:

«Noregs Bank har tidlegare gjort greie for den planen som hovudstyret i 1996 vedtok om ressursbruk og dimensjonering i Noregs Bank. Ved utgangen av 1999 stod det att 9 årsverk av den samla planlagde reduksjonen på 117 årsverk. Det er lagt ein plan for nedtrapping av dei årsverka som står att, og forpliktingane reknast som oppfylte ved gjenomføring av desse.

Samtidig som bruken av årsverk utført av fast tilsette i Noregs Bank har gått ned med 11 i 1999, har det vore ein auke i årsverksramma for Kapitalforvaltinga (KAP). Medan KAP i 1998 hadde ei ramme på 46 årsverk, er dette auka til om lag 90 årsverk i 1999. Av auken er 38 personar overførte frå Marknadsoperasjonsavdelinga (MOA) som følge av at somme funksjonar blei flytta frå MOA til KAP gjennom året.

Ved hovudkontoret har til saman 20 personar fatt innvilga søknad om avgang ved bruk av personalpolitiske verkemiddel («tiltakspakka») i 1999. I tillegg blei det ved slutten av 1999 gjennomført ei kartlegging om mogleg avgang av tilsette ved hovudkontoret ved bruk av tiltakspakka. I alt 45 personar melde interesse for dette tilbodet. Mogleg godkjenning av desse søknadene vil først ha verknad frå 2000 og seinare.

Hovudstyret handsama i 1997 eit dokument om moglege strategiske vegval for Den Kongelege Mynt (DKM) og gav tilslutning til at produksjonen av myntar for Noregs Bank blir ført vidare ved DKM med tillegg av produksjon for eksterne kundar. Samtidig vedtok hovudsty-

ret at det pr 31.12.99 skulle greiast ut om utviklinga ved DKM var akseptabel i høve til marknadssituasjonen og dei økonomiske målsettingane for verksemda. Hovudstyret er i 2000 orientert om at DKM har oppnådd ei betring i konkurranseevna gjennom ulike tiltak i perioden. Mellom anna har DKM redusert talet på fast tilsette med 17 årsverk frå 1997 til utgangen av 1999. Dei resultata som er oppnådde og marknadsutviklinga tilseier at det er grunnlag for forretningsmessig verksemd ved DKM. Ved ei endring i sentralbanklova blei det i 1999 òg opna for at produksjonsverksemndene kan skiljast ut som eigne aksjeselskap. Ein har derfor i 2000 arbeidd med å greie ut etablering av DKM som eige aksjeselskap.

&lt;...&gt;

Verksemda ved distriktsavdelingane har elles fått meir og meir preg av næringsverksemd dei siste åra. I tillegg til dei oppgåvene som følgjer av sentralbanklova, utfører avdelingane oppgåver som alternativt kan utførast i bankar og verdisikringsselskap, og i konkurranse med andre. Samtidig dekkjer Noregs Bank i dag to tredelar av kostnadene ved distriktsavdelingane. Ein føresetnad for å halde fram med ei utstrekkt næringsverksemd ved avdelingane, er at ein vesentleg del av kostnadene blir dekte av inntekter frå andre enn Noregs Bank. Dette krev blant anna at fleire tenester blir prisa, og ein prisauke på nokre tenester.<...>

Eit alternativ til å utvikle næringsverksemd ved distriktsavdelingane er å reindyrke styringsrolla og konsentrere verksemda om dei oppgåvene som følgjer av den.

Hovudstyret i Noregs Bank vedtok i januar 2000 å satse på næringsverksemd ved distriktsavdelingane, og at verksemda blir organisert som ei resultateining. Samtidig blei det nedsett eit partssamansett utval i Noregs Bank som skulle greie ut kva tiltak som var naudsynte for at resultateininga etter ein overgangsperiode minst skulle kome i økonomisk balanse.

Utalet la fram innstillinga si i april 2000. Fleirtalet i uttalet meinte at det var naudsynt å leggje ned avdelingane i Bodø, Fredrikstad, Hammerfest, Vardø og Ålesund samt kassekontoret i Haugesund, for å nå kravet om økonomisk balanse. Mindretalet (dei tilsette sin representant), meinte under visse føresetnader at det høgst kunne vere naudsynt å leggje ned avdelingane i Hammerfest og Vardø samt kassekontoret i Haugesund. Det var semje i uttalet om at det i tillegg var naudsynt med monalege kostnadsreduksjonar ved alle avdelingar.

Noregs Bank har lagt til grunn at ei eventuell endring av avdelingsstrukturen vil vere eit vedtak av «særlig viktighet» som, etter sentralbanklova § 2 andre ledd, må leggjast fram for Finansdepartementet før dei styrande organa i banken gjer sine vedtak. Saka blei lagd fram for Finansdepartementet i mai 2000.

For ein vidare omtale av ressursbruken viser ein elles til bankens årsmelding for 1999.»

For produksjon av setlar og mynt eig Noregs Bank to produksjonsbedrifter; Norges Banks Seddeltrykkeri (NBS) i Oslo og Den Kongelige Mynt (DKM) på Kongsberg, organisert som avdelingar av sentralbanken. Produksjonsbedriftene DKM og NBS har i løpet av dei siste ti år utvikla ein relativt monaleg næringsverksemnd, i tillegg til produksjon av setlar og mynt for Noregs Bank.

Den 9. mai 2000 blei det lagt fram eit forslag for Finansdepartementet om å skilje ut Den Kongelige Mynt som eiga aksjeselskap. Hovudmotivet for å gjere om DKM til aksjeselskap er ifølgje Noregs Bank å skape ein så effektiv

bedrift som mogleg, slik at det også i framtida kan forsvaret å produsere mynt i Noreg. Det er Noregs Bank si vurdering at det vil vere avgrensa økonomisk risiko forbundet med å føre vidare verksemda ved DKM som er retta mot eksterne kundar. Denne verksemda stiller likevel ifølgje Noregs Bank heilt andre krav til resultatmåling, oppfølging og økonomisk og administrativ styring enn det som er vanleg i forvaltningsbedrifter som Noregs Bank. Det er difor Noregs Bank si oppfatning at slik verksemd berre kan bli ført vidare der som bedrifa blir skilt ut som eiga aksjeselskap.

I brev frå Finansdepartementet til Noregs Bank av 23. mai 2000 går det fram at «Finansdepartementet tar foreleggelsen av saken til etterretning».

I ei melding frå Noregs Bank 5. september 2000 går det fram at representantskapet har vedteke å skilje ut Den Kongelige Mynt som eiga aksjeselskap heilott av Noregs Bank. I meldinga heiter det mellom anna:

«Omleggingen finner sted på bakgrunn av at DKM i løpet av de siste ti årene har utviklet en relativt betydelig næringsvirksomhet i tillegg til produksjon av mynt for Norges Bank. En slik næringsvirksomhet er det ikke naturlig å drive innenfor en avdeling av Norges Bank, slik DKM i dag er organisert.»

Forslaget til endringar i avdelingsstrukturen i Noregs Bank blei lagt fram for Finansdepartementet 9. mai 2000. Av forslaget går det fram at Noregs Bank har vurdert ressursbruken i distriktsavdelingane til banken i forhold til dei oppgåvene avdelingane har og bør ha i dag. Noregs Bank har mellom anna vist til at distriktsavdelingane etter kvart har fått mindre omfattande oppgåver, og at det distriktsavdelingane først og fremst driv med i dag, er knytt til behandling av kontantar. Noregs Bank har kome fram til at det ikkje er forsvarleg å drive behandling av kontantar ved distriktsavdelingane vidare etter dagens modell. Banken legg opp til at verksemda i distriktsavdelingane skal organiserast i ei resultateining for mellom anna å oppnå betre kostnadsstyring og meir riktig prising av tenester som blir ytte i konkurranse med verdisikringsselskap og bankar. Etter Noregs Banks vurdering må ein redusere kostnadene monaleg dersom denne modellen skal gjennomførast, og ein må mellom anna endre avdelingsstrukturen. Hovudstyret i Noregs Bank har ut ifrå dette vedteke å foresla overfor representantskapet å legge ned distriktsavdelingane i Fredrikstad, Haugesund (kassekontor), Ålesund, Bodø, Hammerfest og Vardø.

Det blei innhenta utsegn frå Kommunal- og regionaldepartementet av Finansdepartementet i brev av 26. juli 2000. I brev av 8. august frå Kommunal- og regionaldepartementet uttalar departementet mellom anna:

«Når det gjelder Norges Banks forslag om nedleggelse av avdelingene i Bodø, Fredrikstad, Hammerfest, Vardø og Ålesund samt kassakontoret i Haugesund, er KRD mest bekymret for en nedlegging av avdelingene i Nord-Norge, og spesielt avdelingene i Hammerfest og Vardø. Disse samfunnene er sårbare og det er erfaringmessig vanskelig å erstatte de tapte arbeidsplassene med nye, for eksempel i privat sektor.»

I brev frå Finansdepartementet til Noregs Bank av 29. august 2000 heiter det at:

«Det vises til foreleggelse av vedtak om å legge ned avdelingskontorer i møte 9. mai 2000. Det vises også til  
– brev fra Noregs Bank 19. mai, med kopi av merknader Norges

- Bank har mottatt til forslaget, samt bankens vurdering av disse,
- brev fra Norges Bank 26. juli med en orientering om Hovedstyrets behandling av saken i møte 19. juli, jf. Finansdepartementets brev 21. juli,
  - brev fra Norges Bank 28. juli med supplerende opplysninger i saken, jf. Finansdepartementets brev 7. juli, og
  - brev fra Kommunal- og regionaldepartementet 8. august med merknader i saken, jf. Finansdepartementets brev 26. juli (kopi av brevene ligger ved).

Norges Bank har vurdert ressursbruken i bankens distriktsavdelinger i forhold til de oppgaver avdelingene har og bør ha i dag. Det er bl.a. vist til at distriktsavdelingene etterhvert har fått mindre omfattende oppgaver, og at det alt vesentlige av oppgavene som i dag utføres ved distriktsavdelingene er knyttet til kontanthåndtering. Norges Bank har kommet til at det ikke er forsvarlig å drive kontanthåndteringen ved distriktsavdelingene videre etter dagens modell. Norges Bank legger opp til at virksomheten i distriktsavdelingene skal organiseres i en resultatenhet for bl.a. å oppnå bedre kostnadsstyring og riktigere prising av tjenester som ytes i konkurranse med verdisikringsselskaper og banker. Etter bankens vurdering forutsetter gjennomføringen av denne modellen betydelige kostnadsreduksjoner, herunder endringer i avdelingsstrukturen. Hovedstyret i Norges Bank har ut fra dette besluttet å foreslå overfor Representantskapet å legge ned distriktsavdelingene i Fredrikstad, Haugesund (kassekontor), Ålesund, Bodø, Hammerfest og Vardø.

Finansdepartementet anser at det er viktig at Norges Bank organiserer sin virksomhet med sikte på å utføre sine oppgaver effektivt. Dette bidrar etter departementets oppfatning til bedre utnyttelse av samfunnets ressurser. Departementet har merket seg de vurderinger Norges Bank har gjort med hensyn til kostnadsbesparelser og effektivisering som er mulig å oppnå gjennom endringer i avdelingsstrukturen. Departementet vil imidlertid vise til at Hammerfest og Vardø kommune og ansatte ved distriktsavdelingene der i brev 15. august 2000 til Finansdepartementet har presentert beregninger som viser et annet kostnadsbilde. Ansatte ved andre distriktsavdelinger og lokale banker har også stilt spørsmål ved Norges Banks beregninger. Det samme har Norges Banks Funksjonær forbund i brev 11. august 2000 til Finansdepartementet. Departementet forutsetter at dette blir grundig vurdert i banken. Departementet tar til orientering Norges Banks kommentarer til kommunenes og de ansattes beregninger for distriktsavdelingen i Hammerfest i brev 21. august 2000. I brevet utdypes også bankens beregninger for distriktsavdelingen i Vardø.

Finansdepartementet viser til arbeidsdelingen mellom Norges Bank og statsmyndighetene. Myndigheten til å beslutte avvikling av bankens distriktsavdelinger er i sentralbankloven lagt til Norges Banks representantskap. Finansdepartementet har følgende merknader til saken:

- a) Det er viktig at Norges Bank organiserer sin virksomhet med sikte på å utføre sine oppgaver effektivt for å bidra til god utnyttelse av samfunnets ressurser. Departementet har derfor ikke merknader til at banken har vurdert forretningsmessige sider ved organiseringen av distriktsavdelingene.
- b) Departementet har fått innspill i saken, bl.a. fra ansatte i Norges Bank, som bestriider de forretningsmessige vurderingene til Nor-

ges Bank. Departementet legger til grunn at Norges Bank vurder dette grundig. Departementet legger videre til grunn at det er Norges Bank som selv må vurdere de rene forretningsmessige spørsmål knyttet til om nedleggelse av en avdeling virker negativt på bankenes konkurransesituasjon.

- c) Departementet har merket seg at Norges Bank foreslår at 3 sentralbankdepoter skal drives av private banker. Drift av sentralbankdepoter er en klar sentralbankoppgave. Departementet er generelt kritisk til at en klar sentralbankoppgave settes ut til private. Dette vil også kunne gi den bank som får oppdraget et konkurransesemlig fortrinn. Departementet har merket seg at det uansett vil være behov for å benytte Norges Banks nåværende hvelv til formålet. Kostnadene ved drift av bygningene må derfor tillegges vekt. Departementet forutsetter i tråd med pkt. d) at det, dersom representantskapet likevel kommer til at avdelingene i sin nåværende form bør nedlegges, må søkes etablert annen aktivitet i lokalene. Dette kan være vanskelig å forene med privat drevet sentralbankdepot.
- d) Omstillingen av Norges Banks virksomhet kan ikke sees isolert fra annen omstilling i offentlig sektor og fra det sentrale politiske mål om å opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret. Kommunal- og regionaldepartementet har i denne sammenheng uttalt i brev 8. august 2000:

'Når det gjelder Norges Banks forslag om nedleggelse av avdelingene i Bodø, Fredrikstad, Hammerfest, Vardø og Ålesund samt kassakontoret i Haugesund, er KRD mest bekymret for en nedlegging av avdelingene i Nord-Norge, og spesielt avdelingene i Hammerfest og Vardø. Disse samfunnene er sårbarer og det er erfaringsmessig vanskelig å erstatte de tapte arbeidsplassene med nye, for eksempel i privat sektor.

<...>

I prinsippet ser KRD tre muligheter for å bidra til at skadenvirkningene for disse kommunene blir minst mulig:

1. Representantskapet i Norges Bank vedtar å ikke legge ned de foreslatte avdelingene.
2. Norges Bank bidrar selv til å gjøre skadenvirkningene minst mulig for de berørte kommunene, for eksempel ved å desentralisere arbeidsoppgaver.
3. Regjeringen forplikter seg til å hjelpe de berørte kommunene, for eksempel ved å desentralisere statlige arbeidsoppgaver, ved at disse kommunene favoriseres ved etablering av nye statlige arbeidsplasser eller på annen måte bidra til at det kan skapes nye arbeidsplasser i kommunene. I dette tilfellet anser Kommunal- og regionaldepartementet det som naturlig at Finansdepartementet tar initiativ og ledelse av dette arbeidet i dette konkrete tilfellet

Dersom de tre ovennevnte løsningsforslagene er uaktuelle vil KRD, ut fra en distriktpolitisk begrunnelse, fraråde at Norges Banks avdelinger i Hammerfest og Vardø nedlegges.'

Det vises for øvrig til vedlagte kopi av brevet fra Kommunal- og regionaldepartementet. Finansdepartementet legger til grunn at de samlede distriktpolitiske konsekvenser ved en nedleggelse av

avdelingene i Hammerfest og Vardø er av en slik karakter at før en nedleggelse er aktuell

- må det være en klar gevinst ved en nedleggelse
- må Norges Bank nøye ha vurdert desentralisering av oppgaver i banken til Hammerfest og Vardø.»

I ei melding frå Noregs Bank 6. september 2000 går det fram at representantskapet har vedteke ny avdelingsstruktur. I meldinga heiter det mellom anna:

«Norges Bank opprettholder avdelingene i Lillehammer, Oslo, Larvik, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø for distribusjon av kontanter og forretningsdrift på kontantområdet. Norges Bank vil videreutvikle kontanthåndteringen ved disse distriktsavdelingene som næringsvirksomhet på forretningsmessige vilkår i konkurranse med andre aktører. Banken vil utnytte sin kompetanse og infrastruktur for kontroll og behandling av sedler og mynt til å skape effektive løsninger på markedet for kontanthåndtering.

<...>

Avdelingene som nedlegges, er Fredrikstad, Ålesund, Bodø, Hammerfest og Vardø, og i tillegg nedlegges kassekontoret i Haugesund. Norges Bank har ikke funnet grunnlag for forretningsmessig drift ved disse avdelingene innenfor en resultatenhet-organisasjon. Sikkerhets- og kontrollrutiner krever for stor bemanning i forhold til aktivitetsnivået i de nordligste fylkene. Det er derfor bedre å basere distribusjonen av kontanter til bankvesenet i disse områdene på at lokale banker påtar seg å administrere Norges Banks depoter ved siden av sin øvrige bankvirksomhet. Avvikling av avdelingene vil være gjennomført i løpet av første halvår 2001.

Hovedstyret i Norges Bank har nylig besluttet å lokalisere sentralbord og enkelte arkivfunksjoner til Vardø for å bidra til sysselsettingen der. Dette vil gi fra 5 til 7 årsverk i tiden framover. Inntil disse arbeidsoppgavene er overført, vil avdelingene i Finnmark bli opprettholdt som depoter drevet av Norges Bank.»

Departementet viser elles til det arbeidet Noregs Bank har gjort med å sikre ei effektiv ressursutnytting. Ein er innforstått med at det i ein periode har vore naudsynt med ein auke i ressursbruken for kapitalforvaltninga i Noregs Bank i samband med oppbygginga av Petroleumsfondet.

#### **4.1.2 Nærare om verksemda til Noregs Bank i 1999**

Etter sentralbanklova § 1 skal Noregs Bank mellom anna vere utøvande og rådgivande organ i penge-, kreditt- og valutapolitikken. Banken skal gi ut seltar og mynt og fremje eit effektivt betalingssystem. Vidare skal banken overvake penge-, kreditt- og valutamarknadene.

Det følgjande er ei kort framstilling av verksemda i 1999, som byggjer på årsmeldinga frå Noregs Bank. For ein meir utfyllande gjennomgang viser ein til årsmeldinga. Ein viser òg til omtalen av penge-, kreditt- og renteutviklinga i nasjonalbudsjettpublikasjonane.

##### *4.1.2.1 Betalingsmiddel og betalingsformidling*

Noregs Bank har oppgåver knytte til betalingssistema som heilskap. Noregs Bank står for oppgjer av krav og skyldnader mellom bankane og pengeoppgjer i verdipapirhandelen, og har oppgåver knytte til statens økonomiforvaltning.

Som setelbank står Noregs Bank for produksjon og distribusjon av setlar og mynt.

Betalingssystemet er ein viktig del av infrastrukturen i det finansielle systemet. Svikt her kan ha store samfunnsøkonomiske konsekvensar og kostnader. Noregs Bank har lagt særleg vekt på å avgrense risikoen for at problem i ein finansinstitusjon eller ein delmarknad skal forplante seg til andre institusjonar og marknader gjennom betalingssistema.

Noregs Bank fekk større fullmakter til å sikre at betalingssistema er organiserte slik at omsynet til finansiell stabilitet blir ivaretake gjennom lov om betalingssystem mv., som blei sanksjonert 17. desember 1999. Lova følgjer i hovudsak Banklovkommisjonen sitt framlegg i NOU 1996: 24 Betalingssystem mv. Vidare omfattar kapittel 4 i lova EØS-direktivet om endeleg oppgjer i betalingssystem og i oppgjerssystem for verdipapir. Lova innfører konsesjonsplikt for etablering og drift av interbanksystem, som er system baserte på felles avtalar for avrekning, oppgjer eller overføring av pengar mellom kreditinstitusjonar. Noregs Bank er gitt konsesjons- og tilsynsansvar for slike system.

Noregs Bank sitt nye system for oppgjer av pengeopposisjonar mellom bankane og Noregs Bank (NBO) blei innført 24. november 1997. Den 12. mars 1999 blei det etablert eit nytt grensesnitt mellom NICS (Norwegian Interbank Clearing System) og NBO, som gjorde det mogleg for bankane å sende bruttotransaksjonar elektronisk til Noregs Bank via NICS. Bankane og Noregs Bank kunne då i fellesskap ta i bruk eit fullverdig system for bruttooppgjer i sann tid. Målet med systemet er å redusere risikoen og auke effektiviteten i betalingsoppgjeret. Systemet er i samsvar med internasjonale standardar.

Gjennomføring av oppgjeret i Noregs Bank krev at bankane har disponible midlar, anten ved pengar på konto eller ved deponert pantetrygd. Etter ein overgangsfase innførte Noregs Bank i 1998 krav om full trygd for lån, noko som førte til at bankane totalt må deponere ei større mengd verdipapir til fordel for Noregs Bank. I 1999 blei høvet til å stille verdipapir som trygd utvida ved at Noregs Bank godkjende fleire typar verdipapir. Både somme private og utanlandske verdipapir er no godtekne som trygd.

Noregs Bank er oppgjersbank for pengeoppgjeret knytt til transaksjonar med verdipapir som blir avrekna i Verdipapisentralen (VPS). For å styrke kontakten mellom dei to institusjonane blei det i 1999 vedteke å halde regelbundne kontaktmøte for gjensidig orientering og utveksling av informasjon. Oppgjersfunksjonen blei vidareutvikla i 1999 med sikte på å redusere talet på handlar som ikkje går til oppgjer. Dette fann stad ved å utvikle prosedyrar som betre nyttar deltakarane sin likviditet, og ved å innføre ei automatisk låneordning. Vedtaket om lov om betalingssystem vil også gi avtalar om avrekning og oppgjer for verdipapir eit utvida rettsvern.

Opgjer av valutahandlar påfører aktørane i valutamarknaden stor risiko, fordi det krevst to separate oppgjer i to ulike valutaer. Gjennom samarbeidet i Bank for International Settlements (BIS) har sentralbankar over heile verda sterkt oppmoda aktørane sjølv om å finne ei løysing på problemet. Det mest aktuelle tiltaket er arbeidet med å etablere Continuous Linked Settlement (CLS). Prinsippet bak CLS er at dei to valutaene i ein handel skal gjerast opp samtidig i ein fleirvaluta-bank. Noregs Bank arbeidde i 1999 aktivt for at også

handlar i norske kroner skal kunne gjerast opp i CLS i framtida, både gjennom samarbeidet i BIS og direkte mot det private selskapet som utviklar systemet.

Sentralbankane i EU har etablert eit felles system for grensekryssande betalingar i euro, kalla TARGET. Systemet er naudsynt for at den europeiske sentralbanken skal kunne gjennomføre sine pengepolitiske operasjonar effektivt, og fører dessutan til sikrare og meir effektive betalingar mellom EU-landa. Sidan Noregs Bank ikkje er tilknytt TARGET-systemet, har det i samarbeid med banknæringa vore utgreidd alternative løysingar som kan gi norske bankar ein mest mogleg sikker og effektiv kanal for sine euro-betalingar. Den løysinga som er utvikla, ein såkalla vekslingsmodell, er tilgjengeleg, men er førebels ikkje utnytta av bankane. Norske bankar som gjennom sine filialar og liknande er knytt til betalingssystemet i EU, nyttar desse som kanal for sine euro-betalingar.

Den finansielle infrastrukturen omfattar dei institusjonane, datasystema og kommunikasjonslinjene som blir brukte til å overføre betalingar. Eit moderne betalingssystem er såleis svært avhengig av IT-system, som igjen er baserte på kontinuerleg tilgang til telekommunikasjon og kraftforsyning. Noregs Bank har eit ansvar for å medverke til eit robust og effektivt betalingssystem. I tillegg er Noregs Bank sjølv ein deltakar i betalingssystemet som oppgjersbank for betalingar mellom bankane. For å styrkje grunnlaget for jamleg drift av betalingssystemet etablerte Noregs Bank i 1999 eit sentralt beredskapsorgan for kontinuitet i den finansielle infrastrukturen. Dette beredskapsorganet blir leidd av Noregs Bank og har medlemmer fra aktørane i betalingssystemet og Kredittilsynet.

For å førebu overgangen til år 2000 i finansiell infrastruktur hadde Noregs Bank eit nært samarbeid med aktørane i betalingssystemet og organ for styresmaktene innanfor ramma av det nemnde beredskapsorganet. Gjennom dette arbeidet blei det samla informasjon om dei førebuingane som var gjennomførte i sektoren, og ein utarbeidd felles planar for å handtere problem som kunne oppstå i samband med sjølve overgangen til år 2000. Ved årskiftet hadde Noregs Bank ei særskild beredskapsordning saman med aktørane i finansiell sektor. Dei rapportane som Noregs Bank mottok, synte at overgangen til år 2000 ikkje førte med seg større problem i den finansielle infrastrukturen. Systema til Noregs Bank fungerte også som normalt etter årsskiftet.

I 1999 var det i gjennomsnitt setlar og mynt for 43,8 milliardar kroner i omløp. Det utgjorde 8,1 prosent av privat konsum mot 8,3 prosent i 1998 og 8,8 prosent i 1995. Dette kan tyde på redusert bruk av kontantar til betalingar, men kan også kome av raskare sirkulasjon og redusert bruk til verdilagring. Statistikken for betalingsformidlinga peikar i retning av at giro- og kortbetalingar i aukande grad tek over for kontantar.

I tilfelle det skulle skje noko med betalingssistema ved tusenårsskiftet, destruerte Noregs Bank langt færre setlar i 1999 enn vanlig, og bygde dermed opp lager. Desse blir destruerte i år.

Noregs Bank arbeider for å spreie informasjon om eigenskapane til ekte setlar og mynt. Ei eiga meldeteneste sikrar at informasjon om forfalskingar og anna misleghald raskt kjem ut til Noregs Banks distriktsavdelingar, bankar, postkontor og lokalt politi.

#### 4.1.2.2 Oppgåver og rådgiving i samband med penge-, kredit- og valutapolitikken

Noregs Bank har eit ansvar for å medverke til robuste og effektive finansmarknader og betalingssystem, dvs. medverke til finansiell stabilitet. Skulle det oppstå ein situasjon der sjølv det finansielle systemet er truga, vil Noregs Bank, i samråd med andre styringsorgan det vedkjem, vurdere om det er naudsynt å setje i verk tiltak for å sikre tilliten til det finansielle systemet.

Det førebyggjande arbeidet sentralbanken driv i tilknyting til finansiell stabilitet, er tredelt. For det første arbeider sentralbanken med å redusere risikoene i betalingssystema og gjere dei meir robuste. Vidare driv Noregs Bank overvaking av faktorar som kan ha noko å seie for finansiell stabilitet. I tillegg vurderer ein kva verknad pengepolitikken og resten av den økonomiske politikken har på den finansielle stabiliteten.

Sidan 1995 har Noregs Bank utarbeidd rapportar som gir ei samanfattande framstilling av situasjonen i finansiell sektor og utsiktene framover. Arbeidet omfattar både analysar av utviklinga i finansinstitusjonane, særleg bankane, og av samanhengen mellom makroøkonomiske utviklingstrekk og utviklinga i finansiell sektor. Analysar av den finansielle stillinga til hushald og føretak er viktige element i dette arbeidet. Rapportane blir drøfta med Finansdepartementet og Kredittilsynet.

Noregs Bank gir tilrådingar til Finansdepartementet og Kredittilsynet i samband med høyringar om lover, føresegner og anna regelverk for finansinstitusjonane og finansmarknadene. Som hovudregel ber dessutan Kredittilsynet Noregs Bank om å gi tilråding i saker som gjeld søknader frå dei enkelte finansinstitusjonane om nyetablering, oppkjøp, fusjon, o.a. I dei seinare åra har Noregs Bank i aukande grad koncentrert ressursinnsatsen mot saker som har noko å seie for den finansielle stabiliteten. Dette inneber at sentralbanken i første rekke uttalar seg om saker tilknytte dei sentrale delane av regelverket, og enkeltsaker som har tilknyting til dei største finansinstitusjonane. Ved vurdering av søknadene legg Noregs Bank særleg vekt på omsynet til konkurransen, soliditet og organisering. Dei viktigaste sakene som blei handsama i 1999, er omtala i årsmeldinga frå sentralbanken, som følgjer denne meldinga som utrykt vedlegg.

Samarbeidet mellom Kredittilsynet og Noregs Bank har følgt den ordninga som er etablert gjennom dei tidlegare åra. Noregs Bank er representert med ein observatør i styret i Kredittilsynet. Det er nær og regelbunden kontakt mellom leiingane i dei to institusjonane, der mellom anna gjennomgang av den økonomiske situasjonen og utviklinga i finansinstitusjonane er faste tema. Det er gjort nærmere greie for samarbeidet i Kredittmeldinga for 1996 kapittel 5, jf. St.meld. nr. 12 (1997 - 98).

Mandatet for pengepolitikken er gitt ved forskrifta om kursordninga til krona frå 6. mai 1994. I § 2 i forskrifta heiter det mellom anna at:

«Norges Banks løpende utøvelse av pengepolitikken skal rettes inn mot stabilitet i kronens verdi målt mot europeiske valutaer, med utgangspunkt i kursleiet siden kronen begynte å flyte den 10. desember 1992. Ved vesentlige endringer i kurset skal virkemidlene innrettes med sikte på at kurset etter hvert bringes tilbake til utgangsleiet».

Det er ei fast ordning at Noregs Bank sender brev til departementet i samband med at nasjonalbudsjettet blir lagt fram. Brevet som gjeld nasjonalbudsjettet for 2000, er teke inn som vedlegg til årsmeldinga fra Noregs Bank. I vedlegget finn ein også andre brev og fråseigner fra Noregs Bank.

Noregs Bank påverkar rentenivået i pengemarknaden gjennom å fastsetje foliorenta og D-lånsrenta. Foliorenta er renta bankane får på innskota sine på foliokonto i Noregs Bank, og D-lånsrenta er renta bankane må betale når dei nyttar låneretten som er knytt til denne foliokontoen og tek opp lån over natta i Noregs Bank. I 1999 reduserte Noregs Bank styringsrentene fem gonger med til saman 2,5 prosentpoeng. Rentekorridoren blei i løpet av året redusert fra 8,00 - 10,00 prosent til 5,50 - 7,50 prosent.

Ved å bruke instrument som påverkar likviditeten i pengemarknaden, motverkar Noregs Bank dei sesongprega svingingane i likviditeten til bankane som mellom anna følgjer av inn- og utbetalingar på staten sine konti i Noregs Bank. Innanfor «rentekorridoren» mellom foliorenta og D-lånsrenta påverkar Noregs Bank rentenivået i pengemarknaden ved å tilføre eller trekke inn likviditet fra banksystemet. Dei viktigaste instrumenta i denne samanhengen er gjenkjøpsavtalar i statspapir og utlegging av kortsiktige lån eller innskot med fast rente (F-lån og F-innskot). Noregs Bank innførte sikra F-lån frå 1. september 1999 og har etter det ikkje brukt gjenkjøpsavtalar i likviditetsstyringa. Gjenkjøpsavtalane har hatt løpetid på mellom to dagar og to veker, mens F-låna normalt har hatt kortare løpetid, mellom ein og fem dagar. For å tilføre likviditet rundt tusenårsskiftet blei det lagt ut F-lån med løpetid på opptil tre veker i tillegg til at det blei inngått valutabyteavtalar. Likviditeten blir òg påverka av emisjonar av statspapir og av Noregs Bank sin handel med statspapir. Sentralbanken fastset rammer for bankane sine D-lån i Noregs Bank. Ramma var 15 prosent av forvaltningskapitalen trekt frå D-lån i 1999, unntake andre låneperiode i desember, då låneramma blei auka til 100 prosent.

Noregs Bank intervenerte i valutamarknaden ved eitt høve i 1999, då det 13. januar blei kjøpt 88 millionar kroner.

Den 25. mars offentleggjorde Noregs Bank at banken ville ta opp att kjøpa av valuta til oppbygginga av Statens petroleumsfond. Det blei lagt opp til at kjøpa skulle gjennomførast på dagleg basis. Banken kunngjorde at ein ville følgje ein praksis der dei planlagde valutakjøpa for komande kalendermånad skulle offentleggjeraast siste verkedag i kvar månad. I 1999 kjøpte Noregs Bank brutto utanlandsk valuta tilsvarende 11 321 millionar kroner. Ordninga med direkte overføringer til Noregs Bank av valutainntekter som staten tek imot gjennom Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE), blei vidareført i 1999.

I 1995 etablerte Noregs Bank ei ordning med primærhandlarar for dei store statsobligasjonslåna. Primærhandlarane, som omfattar bankar og verdi-papirføretak, stilte ved inngangen til 1999 indikative prisar over Oslo Børs i dei store statsobligasjonslåna. Etter innføringa av det nye handelssystemet på Oslo Børs 6. september 1999 tok primærhandlarane igjen til å stille bindande sals- og kjøpskursar. Ved utgangen av 1999 var det til saman sju primærhandlarar. Noregs Bank stiller sjølv bindande kjøps- og salskursar i dei norske statssertifikatlåna.

Dei internasjonale reservane er samansette av gull, fordringar på Det internasjonale valutafondet (IMF), kortsiktige bankinnskot og investeringar i

rentepapir og aksjar. Reservane er i dei nye retningslinjene delte inn i fire ulike porteføljar, etter kva formål dei skal tene:

1. *Immuniseringsporteføljen*, som skal koordinerast med statsgjelda i utanlandsk valuta slik at rente- og valutakursrisikoen samla blir minst mogleg.
2. *Petrobufferporteføljen*, som skal samle opp daglege valutakjøp og overføringer frå SDØE som skal nyttast til oppbygging av Petroleumsfondet. Det skal overførast valuta kvart kvartal frå petrobufferporteføljen til Petroleumsfondet.
3. *Likviditetsporteføljen*, som i første rekke skal kunne nyttast til intervensionsjnar i valuta- og pengemarknaden og av den grunn er plassert kortsiktig.
4. *Den langsiktige porteføljen*, som har ein noko lengre horisont enn likviditetsreservane, med siktet på å oppnå høg avkastning på lang sikt, men som òg skal kunne nyttast til intervensionsjnar.

Noregs Bank Kapitalforvaltning (KAP) forvaltar immuniseringsporteføljen, petrobufferporteføljen og den langsiktige porteføljen, mens Marknadsoperasjonsavdelinga forvaltar likviditetsporteføljen. Ved utgangen av året utgjorde immuniseringsporteføljen 7,4 milliardar kroner, petrobufferporteføljen 13,9 milliardar kroner, likviditetsporteføljen 29,8 milliardar kroner og den langsiktige porteføljen 94,6 milliardar kroner. Ved utgangen av året utgjorde netto valutareservane 145,8 milliardar kroner. Det vart selt 7,7 milliardar kroner med framtidige oppgjer, slik at bruttoreservane utgjorde 153,5 milliarder kroner.

Forvaltninga av Statens petroleumsfond skjer med grunnlag i lov 22. juni 1990 nr. 36 «Om Statens petroleumsfond». Marknadsverdien av fondet sin portefølje av utanlandske verdipapir var ved slutten av 1998 på 171,8 milliardar kroner. Til saman 24,5 milliardar kroner blei overførte frå Finansdepartementet i 1999. Avkastninga i norske kroner var på 13,9 prosent, og 31. desember 1999 var fondet sin marknadsverdi på 222,3 milliardar kroner.

Forvaltninga i 1999 var i tråd med forskrifa som blei fastsett av Finansdepartementet 3. oktober 1997, med heimel i § 7 i lov 22. juni 1990 nr. 36 «Om Statens petroleumsfond», jf. omtale under punkt 4.2.1.2. Finansdepartementet sin referanseportefølje for fondet inneheld 40 prosent eigenkapitalinstrument og 60 prosent renteberande instrument. Avkastninga på Statens petroleumsfond var i 1999 1,1 prosent høgare enn avkastninga på referanseporteføljen. Forvaltninga av Statens petroleumsfond er omtala i statsrekneskapen.

Noregs Bank Kapitalforvaltning er ei eiga eining direkte under sentralbanksjefen. KAP har i 1999 stått for omtrent all forvaltning av renteinstrument i alle porteføljane, mens det meste av forvaltninga av eigenkapitalinstrument er utført av eksterne forvaltarar. Ved utgangen av året var det tre eksterne aksjeforvaltarar med indeksmandat, det vil seie at dei hadde som oppgåve å halde porteføljane nær opp til referanseporteføljen. Fem aksjeforvaltarar hadde til saman sju aktive mandat, med større høve til å avvike frå referanseporteføljen for å oppnå høgare avkastning. Det er bygd opp kontrollapparat for verksemda både innanfor den nye organisasjonen og i andre delar av sentralbanken.

#### 4.1.2.3 Statistikkarbeid og kontrollloppgåver

Statistikkarbeidet i Noregs Bank er i hovudsak avleidd av behovet for relevant og aktuell informasjon for utøvinga av pengepolitikken, samt overvakkinga av finansmarknader og betalingssystem.

Noregs Bank sette i 1999 i gang eit prosjekt for å gå igjennom statistikkproduksjonen. Målet med prosjektet er å ha eit statistikkssystem som er framtidssrettet med omsyn til kvalitet, aktualitet og ressursbruk. Arbeidet omfattar dels nytt rapportsystem for valutastatistikken, dels gjennomgang av produktspekteret, og nye IT-løysingar. Utviklingsarbeidet pågår gjennom 2000 og 2001.

Noregs Bank samarbeider nært med Kredittilsynet, Statistisk sentralbyrå og Verdipapirsentralen om datainnhenting og utarbeiding av statistikk for kredit- og verdipapirmarknaden.

Frå og med 1996 har Noregs Bank stått for arbeidet med å hente inn, kontrollere, tilretteleggje og publisere detaljert statistikk for bankar, statlege låneinstitutt, finansieringssselskap, kredittføretak og verdipapirfond. Det blei i 1999 gjort enkelte endringar i rapporteringskodane for å tilpasse statistikken til den nye rekneskapslova. Statistikken blir gitt ut i publikasjonen «Finansstatistikk».

Denne primærstatistikken er hovudgrunnlaget for dei månadlege indikatorane over kreditutviklinga (kredittindikatorane) og utviklinga i penge mengda, og for utarbeiding av kvartalsvise finanzielle sektorbalansar.

Basert på frivillige rapportar frå aktørane utarbeider Noregs Bank statistikk over priser og utviklingstrekk i betalingsformidlinga. Statistikken blir publisert i den årlege rapporten «Betalingsformidling». Rapporten for 1998 blei gitt ut i mai 1999.

Noregs Bank hentar kvartal inn renterapportar frå alle bankar, livsforsikringsselskap, kredittføretak og statlege låneinstitutt. Rapportane gir rente- og provisjonssatsar per utgangen av kvartalet for spesifiserte utlåns- og innskotsartar. På grunnlag av desse rapportane utarbeider ein oversikter som viser renteutviklinga for bankane totalt og for kvar av bankgruppene, for livsforsikringsselskapene, for kredittføretaka og for dei statlege låneinstitutta.

Valutastatistikken gir hovudgrunnlaget for utanriksrekneskapen som Statistisk sentralbyrå publiserer kvar måned. Informasjonsgrunnlaget er faste rapportar om betalingar mellom Noreg og utlandet, dels frå norske bankar, dels frå føretak som har konto i utanlandske bankar eller oppgjersordning med utanlandske selskap.

I overkant av 120 bankar rapporterer dagleg i det elektroniske rapportsystemet for bankrapportar av valutaoppgjer, «BRAVO-systemet». Rundt 20 av dei minste bankane rapporterer månadleg i eit papirbasert opplegg. Ved utgangen av 1999 var det dessutan vel 750 føretak som hadde rapportplikt for rundt 3 100 konti i utanlandske bankar eller oppgjersordningar med utanlandske forretningsskontaktar. Noregs Bank hentar òg inn nokre spesialrapportar, mellom anna oversikter over store låneforhold med utlandet (månadleg) og direkte investeringar (årleg). I 1999 har ein vidareført arbeidet med å sikre kvaliteten på BRAVO-rapportane frå bankane og på føretaka sine rapportar over kontohald i utlandet. Ein har særleg sett på oppfølginga av og kontakten med rapportørane og på den statistiske bearbeidninga av data i Noregs Bank.

På grunnlag av spørsmål frå Kredittilsynet og behov knytte til arbeid på området finansiell stabilitet i Noregs Bank er det i 1999 starta opp halvårleg produksjon av statistikk som gjeld konkurranseflater mellom norsk og internasjonal finansnæring. Den nye statistikken krev ikkje ny datainnhenting.

Publisering av månadleg statistikk over fordringar og gjeld overfor utlandet starta opp att i juni 1999 med eit til dels nytt utrekningsopplegg. Som følgje av revisjonar av datagrunnlaget var det eit lengre opphold i publisering av denne statistikken.

Noregs Bank sin databank for kvartalsvise finansielle sektorbalansar (Finadatr) blir nytta i banken sitt modellarbeid, i pengepolitiske utgreiingar og i arbeidet med finansiell stabilitet. Tal frå dei finansielle sektorbalansane blir brukte til å lage «Husholdningenes finansregnskap», som mellom anna viser utviklinga i hushaldssektorens finansielle eidegar og gjeld.

Statistikkrapportar frå Noregs Bank til internasjonale organisasjoner har auka monaleg dei siste åra. Banken rapporterer til BIS, ESB, Eurostat, IMF og OECD. Hausten 1999 rapporterte banken første gong data for finansielle sektorbalansar for åra 1995 - 1998 til Eurostat.

Noregs Bank tek del i fora der utviklinga av internasjonale statistikkstandardar og internasjonal rapportering blir drøfta. Dette skjer mellom anna i Eurostats Committee on Monetary, Financial and Balance of Payments Statistics og i arbeidsgrupper under denne, der Noreg tek del i samsvar med EØS-avtalen.

Noreg sluttar seg til IMF sin dataspreiingsstandard, SDDS, i 1996. Standarden stiller omfattande krav til statistikkproduksjonen i deltakarlanda når det gjeld dekning, kvalitet, frekvens, aktualitet og tilgang. I 1999 kom det nye krav til statistikk over internasjonale reservar, som frå mars 2000 skal omfatte fleire detaljar og i tillegg ha med framtidige plikter.

Det daglege arbeidet med valutaregulering og valutakontroll blir utført av Noregs Banks avdeling på Lillehammer etter avtale med Statistikkavdelinga ved hovudkontoret. Dette gjeld mellom anna samarbeidet med andre kontrollstyresmakter og arbeid i samband med FN-vedtak om boikott av andre land.

Av spesielle saker kan ein nemne følgjande:

- Finansdepartementet bad i brev av 10. juni 1999 om Noregs Banks merknader til utkast til lovregulering av frittståande vekslingskontor. Noregs Bank gav sine merknader i brev av 31. august 1999, og uttrykte der synspunkt i tråd med det banken tidlegare har sagt, jf. omtalen i Kredittmeldinga 1998 punkt 3.1.4.
- Ein har følgt opp nokre saker der selskap driv ei form for mellommannsverksemد ved betalingsformidling med utlandet i strid med reglane i kapittel 4 i valutaforskrifta.

Talet på førespurnader frå kontroll- og tilsynsstyresmakter har auka frå 722 i 1998 til 928 i 1999. Det er særlig talet på spørsmål frå ØKOKRIM som har auka, og data frå Noregs Bank er nytta under etterforskinga av fleire straffesaker i løpet av året.

Norske styresmakter har vedteke forskrifter som omfattar FN-sanksjonane om økonomisk boikott av land og/eller landområde i norsk rett. I samband med dette har Finansdepartementet delegert oppgåva som kontroll- og lisensstyresmakt for finansielle transaksjonar til Noregs Bank. I 1999 har Irak,

Libya og Den føderale republikken Jugoslavia vore omfatta av FN-sanksjonar. Nytt i 1999 er at styresmaktene har vedteke lov og forskrifter som òg imlementerer EU-vedtak om boikott av Den føderale republikken Jugoslavia i norsk rett. Stortinget vedtok såleis 25. juni «Lov om særlege tiltak mot Den føderale republikken Jugoslavia», jf. Innst. O. nr. 96 (1998 - 1999) og Ot.prp. nr. 81 (1998 - 1999).

Noregs Bank har ansvar for dokumentbasert tilsyn med valutaaktiviteten i bankar, finansieringsselskap og kredittføretak. Institusjonar som har valutautorisasjon, kan fritt utføre ulike typar finansielle transaksjonar i utanlandsk valuta så lenge dei held seg innanfor dei fastsette rammene for valutarisiko. Finansdepartementet fastsette 15. november 1999 forskrift om endring i kapitaldekningsforskrifta som inkluderer valutaposisjonsreguleringa. Forskrifta tok til å gjelde 1. april 2000. Kredittilsynet tok då over ansvaret for valutaposisjonsreguleringa. Årsmeldinga til Noregs Bank gir eit nærmare oversyn over valutakontrollverksemda i Noregs Bank.

#### 4.1.2.4 *Anna verksemد*

Noregs Bank yter driftskreditt til fiskeindustrien etter retningslinjer som Stortinget har fastsett. Garantiramma var på 50 millionar kroner for 1999. Ved inngangen til 1999 var fire engasjement knytte til ordninga. Disponert kreditt var ved utgangen av 1999 13,2 millionar kroner. Stortinget vil i 2000 ta stilling til om ordninga skal halde fram. Noregs Bank har i 1999 òg administrert ei ekstraordinær kredittordning retta mot fiskerinæringa. Ordninga er avvikla, men det står att eitt føretak som ikkje har innfridd låna sine. Noregs Bank har i fleire år hatt eit samarbeid med Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) om drift av ein rekneskapsdatabase. Dette samarbeidet blei avslutta i 1999.

Noregs Bank er oppgjersbank for oppgjør knytte til verdipapirtransaksjonar i Verdipapirsentralen og derivathandel i Norsk Oppgjerssentral. Årsmeldinga gir eit nærmare oversyn over oppgjersverksemda i Noregs Bank.

Etter sentralbanklova § 3 skal Noregs Bank informere allmenta om penge-, kreditt- og valutatilhøva. I tillegg til årsmeldinga på norsk gir Noregs Bank ut ein forkorta versjon på engelsk. Sentralbanken gir vidare ut kvartalsskrifta Pengar og Kreditt og Economic Bulletin, der det siste har stoffval tilpassa utanlandske lesarar. Inflasjonsrapportane og dei halvårlege rapportane om finansiell stabilitet blir frå 2000 gitt ut som eigne publikasjonar både på norsk og engelsk. I samband med at Noregs Bank Kapitalforvaltning kom i drift, har banken frå 1998 gitt ut eigne kvartals- og årsrapportar om forvaltninga av Petroleumsfondet. Det blei sendt ut i alt 17 arbeidsnotat, som mellom anna dokumenterer forskings- og utgreiingsarbeid, 13 rundskriv til finansinstitusjonane med informasjon om reguleringar og regelverk, 41 pressemeldingar og 12 månadlege pressebulletengar om kreditt- og valutatilhøva. Banken sender òg ut ei rekje større eller mindre statistikkprodukt og rapportar. Alle publikasjonane er også tilgjengelege på Internett. Det blei halde 22 pressekonferansar og presseseminar i 1999.

## 4.2 Rekneskap og budsjett for 1999

---

### 4.2.1 Balansen 31. desember 1999

Tabell 4.2 og 4.3 viser Noregs Banks balanserekneskap ved utgangen av 1999, samanlikna med tilsvarende tal for 1996, 1997 og 1998.

Tabell 4.2: Noregs Banks egedelar 31. desember 1999. Millionar kroner

Egedelar:	1996	1997	1998	1999
Internasjonale reserver	170 335,0	171 368,1	142 045,2	167 218,8
Av dette:				
Gull	285,0	283,6	284,8	2 206,9
Spesielle trekkrettar i IMF	2 290,0	2 545,4	3 147,0	3 279,3
Reserveposisjon i IMF	5 728,3	7 161,9	9 243,7	6 836,8
Lån til IMF	732,8	938,4	1 522,7	1 337,9
Plasseringar for Statens petroleumsfond	47 538,8	113 313,0	167 643,8	222 277,7
Andre fordringar på utlandet	17 213,5	11 824,1	12 192,7	37 955,6
Norske statssertifikat	1 727,3	1 963,2	1 716,7	1 591,7
Norske statsobligasjoner	10 685,9	8 682,5	7 709,5	9 180,2
Innanlandske utlån	719,2	7 982,1	19 774,2	26 141,0
Av dette:				
Forretningsbankar	235,8	6 251,5	7 435,2	19 573,0
Sparebankar	10,8	1 270,8	4 712,7	6 001,5
Andre innanlandske fordringar	959,9	685,7	736,9	847,9
Varige driftsmidlar	2 223,1	2 148,3	2 064,3	2 010,1
Sum egedelar	251 402,7	317 967,0	353 883,6	467 223,0

Kilde: Noregs Bank

Tabell 4.3: Noregs Banks gjeld og eigenkapital 31.desember 1999. Millionar kroner

Gjeld og eigenkapital:	1996	1997	1998	1999
Diverse gjeld til utlandet	18 185,4	12 724,0	13 325,5	38 925,0
Motverdien av spesielle trekkrettar	1 554,2	1 656,0	1 795,3	1 846,4
Setlar og mynt i omløp	43 323,7	46 014,4	46 070,2	48 020,1
Innanlandske innskot på foliokonto	158 882,3	217 934,0	232 552,7	326 109,2
Av dette:				
Statskassa	80 585,9	84 387,4	51 193,2	67 685,8
Statens petroleumsfond	47 538,8	113 313,0	167 643,8	222 277,7
Innskot som gjeld skattefrie fondsavsetninger	17,6	10,1	9,9	6,2
Anna innanlandsk gjeld	440,3	379,5	771,2	21 219,9
Eigenkapital	28 999,1	39 249,0	59 358,7	31 096,2
Av dette:				
Kursreguleringsfond	21 521,7	30 193,0	27 215,1	27 339,2
Overføringsfond	5 383,8	7 056,3	30 227,6	0
Annan eigenkapital	2 093,6	1 999,7	1 916,0	3 756,9
Sum gjeld og eigenkapital	251 402,7	317 967,0	353 883,6	467 223,0

Kilde: Noregs Bank

#### 4.2.1.1 Noregs Banks aktiva

Noregs Bank har endra prinsipp for verdsetjing av gull og verdipapir med verknad fra 1. januar 1999. Desse egedelane blir fra 1999 verdsette til verkeleg verdi. Endringa skjer som følgje av utviklinga i norsk rekneskapslovgiving og rekneskapspraksis i andre sentralbankar. I tillegg er effekten av endringane av prinsipp for verdsetjing i 1999 for gull og verdipapir tilført annan eigenkapital.

Noregs Bank sine gullresvar er ført opp under internasjonale reservar med 2 206,9 millionar kroner. Verkeleg verdi er vurdert til 20 prosent under marknadsprisen per 31. desember 1999. Marknadsprisen per 31. desember 1999 svarar til ein kilopris på 75 000 kroner. Verkeleg verdi er derfor verdsett til 60 000 kroner per kilo gull.

Amerikanske dollar utgjorde 27,2 prosent av valutareservane ved utgangen av 1999, mot 20,3 prosent året før.

Posten andre fordringar på utlandet består mellom anna av den delen av Noregs kvote i IMF som er i norske kroner. Tilsvarande gjeldsbeløp er bokført under gjeld til utlandet.

Noregs Bank si behaldning av norske verdipapir er sett saman av omsetjelge sertifikat og norske statsobligasjonar. I 1999 kjøpte sentralbanken statssertifikat i første- og andrehandsmarknaden for om lag 4,3 milliardar kroner. Då Noregs Bank si behaldning av einskilde statssertifikat blei låg, etterteikna Noregs Bank statssertifikat for 2,5 milliardar kroner. Noregs Bank sin eige-

domsmasse, maskinar og inventar utgjer 2 010 millionar kroner per 31. desember 1999.

#### 4.2.1.2 *Noregs Banks passiva*

Setlar og mynt i omløp auka i 1999 med 1,9 milliardar kroner til 48,0 milliardar kroner, mot 46,1 milliardar kroner året før. Innskot frå statskassa auka i 1999 med 16,5 milliardar kroner til 67,7 milliardar kroner, mot 51,2 milliardar kroner året før. Eigenkapitalen minka med 28,3 milliardar kroner til 31,1 milliardar kroner, mot 59,4 milliardar kroner ved utgangen av 1998. Dette kjem i hovudsak av at overføringsfondet er omgruppert til posten «anna innanlandsk gjeld» frå 1999.

Statens petroleumsfond er plassert som kroneinnskot på særskild konto i Noregs Bank. Noregs Bank plasserer desse midlane særskilt i bankens eige namn i aktiva denominerte i utanlandsk valuta. Forvaltninga blir handsama i samsvar med forskrift 3. oktober 1997 nr. 1073 for forvaltning av Statens petroleumsfond. Fondet utgjorde 31. desember 1999 222,3 milliardar kroner.

#### 4.2.2 **Resultatrekneskapen for 1999**

Tabell 4.4 viser Noregs Banks resultatrekneskap for 1999, samanlikna med tilsvarende tal for 1998.

Tabell 4.4: Noregs Banks resultatrekneskap for 1998 og 1999. Millionar kroner

	1998	1999
Renteinntekter utland	10 834,4	8 829,4
Avkastning, plassering for Statens petroleumsfond	21 571,5	30 295,5
Rentekostnader utland	391,5	759,2
Renteinntekter innland	1 073,0	1 152,3
Rentekostnader innland	26 635,9	32 856,7
<i>Netto renteinntekter utland og innland</i>	<i>6 451,5</i>	<i>6 661,3</i>
Netto kursreguleringar	17 719,0	(9 042,1)
<i>Netto renteinntekter og kursreguleringar</i>	<i>24 170,5</i>	<i>(2 380,8)</i>
Driftsinntekter	345,8	408,3
Driftskostnader	1 006,0	1 142,2
<i>Driftsresultat før tap på utlån</i>	<i>23 510,3</i>	<i>(3 114,7)</i>
Inngått / (tap) på utlån / fordringar	(0)	(0,3)
<i>Overskot før ekstraordinære postar</i>	<i>23 510,3</i>	<i>(3 115,0)</i>
<i>Overskot</i>	<i>23 510,3</i>	<i>(3 115,0)</i>
Overføringar:		
Overført fra kursreguleringsfondet	2 977,9	0
Overført fra overføringsfondet	3 400,6	0
Overført fra oppskrivningsfondet	83,7	3 371,8
<i>Til disposisjon</i>	<i>29 972,5</i>	<i>256,7</i>
Til statskassa fra overføringsfondet	3 400,6	0
Avsett til annan eigenkapital	0	132,6
Avsett til kursreguleringsfondet	0	124,1
Avsett til overføringsfondet	26 571,9	0
<i>Disponert i alt</i>	<i>29 972,5</i>	<i>256,7</i>

Kilde: Noregs Bank

Noregs Bank hadde i 1999 eit underskot etter kursreguleringar på 3,1 milliardar kroner, mot eit overskot på 23,5 milliardar kroner året før. Ifølgje års meldinga til Noregs Bank for 1999 har dette samanheng med endringar i priser på norske og internasjonale verdipapir, overgang til verdsetjing av verdipapir til marknadsverdi og kurstop på valuta.

Avkastninga på netto valutareservar gav eit tap på 1 231 millionar kroner i 1999 mot ein gevinst på 27 288 millionar kroner i 1998. Av tapet i 1999 utgjer tap på valuta 1 290 millionar kroner mot ein gevinst på 14 703 millionar kroner i 1998.

Samla renteinntekter for Noregs Bank var for 1999 10,0 milliardar kroner, mot 11,9 milliardar kroner i 1998. Renteinntektene frå innanlandske sektorar var i 1999 på 1,2 milliardar kroner, mot 1,1 milliardar kroner i 1998. Renteinntektene frå utanlandske sektorar i 1999 var 8,8 milliardar kroner, mot 10,8 milliardar kroner året før.

Netto driftskostnader for Noregs Bank var i 1999 på 733,8 millionar kroner, mot 660,2 millionar kroner i 1998. Personalkostnadene i 1999 utgjorde 513,9 millionar kroner, mot 484,0 millionar kroner ved utgangen av 1998.

#### 4.2.2.1 Disponering av overskotet i 1999

Retningslinjene for avsetjing og disponering av Noregs Banks overskot blei fastsette i kongeleg resolusjon 7. februar 1986. Retningslinjene er endra fleire gonger, seinast ved kongeleg resolusjon 17. januar 1997 og har følgjande ordlyd:

1. Av Norges Banks overskudd avsettes til kursreguleringsfondet inntil dette har nådd 10 % av bankens fordringer i norske verdipapirer og 20 % av bankens netto valutareserver unntatt immuniseringsporteføljen og de midler som forvaltes for Statens petroleumsfond, andre fordringer/forpliktelser overfor utlandet og eventuelt andre engasjementer som av hovedstyret vurderes å ha ikke ubetydelig kursrisiko. Immuniseringsporteføljen svarer til den del av Norges Banks valutareserver som er skilt ut som egen portefølje der avkastning godskrives/belastes staten i samme års regnskap. Det samme gjelder for porteføljen til Statens petroleumsfond. Dersom kursreguleringsfondet er større enn det som følger av forholdstallene nevnt i pkt. 1, første avsnitt, skal det overskytende tilbakeføres til resultatregnskapet.
2. Eventuelt overskudd etter avsetning til, eller tilførsel fra kursreguleringsfondet, avsettes til overføringsfondet.
3. Fra overføringsfondet overføres hvert årsoppgjør til statskassen et beløp svarende til gjennomsnittet av brutto avsetninger til overføringsfondet ved de tre foregående årsoppgjør.
4. Eventuelle underskudd i Norges Banks regnskap dekkes ved overføringer fra kursreguleringsfondet.»

Kursreguleringsfondet blei tilført 124 millionar kroner i 1999. Fondet utgjer etter dette 27 339,2 millionar kroner. Kursreguleringsfondet har likevel ikkje nådd storleiken som følgjer av punkt 1, 1. punktum i retningslinjene.

I samsvar med punkt 2 i retningslinjene blei det ikkje avsetning til overføringsfondet.

I samsvar med punkt 3 i retningslinjene blei det overført 10 685,1 millionar kroner til statskassa.

## 5 Verksemda til Kredittilsynet i 1999

Kredittilsynet er det sentrale offentlege organet som fører tilsyn med at finansinstitusjonane innrettar seg etter dei rettslege rammevilkåra som til kvar tid gjeld for finansmarknaden. Mellom anna skal Kredittilsynet sjå til at lover og forskrifter blir følgde.

Kredittilsynet skal, ifølgje kredittilsynslova § 8 andre ledd, kvart år gi Finansdepartementet ei melding om verksemda. I meldinga omtalar Kredittilsynet organisatoriske forhold, rekneskap og generelle spørsmål knytte til tilsynsarbeidet. Vidare blir det gitt ein nærmare omtale av arbeidet innanfor dei ulike tilsynsområda.

Etter § 1 i kredittilsynslova har Kredittilsynet tilsyn med finansinstitusjonar, under dette forretnings- og sparebankar, liv- og skadeforsikringsselskap, private, kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser og pensjonsfond, finansieringsføretak og forsikringsmeklarar. Etter kredittilsynslova § 1 nr. 13, jf. verdipapirhandellova § 12-1, har Kredittilsynet ansvar for å føre tilsyn med verksemda til verdipapirføretak og oppgjersentralar, og tilsyn med at reglane i verdipapirhandellova blir følgde. Det same gjeld kontrollen med eideomsmeklarar etter eideomsmeklarlova § 2-7, kontrollen med inkassoverksemde etter lov om inkassoverksemde § 24, kontrollen med forvaltning av verdipapirfond etter lov om verdipapirfond § 8-2, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 15, tilsynet med revisorar og revisjonsselskap etter kredittilsynslova § 1 nr. 9, tilsynet med sjøtrygdelag, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 11 og tilsynet med føretak som driv låneformidling, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 7. Kredittilsynet fører òg tilsyn med rekneskapsførarar etter rekneskapslova § 13, og med verksemder til filialar av kreditt- og finansinstitusjonar frå andre statar i dei høve slikt tilsyn ikkje blir ført av myndigheitene i heimlandet. Det blir òg ført tilsyn med filialar av norske finansinstitusjonar i utlandet.

Kredittilsynet skal etter lova sjå til at dei institusjonane det har tilsyn med, verkar på ein formålstenleg og trygg måte i samsvar med lov og føresegner og med det formalet og dei vedtektena som ligg til grunn for kvar einskild institusjon. For å utføre tilsynsoppgåvene skal Kredittilsynet granske rekneskap og andre oppgåver frå institusjonane og elles gjere dei undersøkingar om deira stilling og verksemde som Kredittilsynet finn naudsynt, jf. kredittilsynslova § 3.

Kredittilsynet blir leidd av eit styre på fem medlemmer, oppnemnde av Kongen for ein periode på fire år, jf. kredittilsynslova § 2 andre ledd.

Else Bugge Fougner, nestleiar i styret, blei i 1999 friteken frå sitt styrevær. Fram til dette hadde ho permisjon. Asbjørn Rødseth blei i brev av 27. august 1999 oppnemnd som nestleiar i styret. Same dag blei Hilde Myrberg oppnemnd som ny styremedlem og Morten Berg oppnemnd som andre vara-medlem. Fagdirektør i Noregs Bank, Asbjørn Fidjestøl, var observatør til styret, med fagdirektør Trond Eklund som varaobservatør.

Styret i Kredittilsynet er etter dette samansett som vist i boks 5.1.

**Boks 5.1 Styret i Kredittilsynet**

Professor dr. juris Erling Selvig, leiar

Professor Asbjørn Rødsæth, nestleiar

Advokat Eli Aas

Direktør Kolbjørn Almlid

Advokat Hilde Myrberg

Varamedlemmer:

Direktør Lisbet Hjort (første varamedlem)

Avd. direktør Morten Berg (andre varamedlem)

Representantar for dei tilsette:

Rådgivar Aud Kogstad

Rådgivar Kjell Engen

Rådgivar Gry Hege Karlsen (t.o.m. 24.09.1999)

Om administrasjon og personale heiter det i årsmeldinga (s 61):

«Ved utgangen av 1999 var det 149 fast tilsatte i Kredittilsynet, mot 139 ved utgangen av 1998. Av de fast tilsatte var 52 prosent kvinner.

Kredittilsynet har generelt sett tilfredsstillende tilgang på gode søkere, spesielt nyutdannede fra universitet og høgskoler. I tillegg legges det vekt på å knytte til seg medarbeidere med god kompetanse og bred erfaring fra bransjene. Når det gjelder tilgangen på kandidater med denne bakgrunnen og noen spesielle utdanningsgrupper, blant annet aktuarer, er likevel situasjonen noe mindre tilfredsstillende.»

Kredittilsynet overtok tilsynet med rekneskapsførarar (autorisasjonsordninga) frå 1. januar 1999. Sjølv om det blei gjort enkelte forenklingar i regelverket, har forvaltning og tilsyn synt seg særskrevjande, og meir enn det ein opphavleg rekna med.

Dei samla utgiftene til Kredittilsynet var 95,7 millionar kroner, ein auke på 10,0 prosent frå 1997. Utgiftene blir dekte ved innkrevjing frå dei tilsynspliktige.

Ein viser til Kredittilsynet si årsmelding for nærmare omtale av administrative tilhøve o.a. i Kredittilsynet. Årsmeldinga inneheld òg Kredittilsynet sitt syn på tilhøva i finansmarknaden og verksemder under tilsyn. Årsmeldinga frå Kredittilsynet følgjer som utrykt vedlegg til meldinga.

## 6 Verksemda i Statens Banksikringsfond i 1999

### 6.1 Det rettslege grunnlaget for Statens Banksikringsfond

Statens Banksikringsfond (SBF) blei skipa ved lov 15. mars 1991 nr. 2 «Om Statens Banksikringsfond.» Fondet har til formål å støtte opp om soliditeten i norske bankar gjennom å yte lån på særskilde vilkår (støttelån) til Forretningsbankenes sikringsfond og Sparebankenes sikringsfond. I særlege høve kan fondet òg kjøpe aksjar, grunnfondsbevis eller andre eigenkapitalinstrument i norske bankar og stille eigenkapitalgarantiar overfor norske bankar.

### 6.2 Organisasjon og leiing

Statens Banksikringsfond er organisert som eit eige rettssubjekt. Det øvste organet i fondet er eit styre som står for verksemda, og som forvaltar fondsmidlane. Før styret gjer vedtak som er særleg viktige, skal saka skriftleg leggjast fram for Finansdepartementet. Kongen kan i særskilde høve instruere styret i enkeltsaker. Denne retten er delegert til Finansdepartementet. Styret skal ha fått høve til å uttale seg skriftleg før departementet gjer vedtak om å instruere fondet. Departementet skal informere Stortinget om slikt vedtak.

Samansetjinga av styret for 1999 er vist i boks 6.1.

#### Boks 6.1 Styret i Statens Banksikringsfond i 1999

Professor Einar Hope, leiar  
Justitiarius Rakel Surlien, nestleiar  
Advokat Kristine Schei, styremedlem

Kredittilsynet og Noregs Bank peikar ut kvar sin representant som tek del i styremøta som rådgivarar. Rådgivarane i 1999 var avdelingsdirektør Sven-Henning Kjelsrud, Kredittilsynet og direktør Jan F. Qvigstad, Noregs Bank. Noregs Bank tek hand om sekretariatsfunksjonane. Forretningsførar for fondet var i 1999 direktør Jon A. Solheim. Det er gjort greie for arbeidsforma og saksbehandlinga til fondet i kredittmeldinga for 1991 og 1992.

Årsmeldinga om verksemda til Statens Banksikringsfond i 1999 blei gitt av styret 23. mars 2000, og følgjer som uttrykt vedlegg til meldinga.

### 6.3 Rekneskapen for 1999

Statens Banksikringsfond hadde i 1999 eit overskot på 142,5 millionar kroner. Hovuddelen av inntektene var utbytet på aksjar i Den norske Bank, med 140,4

millionar kroner. Fondet hadde dessutan renteinntekter på til saman 4,6 millionar kroner.

Fondet hadde i 1999 kostnader på til saman 2,5 millionar kroner. Forvaltningshonorar til Statens Bankinvesteringsfond og kostnader knytte til eit planlagt aksjesal utgjer hovuddelen av kostnadene. Ved utgangen av 1999 hadde fondet 104 millionar aksjar i DnB som i rekneskapen var verdsette til 1 040 millionar kroner. Marknadsverdien på aksjane var på same tid 3 421,6 millionar kroner. Fondet eig dessutan 100 prosent av aksjane i Oslobanken, som er under avvikling.

Forvaltningskapitalen til fondet var ved utgangen av 1999 på 1 111,8 millionar kroner.

Dei likvide midlane til fondet er, med unntak av inneståande på driftskonto og mindre beløp knytte til fordringar, plasserte som kontolån til staten. Konto-lån til staten utgjorde 66,4 millionar kroner ved utgangen av 1999. Fondet førte tilbake til staten 140,4 millionar kroner i 1999. Denne overføringa er ført direkte mot fondet sin eigenkapital.

#### **6.4 Verksemda i 1999**

---

Fondet har følgt opp Den norske Bank, Kreditkassen og Fokus Bank ved å gå gjennom dei kvartalsvise rapporteringane fra bankane. Fondet har også i 1999 arbeidd med forhold knytte til avviklinga av Oslobanken.

I årsmeldinga til Statens Banksikringsfond (SBF) frå 1999 er det gjort greie for avtaleverket mellom Statens Banksikringsfond og Den norske Bank, Kreditkassen og Fokus Bank. I årsmeldinga side 5 står det:

«SBFs avtaleverk med Kreditkassen og Den norske Bank ble i forbindelse med emisjonene i henholdsvis 1993 og 1994 reforhandlet og avløst av nye avtaler av henholdsvis 18. november 1993 og 31. januar 1994. SBFs avtale med Fokus Bank ble avløst av en ny avtale 30. mars 1995. De nye avtalene er tilpasset en normalisert situasjon i bankene og inneholder mer begrensede rapporteringskrav. De er beredskapsavtaler som sikrer SBF inngrepssmuligheter dersom bankene igjen skulle komme i en situasjon hvor de ikke oppfyller de lovbestemte krav til kapitaldekning. Avtalene faller bort på det tidspunkt Forretningsbankenes Sikringsfond (FS) har nådd sin lovbestemte størrelse eller på et tidligere tidspunkt når FS etter SBFs skjønn har tilstrekkelige midler til rådighet for sin lovbestemte virksomhet. Avtaletekstene om rapportering var opprinnelig noe forskjellig i de tre bankene. I 1995 ble avtaletekstene om rapportering noe endret, slik at de nå er identiske i de tre bankene.»

Det har frå styresmaktene si side vore lagt til grunn at egedelane som Statens Banksikringsfond har i norske bankar, skal vere avgrensa i tid, og at den lang-siktige eigarskapen skal forvaltast av Statens Bankinvesteringsfond. I samsvar med dette blei det ved lovendring 23. juni 1995 opna for at Statens Banksikringsfond kan overføre ansvaret for forvaltinga av aksjar til Statens Bankinvesteringsfond. Dette blei gjort i juli same år. Forvaltinga av aksjane til fondet skjer med grunnlag i ein avtale som dei to fonda inngjekk 12. januar 1995. Sjá omtale i Kredittmeldinga 1995, side 37.

Lov om sikringsordningar for bankar og offentleg administrasjon mv av finansinstitusjonar blei vedteken 6. desember 1996. I samband med framleg-

get til ny lov blei det tilrådd frå departementet at lov om Statens Banksikringsfond i løpet av relativt kort tid blir oppheva, og at verksemda i fondet blir avvikla. Departementet vil kome attende med forslag om oppheving av lov om Statens Banksikringsfond.

Våren 1997 vedtok Stortinget at det skulle oppretta ein granskingskomisjon som skulle gå gjennom årsakene til og handteringa av bankkrisa. Innstillinga frå utvalet blei levert til Stortinget 29. juni 1998 og behandla i Stortinget 6. mai 1999. Styret i SBF gjekk gjennom Innst. S. nr. 141 (1998 - 99), og dessutan referatet frå debatten i Stortinget og tok behandlinga til etterretning.

### *Oslobanken under avvikling*

Det blei vedteke i ekstraordinær generalforsamling 16. desember 1993 at Oslobanken skulle oppløysast, og ein valde eit avviklingsstyre som skulle stå for avviklinga av banken.

Fondet har i 1999 motteke halvårlege rapportar frå banken.

I 1999 fekk banken eit underskot på 21,8 millionar kroner. Aksjekapitalen i banken er tapt, og eigenkapitalen var negativ med 546 millionar kroner ved utgangen av 1999. Underdekninga er dekt inn gjennom eit lån frå Forretningsbankenes sikringsfond. Banken vil bli endeleg avvikla i 2000.

I samanheng med det avtaleverket som blei etablert i 1993 i samband med avviklinga av Oslobanken, stilte Forretningsbankenes sikringsfond ein garanti overfor Oslobanken som gjaldt eksisterande og framtidige skyldnader for banken. Ved avtale av 28. mai 1993 mellom Statens Banksikringsfond og Forretningsbankenes sikringsfond forplikta SBF seg til å skyte inn kapital i Oslobanken i den grad utbetalingane frå Forretningsbankenes sikringsfond i samband med garantien overfor Oslobanken sine kreditorar overstig 750 millionar kroner, men avgrensaa til 250 millionar kroner. Sett på bakgrunn av at Oslobanken hadde ein negativ eigenkapital på 546 millionar kroner ved utgangen av 1999, og at banken vil bli endeleg avvikla i 2000, inneber det at Fondet ikkje må betale ut endå meir.

## 7 Verksemda i Statens Bankinvesteringsfond i 1999

### 7.1 Det rettslege grunnlaget for Statens Bankinvesteringsfond

Statens Bankinvesteringsfond («Bankinvesteringsfondet (SBIF)») blei oppretta ved eiga lov av 29. november 1991 med ein grunnkapital på 4 500 millionar kroner. Statens Bankinvesteringsfond har som formål å stille ansvarleg kapital til rådvelde for norske bankar med utgangspunkt i forretningsmessige vurderingar, men kan i særlege tilfelle tileigne seg aksjar og grunnfondsbevis frå Statens Banksikringsfond, eller overta ansvarlege lån frå Statens Banksikringsfond utan at forretningsmessige vurderingar ligg til grunn for kjøpet.

### 7.2 Styre og administrasjon i Statens Bankinvesteringsfond

Statens Bankinvesteringsfond er eit eige rettssubjekt. Fondet har eit eige styre og ein administrerande direktør. Før styret gjer vedtak om bruk av midlar eller avhending av aktiva, skal saka skriftleg leggjast fram for Finansdepartementet. Finansdepartementet kan i særlege tilfelle instruere styret i enkelt-saker. Styret skal ha løyve til å uttale seg før Finansdepartementet gjer slike vedtak.

Samansetjinga av styret i 1999 er vist i boks 7.1.

#### Boks 7.1 Styret i Statens Bankinvesteringsfond i 1999

Advokat Erik Keiserud, leiar  
Professor Hermod Skåland, nestleiar  
Viseadministrerande direktør Anita Roarsen, medlem  
Sjeføkonom Stein Reegård, medlem  
Likestillingsombod Anne Lise Ryel, medlem

Advokat Endre Skjørestad og ordførar Elisabeth Nilsen blei oppnemnde som medlemmer etter sjeføkonom Stein Reegård og likestillingsombod Anne Lise Ryel høvesvis 16. juni 2000 og 14. juli 2000.

Administrasjonen har i 1999 hatt tre tilsette. Siviløkonom Jan W. Hopland er administrerande direktør i fondet. I tillegg bruker fondet faste eksterne rådgivarar. Fondet bruker òg eksterne rådgivarar (både utanlandske og norske) for nærmare definerte leiings- og rådgivningsoppgåver.

Årsmeldinga for arbeidet i Statens Bankinvesteringsfond i 1999 blei lagd fram av styret 8. februar 2000, og følger som utrykt vedlegg til meldinga.

### 7.3 Rekneskap og balanse i 1999

---

Rekneskapen viser eit årsresultat for 1999 på om lag 2,78 milliardar kroner, mot 750,0 millionar kroner i 1998. Skilnaden mellom dei to periodane kjem hovudsakleg av gevinst ved sal av aksjar i Christiania Bank og Kreditkasse («Kreditkassen») i 1. kvartal 1999, og dessutan av høgare samla renteinntekter.

I samsvar med forvaltningsavtalen mellom Bankinvesteringsfondet og Statens Banksikringsfond datert 12. januar 1995 har Bankinvesteringsfondet inntektsført 1,4 millionar kroner i forretningsførarhonorar i 1999.

Sum renter av bankinnskot og kontolån har auka som følgje av høgare gjennomsnittsbehaldning av likvide midlar samanlikna med same periode i fjor.

Bankinvesteringsfondet har ikkje gitt tilsegn om deltaking i ny ansvarleg kapital i 1999.

Netto salsgevinst etter salet av 90 millionar aksjar i Kreditkassen i 1. kvartal vart om lag 2,1 milliardar kroner. Brutto salsverdi utgjorde 2,8 milliardar kroner.

Andre driftskostnader, inkludert løn for kontoret, er noko høgare enn i 1998. Dette kjem hovudsakleg av at det er brukt konsulentar i samband med vurdering av fusjonen mellom Postbanken og Den norske Bank («DnB»).

Marknadsverdien av Bankinvesteringsfondet sin portefølje av aksjar i DnB og Kreditkassen var 15,1 milliardar kroner per 31. desember 1999, noko som svarar til ein meirverdi på om lag 10,6 milliardar kroner samanlikna med bokført verdi på same tidspunkt. Dette var etter at det i løpet av året er selt aksjar for om lag 2,8 milliardar kroner. Meirverdien i fjor utgjorde 8,8 milliardar kroner.

Heile årsoverskotet på om lag 2,8 milliardar kroner er avsett til utbytte til staten.

Resultatet for porteføljen til Banksikringsfondet utgjer 140,4 millionar kroner, mot 181 millionar kroner i 1998. Meirverdien i porteføljen utgjorde 2 381,6 millionar kroner per 31. desember 1999, mot 1 789 millionar ved førre års-skifte.

Den samla verdipapirporteføljen som Bankinvesteringsfondet forvaltar, hadde i 1999 eit samla nettoresultat på 2 916,8 millionar kroner etter frådrag av kostnader, mot 931,1 millionar førre år.

Samla marknadsverdi for porteføljen som Bankinvesteringsfondet forvaltar, utgjorde 18 533 millionar kroner per 31. desember 1999 (etter sal av aksjar for 2,8 milliardar kroner) mot ein marknadsverdi på i alt 16 756,1 millionar kroner ved førre årsskifte. Total meirverdi i heile porteføljen utgjorde 12 986 millionar kroner ved årsskiftet, mot 10 619 millionar kroner ved utgangen av 1998.

### 7.4 Verksemda i Statens Bankinvesteringsfond i 1999

---

DnB hadde god kursutvikling, på linje med den norske finansindeksen i 1999. Samla avkastning på aksjane i DnB inkludert utbyte var på 31,2 prosent. For Kreditkassen var avkastninga endå sterkare. Fram til 17. september 1999, då MeritaNordbanken la inn bod på aksjane, var avkastninga på 36,1 prosent, og

steig endå meir etter bodet, slik at ho ved årsavslutninga var heile 57,3 prosent. Omsetninga av aksjar i DnB og Kreditkassen har i 1999 vore svært god, med ei samla omsetning på 13,9 og 31,2 milliardar kroner, i samhøve med tal frå Oslo Børs.

Ved utgangen av 1999 hadde Bankinvesteringsfondet eigardelar i DnB og Kreditkassen til ein bokført verdi på i alt 4 507,1 millionar kroner. I tillegg til dette forvalta Bankinvesteringsfondet ein portefølje av aksjar i DnB for Banksikringsfondet med ein bokført verdi på 1 040,0 millionar kroner. Eigardelane i dei einskilde bankane og marknadsverdien av desse er viste i tabell 7.1.

*Tabell 7.1: Eigardel og marknadsverdi i dei ulike bankane ved utgangen av 1998 og 1999*

(Beløp i mill. kroner)	31.12.99		31.12.98	
	Eigardel	Marknadsverdi	Eigardel	Marknadsverdi
DnB <sup>1</sup>	42,9 %	10 988,6	52,1 %	9 084,8
Kreditkassen	34,6 %	7 544,5	51,0 %	7 671,3
Sum		18 533,1		16 756,1

<sup>1</sup> Eigardelen i Postbanken blei overført til Statens Bankinvesteringsfond 31. januar 2000.

Kilde: Statens Bankinvesteringsfond

Utanlandsdelen på Oslo Børs heldt seg relativt stabil i 1999. Andelen fall i første halvår frå 31,7 prosent til 28,8 prosent ved midten av året. Ved utgangen av 1999 var utanlandsdelen på 31,5 prosent, i samhøve med tal frå Oslo Børs. Utlandet sin del av «frie» aksjar i DnB og Kreditkassen er ein god del høgare enn gjennomsnittet for børsen. Prosentdelen av utanlandske eigarar auka ytterlegare i løpet av året. For Kreditkassen kan dette sjåast i samanheng med at MeritaNordbanken har kjøpt 10 prosent av aksjane. Tabell 7.2 viser korleis aksjane i DnB og Kreditkassen var fordelte ved utgangen av 1999.

*Tabell 7.2: Eigardelane til ulike grupper i prosent av samla aksjekapital*

	31.12.99		31.12.98	
	DnB	Kreditkassen	DnB	Kreditkassen
SBF/SBIF <sup>1</sup>	60,6	34,6	52,2	51,0
Noreg elles	19,7	27,6	28,1	26,2
Utlandet	19,7	37,8	19,7	22,8
Sum	100,0	100,0	100,0	100,0
Utlandet sin del av aksjane i marknaden	49,9	57,8	41,2	46,5

<sup>1</sup> Medrekna eigardelen i Postbanken.

Kilde: Oslo Børs

## 7.5 Sal av aksjar i Kreditkassen

I omtalen til punkt 3.4.14 Kap 5350 «Tilbakeføring av midler fra Statens Banksikringsfond» i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (1997 - 98) «Om endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet medregnet folketrygden 1998» heiter det mellom anna:

«Regjeringen legger til grunn at Statens Bankinvesteringsfond og Statens Banksikringsfond selger aksjene i DnB og i Kreditkassen i 1998 slik at fondenes eierandel i de to bankene reduseres til 1/3. En vil gjennom salget søke å oppnå et spredt eierskap i de to bankene.»

Komiteen sitt fleirtal, alle utanom Sosialistisk Venstreparti, sluttet seg til dette, jf. Budsjett-innst. S. nr. I. (1997 - 98).

Den 21. januar 1999 offentleggjorde Bankinvesteringsfondet at Salomon Smith Barney var vald til global co-ordinator og rådgivarfor nedsalet i Kreditkassen. Christiania Markets var vald til å leie det offentlege salet til publikum i Noreg saman med DnB Markets og Karl Johan Fonds. Salomon Smith Barney fekk ansvaret for å leie det institusjonelle syndikatet saman med Alfred Berg, Carnegie og Banque Paribas som co-leads, mens Christiania Markets, Fondsfinsans og Pareto var valde til å vere co-managers i den institusjonelle transjen.

Det blei lagt særleg vekt på å tilretteleggje salet for ei best mogleg spreiing blant private investorar i Noreg. I samband med salet blei den mest omfatande marknadsføringskampanjen for ein enkelt aksje som nokon gong har vore retta mot den norske marknaden, gjennomført. Ferdig utfylte kjøpsblankettar vart sende til nærmere 350 000 privatpersonar. Kampanjen vart støtt av ein brei avis kampanje i salsperioden, og for første gong blei TV-reklame nytta for sal av ein enkelt aksje i Noreg.

Eigne internetsider ([www.bankaksjer.no](http://www.bankaksjer.no)) blei oppretta i samband med salet. På internetsidene blei det gitt allmenn informasjon og høve til å laste ned informasjonsbrosjyre, internasjonalt prospekt og teikningsblankett. Meir enn 55 000 besøkte internettadressa. I tillegg vart det oppretta eit eige telefon-senter, der interessentar kunne få informasjon.

Distribusjonsnettet til tilretteleggjarane blei i stor grad brukt under salet. Filialane til Kreditkassen var aktivt nytta, og informasjon om salet var også til stades i filialane til DnB, Sparebanken NOR og andre lokale sparebankar. Til saman var salet representert i 700 filialar. I tillegg vart det halde presentasjoner for massemarknaden i 24 norske byar.

Salsperioden var frå 8. mars til 19. mars 1999. I salsperioden heldt representantar for leiinga i Kreditkassen, tilretteleggaren og seljaren presentasjoner for 141 institusjonar. 71 av presentasjonane vart haldne separat for store institusjonar i Europa og USA.

I overkant av 50 prosent av institusjonane som blei besøkte, kjøpte aksjar i Kreditkassen. Totalt var det nesten 300 institusjonelle investorar som etterspurde aksjar i Kreditkassen. 61 millionar aksjar vart etterspurde av norske aktørar, og 157 millionar blei etterspurde av utanlandske aktørar.

Oppslutninga blant private investorar i Noreg var stor. Om lag 18 000 interessentar etterspurde 38 millionar aksjar. Dette var ein auke i forhold til resultata frå andre transaksjonar ein kan samanlikne med.

Totalt blei det etterspurt 256 millionar aksjar. Sett i samanheng med at Bankinvesteringsfondet skulle selje 90 millionar aksjar, var dette tilfredsstillande.

I prospektet og informasjonsbrosjyren blei det spesifisert at ein ville tilgodesjá private investorar i tilfelle overteikning. Alle private aksjonærar som etterspurde mindre enn 3 000 aksjar, fekk 100 prosent tildeling. Dei same til-

delingskriteria blei brukte både for norske og utanlandske institusjonelle investorar. Totalt sett blei 48 prosent av aksjane selde til norske aksjonærar, jf. tabell 7.3. Tildelinga og salskursen på aksjane blei offentleggjorde 22. mars 1999.

Tabell 7.3: Fordelinga av etterspurde og tildelte aksjar i millionar

	Etterspørsel	Tildelt	Prosentdel
Private investorar	38	23	25
Norske institusjonar	61	21	23
Utanlandske institusjonar	157	47	52
Sum	256	90	100

Kilde: Statens Bankinvesteringsfond

Generelt sett var det god spreiing på etterspørsele, jf. tabell 7.4.

Tabell 7.4: Fordelinga av tildelte aksjar etter land i prosent

Tildeling etter land	Prosentdel
Noreg	48
USA	19
Italia	13
Storbritannia	7
Tyskland	5
Sverige	3
Andre	5
Sum	100

Kilde: Statens Bankinvesteringsfond

I samband med internasjonale nedsal har aksjekursen ifølgje Bankinvesteringsfondet ofte hatt därlegare utvikling enn liknande aksjar i perioden før og under salet. Etter salet har aksjane ofte stige meir enn tilsvarande aksjar i marknaden. Aksjekursen til Kreditkassen utvikla seg derimot godt både før og under salet i forhold til aksjekursen til institusjonar ein kan samanlikne med. I perioden etter salet var aksjekursen stabil. Sett i samanheng med den gode etterspørsele tyder dette på at marknadsføringa, både nasjonalt og internasjonalt, var vellukka.

## 7.6 Fusjon mellom Den norske Bank ASA og Postbanken BA

Styra i DnB og Postbanken inngjekk 23. mars 1999 ein avtale med sikte på samanslåing av dei to finanskonserna med DnB som overtakande selskap. Bakgrunnen for samanslåinga var å utnytte områda der institusjonane utfylte kvarandre.

Som fusjonsvederlag fekk Postbanken sin eineaksjonær (staten) aksjar i DnB, som med ein aksjekurs på 30,40 kroner utgjorde 4 200 millionar kroner.

I tillegg blei det til ein aksjonær i Postbanken utbetalt ein kontantsum på 300 millionar kroner frå den frie eigenkapitalen i Postbanken. Aksjonærane i DnB eig 82,3 prosent og ein aksjonær i Postbanken eig 17,7 prosent av det fusjonerte selskapet. Finansdepartementet har etter årsavslutninga overført aksjane frå fusjonsoppgjeret til Bankinvesteringsfondet.

Det blei vedteke å auke aksjekapitalen i DnB med 1 381,6 millionar kroner, frå 6 405,0 millionar kroner til 7 786,6 millionar kroner, ved nyttekning av 138 157 895 aksjar som følgje av fusjonen.

Det blei spesifisert at resultateffekten av potensielle kostnadsinnsparinger og pårekna meirsal bør kunne ligge på rundt 450 millionar kroner og mellom 150 og 200 millionar kroner før skatt på årsbasis i løpet av ein tre- til femårsperiode.

Rådgivarane til DnB og Postbanken, Merrill Lynch, Morgan Stanley og Orkla Finans, har uttala at fusjonsvederlaget framstår som rimeleg («fair») frå eit finansielt synspunkt.

Det blei annonsert at den nye banken ville få ein forvaltningskapital på 315 milliardar kroner. I tillegg til filialnettet til DnB skal 900 postkontor og 2 500 landpostbod kunne nyttast til banktenester.

Fusjonsplanen var ferdig handsama, ogprospekt sendt til aksjonærane og offentleggjort 11. mai 1999 saman med innkalling til ekstraordinær generalforsamling i dei fusjonerande selskapa. Styret i Bankinvesteringsfondet støtta forslaget og deltok i valkomiteane som førebudde den formelle fusjonsprosesen. Aksjonærane i dei to selskapa stemde for fusjonsforslaget på ekstraordinær generalforsamling den 30. juni 1999. Finansdepartementet gav 14. oktober 1999 DnB ASA og Postbanken AS løyve til å fusjonere, og fusjonen tok til å gjelde 1. desember 1999.

## **7.7 Omorganisering av DnB-konsernet**

---

Finansdepartementet vedtok i brev av 3. juli 1998 å stille som vilkår for godkjening av kjøpet av aksjane i Vital Forsikring ASA («Vital»), at DnB-konsernet skulle omorganiserast slik at eit nytt holdingselskap blei eigar av mellom anna DnB og Vital.

Den statlege eigarskapen var tidlegare direkte knytt til ei bestemt organisering av kvart einskilt konsern, der bank inngår som ein del av verksemda. I 1999 blei lova om Statens Bankinvesteringsfond endra slik at eigarskapen til Bankinvesteringsfondet også kan omfatte holdingselskap som mellom anna eig bankar. Bankinvesteringsfondet sit i valkomiteen i konsernet.

Den 20. desember 1999 vedtok den ekstraordinære generalforsamlinga i Den norske Bank ASA og DnB Holding ASA å omorganisere DnB-konsernet til eit finanskonserv med DnB Holding ASA som morselskap, ved at alle aksjane i Den norske Bank ASA blei bytte ut med aksjar i DnB Holding ASA.

## **7.8 Sal av aksjar i Den norske Bank**

---

Som nemnt under punkt 7.5 heiter det i omtalen til punkt 3.4.14 Kap 5350 «Tilbakeføring av midler fra Statens Banksikringsfond» i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3

(1997 - 98) «Om endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet medregnet folketrygden 1998», mellom anna at:

«Regjeringen legger til grunn at Statens Bankinvesteringsfond og Statens Banksikringsfond selger aksjene i DnB og i Kreditkassen i 1998 slik at fondenes eierandel i de to bankene reduseres til 1/3. En vil gjennom salget søke å oppnå et spredt eierskap i de to bankene.»

Den 16. mars 1998 opplyste Bankinvesteringsfondet i ei pressemelding at Warburg Dillon Read var vald til global co-ordinator og rådgivar for det planlagde samla nedsalet av aksjar i DnB. På grunnlag av utviklinga i aksjemarknadene planla Bankinvesteringsfondet å gjennomføre eit heilt eller delvis nedsal i DnB i løpet av mai/juni 1998.

Avgjerda i styret og representantskapet i DnB den 6. mai 1998 om at Finn A. Hvistendahl skulle gå av som konsernsjef, og at Svein Aaser skulle tilsettast som ny konsernsjef i DnB, medførte at salssyndikatet under leing av Warburg Dillon Read rådde Bankinvesteringsfondet til å utsetje eit nedsal av aksjar i DnB til tidlegast september 1998 etter at Svein Aaser hadde begynt i stillinga.

Det internasjonale kursfallet på ettersommaren gjorde det likevel naturleg å utsetje tidspunktet for nedsalet til 1999 eller når dei forretningsmessige og marknadsmessige tilhøva såg ut til å liggje betre til rette for det.

I mars 1999 innleidde som nemnt DnB fusjonsforhandlingar med Postbanken. Fusjonen blei gjennomført 1. desember 1999. Bankinvesteringsfondet fann det ikkje naturleg å gjennomføre nedsalet så lenge det gjekk føre seg ein fusjonsprosess med Postbanken.

Med bakgrunn i Statens Bankinvesteringsfond sitt arbeid med moglege strukturelle løysingar for DnB og Kreditkassen, jf. omtalen under punkt 7.9, er det tidlegare syndikatet for nedsal av aksjar i DnB oppløyst. Den nærmere framgangsmåten for salet vil bli vurderte seinare. Det blir lagt til grunn at staten sin eigardel i DnB skal reduserast i 2001, dersom ikkje marknadsforhold skulle tilseie noko anna. Elles viser ein til St.meld. nr. 38 (1999 - 2000).

## 7.9 Om statens eigarskap i DnB og Kreditkassen

---

Den 20. september 1999 offentleggjorde MeritaNordbanken Plc («MeritaNordbanken») eit tilbod til aksjonærane i Kreditkassen. Tilbodsperioden var venta å vare frå 28. september 1999 til 29. oktober 1999, men har seinare blitt forlengd fleire gonger.

I St.meld. nr. 11 (1999 - 2000), Kredittmeldinga 1998, lagd fram 29. oktober 1999, blei det peika på at det å redusere eigardelen i DnB eller Kreditkassen til under ein tredel ville vere i strid med dei retningslinjene Stortinget då hadde gitt for den statlege eigarskapen.

I innstillinga til Kredittmeldinga 1998, Innst. S. nr. 44 (1999 - 2000), uttala fleirtalet i finanskomiteen mellom anna «at staten må medverke til å etablere ei sterkt norsk løysing på finansmarknaden, slik at den nasjonale eigarskapen ikkje vert svekka», og «at eit eventuelt sal av aksjar i Kreditkassen ikkje kan gjennomførast før ein har sett kva for ei norsk løysing som kan etablerast».

I brev frå Finansdepartementet av 9. desember 1999 fekk Bankinvesteringsfondet i oppdrag å arbeide med moglege strukturelle løysingar for DnB og Kreditkassen.

I St.meld. nr. 38 (1999 - 2000) «Om statens eierskap i Kreditkassen», som blei lagt fram 26. mai 2000, orienterer Finansdepartementet om arbeidet med moglege strukturelle løysingar for DnB og Kreditkassen, og om kva retningslinjer som vil bli lagde til grunn for den vidare utøvinga av eigarskapen. I meldinga heiter det mellom anna:

«Statens Bankinvesteringsfond har på oppdrag av Finansdepartementet utredet mulige strukturelle løsninger for DnB og Kreditkassen. Arbeidet ble utført på bakgrunn av Stortingets behandling av Kredittmeldinga 1998, St.meld. nr. 11 (1999 - 2000), jf. Innst. S. nr. 44 (1999 - 2000). Statens Bankinvesteringsfond ble gitt utredningsoppdraget som et ledd i Bankinvesteringsfondets forvaltning av det statlige eierskapet i de to bankene.

Finansdepartementet mottok 19. mai 2000 en orientering fra Statens Bankinvesteringsfond om arbeidet. Departementet konstaterer at det ennå ikke har vist seg mulig å nå fram til forslag som ville gi grunnlag for en ny, sterk norsk finansløsning. På dette grunnlag har departementet besluttet å avslutte oppdraget til Statens Bankinvesteringsfond.

Departementet ønsker å konsentrere det statlige eierskapet i en nasjonal enhet, bygget rundt DnB, og legger med dette fram en melding om at retningslinjene for det statlige eierskapet endres, slik at det åpnes for salg av statens eierandeler på 34,6 prosent i Kreditkassen. Departementet bekrefter at det ikke er aktuelt for Statens Bankinvesteringsfond å akseptere det budet som MeritaNordbanken la fram 20. september 1999 om kjøp av aksjene i Kreditkassen.

Et salg av statens eierandel i Kreditkassen må skje ut fra forretningmessige kriterier, og Bankinvesteringsfondet vil få i oppdrag å gjennomføre salget på en måte og på et tidspunkt som ivaretar statens interesser som eier.»

Stortinget slutta seg til forslaget frå regjeringa om å endre retningslinjene for den statlege eigarskapen under stortingsbehandlinga av St.meld. nr. 38 (1999 - 2000), jf. Innst. S. nr. 245 (1999 - 2000). I innstillinga heiter det mellom anna:

«Fleirtalet har merka seg at departementet har avslutta oppdraget til Statens Bankinvesteringsfond. Dette er grunngjeve med at det arbeidet som var gjennomført pr. 19. mai 2000 enno ikkje var mogleg å få fram forslag som ville gje grunnlag for ei ny, sterk norsk finansløsning. Fleirtalet meiner målet om ei sterk norsk finansløsning ligg fast. Fleirtalet sluttar seg til at det statlege eigarskapet bør konsentrerast om den nasjonale eininga som alt er bygd rundt DnB gjennom fusjonen med Postbanken.

Med bakgrunn i målet om å oppretthalde statleg innverknad i ein finansinstitusjon bygd rundt DnB, sluttar fleirtalet seg til at staten sine aksjar i Kreditkassen kan seljast. Fleirtalet har merka seg at departementet gjer framlegg om at Statens Bankinvesteringsfond vert gjeve i oppdrag å gjennomføre salet på ein forretningmessig best mogleg måte, og sluttar seg til dette.

<...>

Fleirtalet i komiteen, alle unntake medlemen frå Sosialistisk Venstreparti, har merka seg at departementet ikkje har lagt fram noko forslag om tidsplan for salet av aksjane. Fleirtalet legg til grunn at salet må skje på eit forretningmessig grunnlag. Fleirtalet vil understreke at det er bruk for ei rask avklaring, ikkje minst er det viktig for dei mange tilsette som har levd med uvisse om banken si framtid i lang tid. Fleirtalet

forutsett difor at det vert lagt til rette for at eit sal vil skje utan unødvendig opphold.»

I brev av 20. juni 2000 frå Finansdepartementet til Statens Bankinvesteringsfond ber departementet Bankinvesteringsfondet om å begynne å førebu eit sal av statens aksjar i Kreditkassen. I brevet heiter det mellom anna:

«Salget skal skje på et forretningmessig grunnlag, og ellers baseres på de retningslinjer som er lagt i St.meld. nr. 38 (1999 - 2000) og i Innst. S. nr. 245 (1999 - 2000).

Det legges til grunn at salget foretas uten unødig opphold. Det vises til uttalelsen fra flertallet i finanskomiteen, alle unntatt medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og representanten Steinar Bastesen, om at salget bør være gjennomført i løpet av sommeren og høsten.»

I brev av 22. august 2000 frå Finansdepartementet til Statens Bankinvesteringsfond ber departementet Bankinvesteringsfondet om at saka knytt til salet av statens aksjar i Kreditkassen først blir lagd fram for departementet etter Statsbudsjettet, St.ppr. nr. 1 (2000 - 2001), er lagt fram. I brevet heiter det mellom anna:

«Det vises til det forestående salget av aksjer i Kreditkassen, jf. departementets brev av 20. juni 2000. I brevet ble det bl.a. lagt vekt på at salget skal skje uten ugrunnet opphold uten at det ble fastsatt noe bestemt tidspunkt.

Statens Bankinvesteringsfond er et eget rettssubjekt. Styret i Statens Bankinvesteringsfond skal forelegge saken for departementet i henhold til lov om Statens Bankinvesteringsfond § 4.

Departementet ber om at foreleggelse av saken først skjer etter at statsbudsjettet er lagt fram. På denne måten vil det ikke kunne stilles spørsmål ved om staten har noen annen informasjon enn andre aktører i markedet.»

Bankinvesteringsfondet forventar at den pågåande budprosessen knytt til salet av Kreditkassen vil vere avslutta innan utgangen av oktober 2000, og at bydaren deretter vil gi eit offentleg tilbod til alle aksjonærar.

## 8 Verksemda til Folketrygdfondet i 1999

### 8.1 Innleiing

---

Stortinget fastsette 20. juni 1997 eit nytt regelverk for administrasjon av Folketrygdfondet og for forvaltning av midlane, revisjon o.a. i medhald av § 23 - 11 fjerde ledd i lov av 28. februar 1997 nr. 19 «Om folketrygd». Det nye regelverket erstatta det regelverket som blei fastsett av Stortinget 15. februar 1990 med seinare endringar, siste gongen 21. juni 1996. Ein erstatta det gamle regelverket av formelle grunnar mellom anna som følgje av at ein endra lova om folketrygd. Etter reglane skal styret for fondet sende årsmelding og rekneskap til Finansdepartementet, som på si side skal leggje fram melding for Stortinget. Årsmeldinga og rekneskapen for 1999 blei sende til departementet i brev av 9. mars 2000, og følgjer som utrykt vedlegg til denne meldinga.

### 8.2 Styre og administrasjon

---

I samsvar med regelverket for Folketrygdfondet forvaltar eit styre med ni medlemmer midlane til fondet. For kvar medlem skal det oppnemnast ein varamedlem. Samansetjinga av styret i 1999 er vist i boks 8.1.

#### Boks 8.1 Styret i Folketrygdfondet i 1999

Bjørg Ven, Oslo, leiar  
varamedlem: Inger-Johanne Lund, Oslo  
Per Gunnar Olsen, Oslo, nestleiar  
varamedlem: Kjell Samuelsen, Borgenzaugen  
Stein Blindheim, Molde  
varamedlem: Linda Orvedal, Flåm  
Anne Breiby, Ålesund  
varamedlem: Kjell E. Helland, Ranheim  
Tove Lehre, Lillehammer  
varamedlem: Svein Kiran, Oslo  
Per Arne Olsen, Tolvsrød  
varamedlem: Terje Søviknes, Lysekloster  
Anna Kristine Jahr Røine, Fetsund  
varamedlem: Ola Prestegarden, Tretten  
Oddvar Skaiaa, Grimstad  
varamedlem: Johanna Myklebust, Blaksæter  
Harald Ellefsen, Trondheim  
varamedlem: Anne Berit Andersen, Søgne

Styremedlemmene og varamedlemmene blir oppnemnde av Kongen for fire år. Medlemmene Ven, P.G. Olsen, Blindheim, Skaiaa og Ellefsen er opp-

nemnde for perioden fram til 15. mai 2002, og dei andre medlemmene og vara-medlemmene for perioden fram til 15. mai 2000.<sup>2)</sup>

Anna Kristine Jahr Røine fungerte ikkje i styret i perioden 18. oktober 1999 til 10. mars 2000, då ho var statssekretær for regjeringa Bondevik. Varamedlem Ola Prestegarden fungerte i hennar plass i denne perioden.

Administrasjonen i Folketrygdfondet har gradvis blitt styrkt dei siste åra ved ein auke i talet på tilsette. Ved utgangen av 1999 hadde fondet 21 tilsette. Dei samla administrasjonsutgiftene til fondet, medrekna husleige, løn, styrehonorar o.a., utgjorde 24,1 millionar kroner i 1999. Dette var 4,5 millionar kroner, eller 23 prosent meir enn i 1998. 2,2 millionar kroner av auken kjem av auke i lønskostnadene, som igjen hadde samanheng med auken i talet på tilsette. Fondet fekk i 1999 auka talet på stillingsheimlar frå 19 til 23 stillingar. «Andre driftskostnader» er den av dei andre enkeltkomponentane i rekneskapen som hadde mykje av auken (1,5 millionar kroner). Ifølgje fondet kom kostnadsauken i stor grad av store vedlikehaldskostnader til dei elektroniske informasjons- og styringssystema i fondet.

Finansdepartementet ser positivt på at Folketrygdfondet styrker mellom anna risikoovervakainga og systemet for risikostyring. Ein er innforstått med at ei slik opprusting krev ressursar. Departementet legg til grunn at Folketrygdfondet, med den opprustinga som fondet har gjort fram til no, er kome langt i dette arbeidet, og at kostnadsauken i tida framover ikkje blir så stor som han har vore dei siste åra. Departementet legg i denne samanhengen også til grunn at talet på tilsette ikkje skal stige vesentleg i tida framover.

### **8.3 Reglar for plasseringsverksemda**

---

Styret for Folketrygdfondet har ansvaret for forvaltninga av midlane til fondet innanfor dei retningslinjene Stortinget har fastsett og eventuelle nærmare retningslinjer som er gitt av Kongen i medhald av § 9 i fondet sitt regelverk.

§ 5 i regelverket for Folketrygdfondet lyder som følgjer:

«Styret har ansvaret for at fondets midler anbringes med sikte på best mulig avkastning under hensyntak til betryggende sikkerhet og den nødvendige likviditet. Styret skal påse at det er etablert et betryggende risikostyringssystem for fondets forvaltning.

Fondets midler kan plasseres i norske ihendehaverobligasjoner og sertifikater, som kontolån til statskassen og som innskudd i Postbanken og forretnings- og sparebanker. Innenfor en ramme på 20 pst. av forvaltningskapitalen kan fondets midler plasseres i aksjer i selskaper notert på norsk børs og, etter godkjennin fra Finansdepartementet, aksjer i norske selskaper ellers hvor aksjene er gjenstand for regelmessig og organisert omsetning, børsnoterte grunnfondsbevis i norske sparebanker, kreditforeninger og gjensidige forsikringsselskaper, og børsnoterte konvertible obligasjoner og børsnoterte obligasjoner med kjøpsrett til aksjer i norske selskaper. Fondet kan delta i emisjoner i ikke-børsnoterte aksjer i norske selskaper umid-

<sup>2)</sup> Medlemmene Breiby, Lehre, P.A. Olsen og Jahr Røine og dessutan varamedlemmene Søviknes og Prestegarden er i 2000 blitt oppnemnde for ein ny periode på fire år. Varamedlemmene Helland og Kiran er samstundes blitt erstatta av Ernst Woldsen og Ingvild Strømsheim Vold.

delbart før børsintroduksjon, dersom det er klargjort på emisjonstidspunktet at de aktuelle aksjene vil bli børsnotert kort tid etter emisjonen.

Annet ledd er ikke til hinder for at Folketrygdfondet kan beholde aksjer i norsk selskap som i forbindelse med oppkjøp, fusjon el. endrer status til å bli utenlandsk selskap.

Fondet kan videre, innenfor den samlede rammen på 20 pst. av fondskapitalen, gå inn med egenkapitalinnskudd i form av ikke-børsnoterte papirer, i tilfelle hvor fondet står i fare for å lide betydelige tap på plasseringer i obligasjoner. Dette må i så fall være ledd i en koordinert aksjon, hvor en dominerende gruppe av kreditorene deltar, og hvor siktemålet for fondet alene er å trygge fondets egne interesser.

Folketrygdfondet kan eie andeler for inntil 15 pst. av total aksjekapital eller grunnfondsbeviskapital i ett enkelt selskap. Styret kan ta opp kortsiktige lån dersom dette finnes hensiktsmessig.

Folketrygdfondet kan, etter nærmere retningslinjer fastsatt av Finansdepartementet, inngå salgs- og gjenkjøpsavtaler knyttet til egenkapitalinstrumenter og rentebærende instrumenter der erververen av instrumentene etter avtalen har plikt til å tilbakeføre disse til selger.»

Heimelen i § 9 i reglementet til å gi nærmere retningslinjer om forvaltninga blei delegert til Finansdepartementet ved kongeleg resolusjon 17. januar 1992. Slike retningslinjer er av generell karakter, til dømes ved at ein fastset kvantitative rammer for verksemda.

Finansdepartementet fastset, med heimel i § 9 i retningslinjene, kvart år ramma for Folketrygdfondet sin auke i investeringar i private og kommunale obligasjoner og sertifikat (utan statsgaranti), bankinnskot og aksjar. Folketrygdfondet kan på førehand kome med innspel til ramme. I brev av 5. januar 1999 til departementet foreslår fondet ein auke av ramma for private og kommunale plasseringar på 2,5 milliardar kroner i 1999. Fondet skriv at «... det er av vesentlig betydning for FTFs avkastningsutvikling og plasseringmessige handlefrihet under skiftende markedsforhold at en rimelig andel av den årlige kapitaltilvekst kan investeres i ikke-statlige verdipapirer (medrekna bankinnskudd). Samtidig vil en påpeke at den statlige andel av FTFs samlede plasseringer har vært økende over de senere år, hvilket - med de nåværende rammebetingelser for plasseringer i statlige papirer - innebærer at FTFs portefølje av verdipapirer har en vesentlig lavere likviditetsgrad enn hva som er ønskelig».

Finansdepartementet fastsette i brev av 12. februar 1999 ei ramme for private og kommunale plasseringar på 1,5 milliardar kroner, det vil seie ei noko lågare ramme enn den som gjaldt i 1998. Annan plasseringsauke skulle skje i statsgaranterte papir eller som kontolån til statskassa. Departementet legg i si vurdering av ramma vekt på at Folketrygdfondet sine plasseringar i den private marknaden i realiteten inneber at staten må auke si opplåning frå anna hald tilsvarande. Dette følgjer av at statlege budsjettoverskot blir kanaliserte til Petroleumsfondet, og at staten difor kjem til å ha monalege opptak av lån i tida framover, mellom anna knytte til refinansiering av eksisterande gjeld. Når Folketrygdfondet passerer avkastninga si i statlege verdipapir, er fondet i så fall med på å dekkje dei lån staten har bruk for. Departementet la i si vurdering også til grunn at Folketrygdfondet sjølv utan nokon auke i behaldninga av private og kommunale papir kan auke sine nettoplasseringar i aksjemarknaden opp til grensa som Stortinget har vedteke på 20 prosent av forvaltningskapita-

len, ved å omplassere eksisterande bankinnskot og private og kommunale obligasjonar. Den øvre grensa for eigenkapitalplasseringar for Folketrygdfondet svara ved utgangen av 1999 til vel 23 milliardar kroner. Fondet sine eigenkapitalplasseringar var på same tid på vel 13 milliardar kroner, mens dei samla plasseringane i private og kommunale obligasjonar og sertifikat var på meir enn 26 milliardar kroner.

Folketrygdfondet kan plassere fritt i første- og andrehandsmarknaden for norske statsobligasjonar, statssertifikat og statsgaranterte papir innanfor ein samla portefølje på inntil 5 milliardar kroner. Reglane for plasseringane i statspapir blei fastsette i brev frå Finansdepartementet 15. desember 1992. Dei andre plasseringane i denne gruppa skal som hovudregel vere kontolån til staten med vilkår knytte til underliggjande statslån. Etter kvart som den eksisterande porteføljen av stats- og statsgaranterte papir forfell, må den delen som overstig 5 milliardar kroner, såleis replasserast som kontolån. Som ei oppfølging av vedtak i Stortinget, foreslår Regjeringa, i samband med Nasjonalbudsjettet 2001, å gi Folketrygdfondet høve til å kjøpe aksjar notert på børs i Sverige, Danmark og Finland, jf. kapittel 3.5.2 i Nasjonalbudsjettet 2001.

#### **8.4 Folketrygdfondet sin balanse i 1999**

---

Stats- og statsgaranterte obligasjonar og sertifikat (medrekna kontolån til statskassa knytte til underliggjande statslån) er hovedplasseringsforma til Folketrygdfondet. Ved utgangen av 1999 var 71,9 milliardar kroner plasserte i denne kategorien papir (rekna til kostpris), eller 64 prosent av dei samla plasseringane til fondet. Tilsvarande tal ved utgangen av 1998 var 66,1 milliardar kroner, dvs. 63 prosent av dei samla plasseringane.

Fondet sine samla plasseringar i private og kommunale obligasjonar og sertifikat utgjorde om lag 25,7 milliardar kroner ved utgangen av 1999, mot 26,4 milliardar kroner ved utgangen av 1998. Dette svara til høvesvis 23,0 og 25,2 prosent av dei samla plasseringane. Bankinnskota var på 922 millionar kroner ved det siste årsskiftet.

Folketrygdfondet har frå juni 1991 hatt høve til å plassere i eigenkapitalinstrument i form av børsnoterte aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar (jf. St.prp. nr. 69 (1990 - 91) og Innst. S. nr. 228 (1990 - 91)). Den øvre ramma for plasseringar i aksjar blei, jf. over, utvida frå 15 til 20 prosent av fondet sin forvaltningskapital ved Stortinget sitt vedtak 28. oktober 1994. Øvre grense for eigenkapitalplasseringar var ved utgangen av 1998 23,1 milliardar kroner rekna på grunnlag av fondskapitalen rekna til kostpris medrekna opprente, ikkje utbetalte renter. Eigenkapitalplasseringane til fondet var på same tid på i alt 13,6 milliardar kroner (kostpris) fordelt på 52 ulike selskap. Av dette utgjorde plasseringar i grunnfondsbevis knapt 0,4 milliardar kroner. Eigenkapitalplasseringane svara til 11,8 prosent av dei samla plasseringane til fondet. Plasseringane i eigenkapitalinstrument auka frå utgangen av 1998 til utgangen av 1999 med 1,5 milliardar kroner. Marknadsverdien av dei samla eigenkapitalplasseringane til fondet i form av aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar var ved utgangen av 1999 på 19,9 milliardar kroner. Fondet hadde såleis ein urealisert kursvinst på slike verdipapir på 6,3 milliardar kroner. Folketrygdfondet sine samla urealiserte kursvinstar (netto) og opp-

tente, ikkje utbetalte renter utgjorde 8,4 milliardar kroner ved utgangen av 1999.

Folketrygdfondet sine aksjar på Oslo Børs utgjorde om lag 3,2 prosent av heile børsen i 1999.

## **8.5 Resultatet til Folketrygdfondet**

---

Det verdikorrigerte resultatet til Folketrygdfondet (dvs. medrekna urealiserte vinstar) var i 1999 på 9 314 millionar kroner. Dette svara til ein avkastningsrate på 8,4 prosent rekna på basis av fondet sin kapital ved inngangen til året. Avkastninga i 1998 var på 0,1 prosent. Avkastninga på fondet sine plasseringar i renteinstrument (obligasjonar, sertifikat og bankinnskot) var i 1999 på 4,4 prosent, mens avkastninga på aksjar var på 35,4 prosent. Dette var 10,1 prosentpoeng svakare enn avkastninga til totalindeksen på Oslo Børs. Den viktigaste grunnen til mindreavkastninga var ifølgje fondet at kurser til dei enkelt-selskapene fondet er tyngst inne i, hadde ei svak utvikling i 1999, til dømes Nycomed, Storebrand, Rieber & Søn, Hydro og Orkla. Fondet understrekar at desse investeringane må sjåast i eit langsiktig perspektiv.

Folketrygdfondet hadde frå 1993 til utgangen av 1999 ei gjennomsnittleg årleg avkastning på eigenkapitalplasseringane på vel 19 prosent, dvs. om lag eit prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet for børsindeksen. Den lågare avkastninga i denne perioden kjem av mindreavkastninga i 1999. I 1998 hadde fondet 3,3 prosentpoeng betre avkastning enn totalindeksen på Oslo Børs.

Samla renteinntekter i 1999 var 6 607 millionar kroner, mens motteke aksjeutbytte var på 329 millionar kroner. Fondet hadde gjennom året ein auke i urealiserte verdipapirvinstar på aksjar og obligasjonar på 2 199 millionar kroner. Dei urealiserte kursvinstane var fordelte med 4 317 millionar kroner på aksjeporføljen og -2 118 millionar kroner på dei resterande verdipapira.

Setninga «Styret skal påse at det er etablert et betryggende risikostyrings-system for fondets forvaltning» i § 5 i reglementet for Folketrygdfondet (jf. punkt 8.3 over) blei vedteken av Stortinget i samband med handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2000. I Revidert nasjonalbudsjett 2000 står det mellom anna:

«Folketrygdfondet skal ut fra retningslinjer fastsatt av Stortinget oppstre som en finansiell investor, og investere på bakgrunn av forventet avkastning og risiko. I denne sammenhengen er det ønskelig og naturlig at det utvikles mer systematiske retningslinjer for hvor stor risiko fondet kan ta. Dette kan for eksempel gjøres ved at det settes en grense for hvor store avvik det kan være mellom fondets faktiske plasseringer og en nærmere bestemt referanseporfølje. Et slikt mål, relativ volatilitet, er også satt for Statens petroleumsfond og er nærmere beskrevet i Nasjonalbudsjettet 1998. Det er imidlertid naturlig at Folketrygdfondet gis vesentlig videre rammer enn Petroleumsfondet for hva som bør aksepteres av forskjeller i risiko mellom faktiske investeringer og referanseporføljen. Dette har bl.a. sammenheng med at Folketrygdfondet er en forholdsvis stor aktør i det norske markedet, og at mulighetene til enhver tid å tilpasse seg til referanseporføljen er begrenset.

Vurderingen av ulike referanseporføljer og risikomål må ha en faglig forankring i Folketrygdfondet. Det institusjonelle rammeverket mellom Finansdepartementet og Folketrygdfondet gjør det naturlig at

Finansdepartementets oppgave er å påse at Folketrygdfondets styre etablerer et risikostyringssystem.

<...>

Folketrygdfondet har i brev av 4. april 2000 til Finansdepartementet skissert et opplegg for hvordan et risikostyringssystem kan utføres. Brevet følger som trykt vedlegg til denne meldingen. Folketrygdfondet skriver i brevet at totalindeksen på Oslo Børs vil benyttes som referanseportefølje for aksjeplasseringene. Fondet skriver videre at

'Styret i FTF er innstilt på at relativ volatilitet blir tatt i bruk som et ledd i fondets risikostyring i kombinasjon med allerede eksisterende rammer og retningslinjer <...>. En finner det naturlig at det etter hvert som fondet opparbeider mer erfaring med bruken av relativ volatilitet i risikostyringen, blir vurdert om det vil være formålstjenlig å endre risikorammene og den øvrige rammostyringen.'»

Aksjeporteføljen til Folketrygdfondet hadde ein relativ volatilitet i forhold til totalindeksen på Oslo Børs på 4,4 prosent i perioden 1995 - 1999. Fondet sin portefølje av renteberande papir hadde i same periode en relativ volatilitet på 0,4 prosent målt mot ein samansett referanseportefølje, mens totalporteføljen til fondet hadde ein relativ volatilitet på 0,8 prosent.

**Finansdepartementet**

**til rår:**

Tilråding frå Finansdepartementet av 13. oktober 2000 om Kredittmeldinga 1999 blir send Stortinget.

---

## Vedlegg 1

### **Saker behandla av Finansdepartementet i 1999 etter finansieringsverksemdslova, forsikringsverksemdslova, banklovene og enkelte andre lover**

Oversikta gir opplysning om søkjær, vedtak, heimel, dato, saksnummer og om det er stilt vilkår. Oversikta er ikke fullstendig. Det er mellom anna ikke teke med vedtak om oppnemning til råd og verv, innsyn i dokument, fritak frå teieplikt o.a.

Forkortinger:

finl. - lov 10. juni 1988 nr. 40 «Om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner» forsl. - lov 10. juni 1988 nr. 39 «Om forsikringsvirksomhet» spbl. - lov 24. mai 1961 nr. 1 «Om sparebanker» fbl. - lov 24. mai 1961 nr. 2 «Om forretningsbanker» ktl. - lov 7. desember 1956 nr. 1 «Om tilsynet for kreditinstitusjoner, forsikringsselskaper og verdipapirhandel m.v. (Kredittilsynet)» vphl. - lov 19. juni 1997 nr. 79 «Om verdipapirhandel» fvl. - lov 10. februar 1967 «Om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)»

#### **Løyve til å drive forsikringsverksemnd og endring av vilkår**

---

##### **Kor mange: 4**

27.4.1999 - 98/5923

Postbanken BA - Løyve til at Postbanken Livsforsikring AS kan drive livsforsikringsverksemnd innanfor livsforsikringsklasse I og til etablering av Postbanken Forsikring AS som eit morselskap som berre skal forvalte sine eigarinteresser i Postbanken Livsforsikring AS. Løyve til at Postbanken BA kan eige alle aksjane i Postbanken Forsikring AS, og at Postbanken Forsikring AS kan eige alle aksjane i Postbanken Livsforsikring AS. Godkjenning av organiseringsa. Samtykke til identisk kontrollkomité. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2-1 jf. forskrift 18.9.1995 nr. 797, finl. §§ 2a-3(1)(2), 2a-6(2), 2a-7, 2a-11(4).

29.4.1999 - 98/1647

Oslo Kommunale Pensjonskasse og Oslo kommune - Delvis omgjering av Kredittilsynet sitt vedtak om dagmulk for Oslo Kommunale Pensjonskasse. Dagmulkta blir rekna frå 7. mai og blei redusert frå 100 000 kroner til 50 000 kroner inntil Finansdepartementet har motteke søknad om løyve til at Oslo kommune etablerer livsforsikringsselskap eller kommunen etterkjem Kredittilsynet sitt pålegg.

Heimel: pensjonskasseforskrifta §§ 5, 21, 24, 33, ktl. § 4 nr. 9, § 10(2).

24.6.1999 - 99/46

Storebrand Livsforsikring AS - Avslag på klage frå Storebrand Livsforsikring AS over Kredittilsynet sitt vedtak om å endre vilkåra for selskapet sitt kapitaliseringssprodukt.

Heimel: ktl. § 4 nr. 9, jf. forsl. § 7-7, forsl. § 8-1(1).

5.8.1999 - 99/3462

Norsk Energiverk Forsikring AS - Endring av konsesjonsvilkår slik at to tidlegare ilagde vilkår blir oppheva for Norsk Energiverk Forsikring AS.

Heimel: fvl. § 35(1), forsl. § 2-1, jf. forskrift 18.9.1995 nr. 797, § 13-8(1).

### **Løyve til å drive finansieringsverksemd - endring av vilkår**

---

#### **Kor mange: 7**

**15.1.1999 - 98/9435**

NetCom GSM AS - Avslag på søknad om unntak fra finansieringsverksem-slova for produktet «NetCom finansiering». Uttala at den planlagde finan-sieringsverksemda ikke vil falle inn under unntaket for seljarkreditt i finan-sieringsverksem-slova.

Heimel: finl. § 1-2(1), § 1-3(2).

**4.3.1999 - 99/817**

Spectra Holding SA og Spectra Kapitalforvaltning AB - Løyve til at Spectra Finans AS kan drive finansieringsverksemd. Spectra Finans AS får unntak fra reglane i finansieringsverksem-slova.

Heimel: finl. § 3-3(4), § 1-3(2).

**23.3.1999 - 98/9411**

OBOS - Løyve til at OBOS kan danne finanskonsern og drive verksemd som finansieringsføretak, og til at det kan organisera st som andelslag. God-kjenning av organisering og dispensasjon fra ei rekke føresegner i finan-sieringsverksem-slova. Løyve til at OBOS kan eige alle aksjane i Hammer-borg Finansieringsservice AS.

Heimel: finl. § 3-3(1)(5), § 2a-3(2), § 2a-6, § 3-2, § 1-3, § 2-2(1)(2).

**3.6.1999 - 99/2408**

Telenor Mobil AS - Løyve til at Telenor Mobil AS kan drive finansierings-verksemd i tilknyting til tenesta «Mammon» (forskotsbetaling av kjøp med mobiltelefon) og dispensasjon fra finansieringsverksem-slova. Vilkår.

Heimel: finl. § 1-3(2), § 3-3(4).

**4.6.1999 - 99/2426**

Trafikanten Midt-Norge - Løyve til at Trafikanten Midt-Norge kan drive finansieringsverksemd knytt til ordninga med det elektroniske billetterings-systemet «Transportkontokort». Denne verksemda blir unnteken fra reglane i finansieringsverksem-slova.

Heimel: finl. § 3-3, § 1-3.

**28.10.1999 - 99/5019**

Norges Kommunalbank - Løyve til at Kommunalbanken AS kan drive verksemd som finansieringsføretak. Vilkår.

Heimel: finl. § 3-3.

**8.11.1999 - 99/4447**

NorAqua Finans AS - Løyve til at NorAqua Finans AS kan drive finan-sieringsverksemd. NorAqua Finans AS blir unnteken fra reglane i finan-sieringsverksem-slova. Vilkår.

Heimel: finl. §§ 1-2(1), 1-3(2), 3-3.

**Dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane**

---

**Kor mange: 2****9.6.1999 - 98/5509**

Eksportfinans ASA - Fråfall av tidlegare pålagt konsesjonsvilkår i samband med at Eksportfinans ASA kjøpte opp Kommunekredit Norge AS. Vidareføring av unntak frå eigaravgrensingsreglane.

Heimel: finl. § 2-2 (2).

**14.10.1999 - 98/2311**

Codan Forsikring AS, Fokus Bank ASA og Nordlandsbanken AS - Dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane slik at Fokus Bank ASA kan eige 39 prosent av aksjane i Nordenfjeldske Livsforsikring AS. Codan Forsikring AS kan eige 51 prosent og Nordlandsbanken AS kan eige 10 prosent av Nordenfjeldske Livsforsikring AS.

Heimel: finl. § 2-2(2).

**Fusjon mellom finansinstitusjonar**

---

**Kor mange: 1****14.10.1999 - 99/3599**

Den Norske Bank ASA/Postbanken AS - Godkjenning av vedtak i Den norske Bank ASA og Postbanken AS om fusjon. Løyve til å auke aksjekapitalen i Den norske Bank ASA. Løyve til at Den norske Bank kan eige alle aksjane i Postbanken Verdipapirfond AS og Postbanken Eiendomsmegling AS. Godkjenning av ny konsernstruktur. Vilkår.

Heimel: fbl. §§ 5(2), 31, forsl. § 3-6(1), finl. §§ 2a-3(2), 2a-6(2), 2a-7(2).

**Vedtak i samsvar med finanskonsernreglane**

---

**Kor mange: 5****4.6.1999 - 98/5925**

Gjensidige Skadeforsikring, Gjensidige Livsforsikring, Sparebanken NOR - Løyve til at Gjensidige Skadeforsikring, Gjensidige Livsforsikring og Sparebanken NOR kan etablere finanskonsert. Godkjenning av organiseringa. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3 (1), § 2a-2, § 2a-16, § 2a-6 (2), § 2a-7 (2).

**15.12.1999 - 99/2623**

Terra Skadeforsikring AS og Sparebankenes Investeringsselskap AS - Løyve til at Sparebankenes Investeringsselskap AS kan vere morselskap i finanskonsert og eige 100 prosent av aksjane i Terra Skadeforsikring AS. Løyve til at Terra Skadeforsikring AS kan drive skadeforsikringsverksemd. Samtykke til identisk kontrollkomité og godkjenning av konsernstrukturen.

Heimel: finl. § 2a-3(1)(2), § 2a-11(4), § 2a-6, forsl. § 2-1, § 3-2, § 5-5(1).

**20.12.1999 - 98/6159**

Den norske Bank (DnB) - Løyve til at DnB-konserten blir organisert med DnB Holding ASA som morselskap.

Heimel: finl. § 2a-16.

**20.12.1999 - 99/1142**

Storebrand ASA - Løyve til å kjøpe meir enn 10 prosent av aksjane i Fair Financial Ireland Ltd. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3(4)(5).

**23.12.1999 - 99/4555**

Vesta Forsikring AS - Løyve til å fusjonere Vesta Forsikring i til saman fire aksjeselskap der Vesta Finans Holding AS, Skandia LTS Norge Holding AS og Skandia Asset Management Norge Holding AS utgjer dei utfusjonerte selskapa. Løyve til overdraging av aksjane i Vesta Finans AS, Vesta Liv Holding AS og Vesta Forvaltning AS til dei respektive utfusjonerte selskapa. Vilkår. Godkjenning av organiseringa. Det blei vidare gitt ei rekke mindre løyve.

Heimel: forsl. §§ 3-2, 3-6, finl. §§ 2a-7(2), 2a-3(1)(2), 2-2(2) nr. 6.

## **Samarbeidsavtalar mellom finansinstitusjonar**

---

### **Kor mange: 2**

**22.1.1999 - 98/7838**

SpareBank 1 Gruppen - Godkjenning av samarbeidsavtale mellom SpareBank 1 Gruppen og FöreningsSparbanken AB. Unntak frå eigaravgrensingsregelen og forbodet mot gjensidig representasjon i styrande organ.

Heimel: finl. §§ 2-4(1), 2-2(9), 2-7, 2-8 jf. forskrift 1.6.1990 nr. 433 §§ 1 og 3.

**22.11.1999 - 99/2862**

Gjensidige NOR - Godkjenning av samarbeidsavtale mellom Sparebanken NOR og Gjensidige NOR.

Heimel: finl. § 2-7(1).

## **Oppretting av filial og datterselskap i utlandet**

---

### **Kor mange: 1**

**20.4.1999 - 99/1507**

Assuranceforeningen Gard - Løyve til å etablere datterselskapet Gard AB i Sverige og Gard Asia Ltd. i Hong Kong. Godkjenning av organiseringa.

Heimel: finl. § 2a-3(4), § 2a-7(2).

## **Overdraging av verksemd**

---

### **Kor mange: 12**

**7.5.1999 - 98/9034**

Den Danske Bank - Løyve til oppretting av DDB Fokus Invest AS og at Den Danske Bank Aktieselskap eig alle aksjane. Løyve til at DDB Fokus Invest AS kan kjøpe alle aksjane i Fokus Bank ASA. Godkjenning av organiseringa. Samtykke til identisk kontrollkomité. Vilkår.

Heimel: finl. §§ 2a-3(1)(2), 2a-6(2), 2-2(2), 2a-11(4), 2a-7(2), 2a-10(2).

**2.6.1999 - 98/9244**

Trygg-Hansa Forsikring AS - Løyve til at Trygg-Hansa Forsikring AS kan avhende alle aktiva til Trygg-Hansa Norge, filial av Trygg-Hansa Försäkringsbolag. Løyve til at Trygg-Hansa Forsikring AS blir avvikla. Vilkår.

Heimel: forsl. § 3-6(1), § 10-1(1).

11.6.1999 - 98/5925

Gjensidige Forsikring - Løyve til at Gjensidige Livsforsikring kjøper alle aksjane i NOR Forsikring AS. Løyve til overdraging av portefølje og fusjon av selskapa. Godkjenning av organisering. Vilkår.

Heimel: finl. §§ 2-2(2), 2a-3(2), 2a-7(2), forsl. §§ 3-6, 13-8, 5-1, 5-5.

11.6.1999 - 98/5925

Gjensidige Bank AS - Løyve til at Gjensidige Bank AS overfører Creditreform Norge AS til eit nystifta, heilått datterselskap av Gjensidige Holding AS. Godkjenning av ny konsernstruktur. Samtykke i mellombels nedsetjing og etterfølgjande forhøgning av aksjekapitalen i Gjensidige Bank. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3(1)(2), § 2a-7(2), fbl. § 5(2).

11.6.1999 - 98/5925

Sparebanken NOR - Løyve til at Sparebanken NOR kan ta over aksjane i Gjensidige Bank AS og Gjensidige Bank Finans AS og Finax FinansService AS. Unntak frå eigaravgrensingsregelen. Løyve til avvikling av bankverksemda i Gjensidige Bank. Løyve til å vidareføre verksemd i noverande Gjensidige Bank AS under namnet Gjensidige NOR Billeasing AS. Finansieringsverksemda i Gjensidige NOR Finans AS, Gjensidige NOR Billeasing AS og NOR Finans AS, blir samla i eitt selskap. Samtykke til identisk kontrollkomité. Avslag på søknad om unntak frå kravet til representantskap. Fastsettjing av avgift til Sparebankenes sikringsfond.

Heimel: finl. § 2-2(1)(2), § 2a-3(2)(4), § 3-3(1), § 3-6(1)(3), § 3-10(1), § 2a-11(4), fbl. § 31, sikringsfondlova § 2-1(1), § 2-7(2), § 2-9(1)(2)(3).

30.7.1999 - 99/3017

Storebrand ASA - Løyve til at Storebrand kan kjøpe alle aksjar og konverteble obligasjonar i Finansbanken ASA. Mellombels godkjenning av konsernstruktur.

Heimel: finl. § 2a-3(2), finl. § 2a-6(2).

15.9.1999 - 99/3755

Gjensidige Forsikring - Løyve til at Gjensidige Forsikring kan kjøpe alle aksjane i Lokal Forsikring AS. Godkjenning av konsernstruktur. Vilkår.

Heimel: finl. §§ 2a-3(2), 2a-7(2), forsl. § 3-6(2).

8.11.1999 - 99/5063

Svenska Handelsbanken AB og Handelsbanken Norge Holding AS - Løyve til etablering av Handelsbanken Norge Holding AS. Løyve til at Svenska Handelsbanken AB kan eige alle aksjane i Handelsbanken Norge Holding AS. Løyve til at Handelsbanken Norge Holding AS kan kjøpe alle aksjane i Bergebanken ASA. Samtykke til identisk kontrollkomité. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3(1)(2), § 2-2(2), § 2a-11(4).

20.12.1999 - 99/2188

Storebrand ASA - Løyve til at Storebrand Skadeforsikring AS og Europeiske Reiseforsikring AS kan avhende den vesentlegaste delen av skadeforsikringsverksemda til if...Skadeförsäkring AB. Løyve til at Storebrand Skadeforsikring kan eige inntil 33 prosent av kapitalen i holdingselskapet if...Skade-

försäkring Holding AB. Godkjenning av organiseringa og av samarbeidsavtalen. Vilkår.

Heimel: forsl. § 3-6, finl. §§ 2a-3(4), 2a-7(2), 2-7.  
20.12.1999 - 99/4622

Storebrand ASA - Løyve til at Storebrand Skadeforsikring AS kan eige 100 prosent av aksjene i Oslo Reinsurance Company ASA. Godkjenning av organiseringa.

Heimel: finl. §§ 2a-3(2), 2a-7, forsl. § 3-6(2).  
23.12.1999 - 99/6338

Industriforsikring AS - Løyve til kjøp av alle aksjene i Saga Petroleum Forsikring AS. Mellombels dispensasjon fra eigaravgrensingsreglane. Godkjenning av organiseringa. Endring av tidlegare vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3(2), § 2a-6(2), § 2-2(2), § 2a-6(2), forsl. § 2-1(1).  
30.12.1999 - 99/2188

Storebrand ASA - Løyve til at Storebrand Skadeforsikring AS kan eige inntil 44 prosent av kapitalen, og til å stemme for inntil 50 prosent i if...Skadeforsikring Holding AB inntil 1. juli 2000.

Heimel: finl. § 2a-3(4).

## **Avvikling av verksemد**

### **Kor mange: 1**

29.4.1999 - 99/1127

Vestenfjelske Bykreditts Stiftelse - Samtykke til at Vestenfjelske Bykreditts Stiftelse blir avvikla som ein stiftelse etter finansieringsverksemdslova.

Heimel: finl. § 2-24 (1).

## **Unntak frå kapitaldekningskrav o.a.**

### **Kor mange: 2**

12.5.1999 - 99/1902

Arendal Dampsbibsselskabs Pensjonskasse - Avslag på søknad frå Arendal Dampsbibsselskabs Pensjonskasse om dispensasjon frå kravet til ansvarleg kapital.

Heimel: forskrift 19.2.1993 nr. 117 §§ 8, 20, forskrift 1.6.1990 nr. 435 §§ 2, 3.  
22.10.1999 - 99/1902

Arendals Dampsbibsselskabs Pensjonskasse - Kongeleg resolusjon: Avslag på klage over Finansdepartementet sitt avslag på søknad om dispensasjon frå kravet til ansvarleg kapital for Arendals Dampsbibsselskabs Pensjonskasse.

Heimel: forsl. § 7-3(1)(3), forskrift 19.2.93 nr. 117 §§ 8, 20.

## **Unntak frå krav til forsikringstekniske avsetningar**

### **Kor mange: 2**

12.5.1999 - 99/2428

Assuranceforeningen Gard - Oppheving av vedtak om dispensasjon frå minstekrava til forsikringstekniske avsetningar for Assuranceforeningen Gard.

Heimel: forskrift 10.5.1991 nr. 301 § 10 jf. § 5.

7.9.1999 - 99/4122

Fiskernes Gjensidige Trygdelag - Dispensasjon frå kravet til sikkerheitsavsetning. Vilkår.

Heimel: forskrift 10.5.1991 nr. 301 §§ 5, 10.

### **Vedtak i samband med verdipapirhandel**

---

#### **Kor mange: 2**

10.5.1999 - 99/2106

Storebrand Kapitalforvaltning ASA - Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå verdipapirhandellova sine reglar om kva for tilsette som kan vere styremedlem i verdipapirføretak.

Heimel: vphl. § 8-4(1)(2).

23.6.1999 - 99/1305

Bankierhuset ASA - Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om tilbakekall av Bankierhuset ASA sitt løyve til å yte investeringstenester som omtala i verdipapirhandellova § 1-2 første ledd nr. 4.

Heimel: vphl. §§ 1-2(1), 12-5(1), forskrift 14.10.1996 nr. 983 (sikkerheitsforskrifta).

### **Vedtak i samband med eigedomsmekling**

---

#### **Kor mange: 1**

5.7.1999 - 99/2409

Langenes Spaniahus Consulting AS - Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om opphør av eigedomsmeklingsverksemid.

### **Andre vedtak**

---

#### **Kor mange: 31**

12.1.1999 - 98/6175

K-Fondsforsikring AS - Løyve til at tre av fem styremedlemmer i K-Fondsforsikring AS samtidig kan vere tillsette eller ha tillitsverv i Kreditkassen-konserten. Mellombels.

Heimel: forsl. § 13-8(3), § 5-1(1).

22.1.1999 - 99/7795

Assuranceforeningen Gard - Løyve til at Assuranceforeningen Gard og Assuranceforeningen Skuld kan ha avvikande rekneskapsår.

Heimel: rekneskapslova § 1-7.

22.2.1999 - 99/712

The Islamic Movement Norge - Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om å nekte registrering av endringsmelding for The Islamic Movement Norge.

Heimel: einingsregisterlova §§ 17, 19.

3.3.1999 - 99/819

Sandsvær Sparebank - Løyve til at varamedlemmer i styret i Sandsvær Sparebank kan veljast for to år.

Heimel: spbl. § 14 (2).

9.3.1999 - 99/1000

Nycomed AS - Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å nekte dispensasjon fra plikta til å utarbeide konsernoppgjer for underkonsern.

Heimel: aksjelova § 11-13(6).

16.4.1999 - 99/1595

Respons Markedskommunikasjon AS - Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om å registrere eininga ORD TIL SALGS Gerhard Simenstad i Einingsregisteret. Uttala at registrering i Einingsregisteret ikke har firmavernrettslege verknader.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

20.4.1999 - 99/1462

Øvrebergvegen skogsbilvegforening - Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om å nekte registrering i Einingsregisteret.

Heimel: einingsregisterlova § 19, § 8 og forskrift 9.2.1995 nr. 114 § 16.

6.5.1999 - 99/1806

Gjensidige Forsikring - Dispensasjon for dei 38 gjensidige brannkassene i Gjensidige-gruppen fra plikta til å levere rekneskapstal som kan samanliknst. Vilkår.

Heimel: forskrift 16.12.98 nr. 1241 §§ 7-2(2)(3), 8-1(1).

12.5.1999 - 98/6175

K-Fondsforsikring AS - Løyve til at K-Fondsforsikring AS kan velje styreformann blant dei tilsette eller dei som har tillitsverv i Kredittkassen-konsernet. Mellombels.

Heimel: forsl. §§ 5-1(1), 13-8(3).

12.5.1999 - 99/2354

Wisby Norge AS - Løyve til at Wisby Norge AS får bruke avvikande rekneskapsår mellombels.

Heimel: rekneskapslova § 1-7.

18.5.1999 - 99/2374

Saxlund International Brevik AS - Løyve til at Saxlund International Brevik AS får bruke avvikande rekneskapsår mellombels.

Heimel: rekneskapslova § 1-7.

2.6.1999 - 99/2692

Brødrene Dahl AS - Løyve til at Brødrene Dahl AS får bruke avvikande rekneskapsår mellombels.

Heimel: rekneskapslova § 1-7.

2.6.1999 - 99/2787

Søderhamn Eriksson AS - Løyve til at Søderhamn Eriksson AS får bruke avvikande rekneskapsår mellombels.

Heimel: rekneskapslova § 1-7.

**8.6.1999 - 99/2857**

ICL Norge AS - Løyve til at ICL Norge AS får bruke avvikande rekneskapsår mellombels.

Heimel: rekneskapslova § 1-7, forskrift 16.12.1998 nr. 56 § 1.

**21.6.1999 - 99/2968**

Satchwell Norge AS - Løyve til at Satchwell Norge AS får bruke avvikande rekneskapsår mellombels.

Heimel: rekneskapslova § 1-7.

**21.6.1999 - 99/3140**

Computer 2000 Norway AS - Løyve til at Computer 2000 Norway AS får bruke avvikande rekneskapsår mellombels.

Heimel: rekneskapslova § 1-7.

**2.7.1999 - 98/1182**

Storebrand Livsforsikring AS - Avslag på Storebrand Livsforsikring sin klage over Kredittilsynet sitt vedtak om ikkje å tillate separat porteføljeforvaltning innanfor forsikringsklasse I. Uttala at separat porteføljeforvaltning må vere i samsvar med regelverket for livsforsikring med investeringsval, og avgrensast til dei forsikringsformer som er tillatne innanfor dette regelverket. Produktet må etablerast som livsforsikring med investeringsval i eige livsforsikringsselskap.

Heimel: ktl. § 4 nr. 9, jf. finl. §§ 2-1, 7-4, forskrift 23.4.1997 nr. 377 og 18.9.1995 nr. 797.

**2.7.1999 - 98/5076**

Skandia Life Norge - Klage over Statistisk sentralbyrå og Kredittilsynet sitt pålegg om statistikkrapportering. Vedtaket til Statistisk sentralbyrå blei halde oppe, mens Kredittilsynet sitt vedtak blei omgjort. Uttala at Kredittilsynets vedtak om innhenting av rekneskapsopplysningar i samband med tilsyn fell inn under tredje livsforsikringsdirektiv, der det heiter at all statistisk informasjon som skal innhentast om filialens verksemd, skal innkrevjast og leverast til myndighetene i forsikringsselskapet sitt heimland.

Heimel: statistikklova § 2-2, kredittilsynslova, rundskriv 4/98, (92/96/EØF) art. 10 pkt. 2.

**2.7.1999 - 98/944**

Gjensidige Livsforsikring - Avslag på klage frå Gjensidige Livsforsikring over Kredittilsynet sitt vedtak om ikkje å tillate separat porteføljeforvaltning innanfor forsikringsklasse I. Uttala at separat porteføljeforvaltning må vere i samsvar med regelverket for livsforsikring med investeringsval, og avgrensast til dei forsikringsformene som er tillatne innanfor dette regelverket.

Heimel: ktl. § 4 nr. 9, jf. finl. § 2-1, forsl. § 7-4, forskrift 23.4.1997 nr. 377, forskrift 18.9.1995 nr. 797.

**2.7.1999 - 99/2990**

Hallingbanken Aal sparebank og Hemsedal sparebank - Godkjenning av samanslutning mellom Hallingbanken Aal sparebank og Hemsedal sparebank. Vilkår.

Heimel: spbl. § 47.

**5.8.1999 - 99/3759**

Tingvoll Sparebank - Godkjenning av samanslutning mellom Tingvoll Sparebank og Gjemnes Sparebank.

Heimel: spbl. § 47(1), § 5.

10.8.1999 - 99/3311

Oslo Høyre - Avslag på klage over Statistisk sentralbyrå sitt vedtak om avslag på søknad om fritak frå plikta til å levere opplysningar til undersøkinga «Interesseorganisasjoner 1997».

Heimel: statistikklova § 2-2.

19.8.1999 - 99/3911

KEN-NIMO AS - Avslag på søknad om avvikande rekneskapsår for KEN-NIMO AS.

Heimel: rekneskapslova § 1-7(1), forskrift 19.7.1999 nr. 816 § 1.

24.8.1999 - 99/3959

ZAZZ AS - Løyve til at ZAZZ AS får bruke avvikande rekneskapsår mellom-bels.

Heimel: rekneskapslova § 1-7(1).

9.9.1999 - 99/4064

PARS KAFE Mohammed Reza Mostofi - Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om å registrere enkeltmannsføretaket PARS BIL Hosseiny i Einingsregisteret.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

10.9.1999 - 99/3576

Brødrene Berg AS - Avslag på klage over Statistisk sentralbyrå sitt vedtak om avslag på søknad om fritak frå plikta til å levere kvartalsvis ordrestatistikk for bygg og anlegg.

Heimel: statistikklova § 2-2.

13.9.1999 - 99/3600

Ølen Samyrkelag - Avslag på klage over Statistisk sentralbyrå sitt vedtak om avslag på søknad om fritak frå plikta til å levere månadsoppgåver til detal-jomsetningsindeksen og kvartalsoppgåver til investeringsstatistikken.

Heimel: statistikklova § 2-2.

13.9.1999 - 99/3618

Ing. P. Fossum AS - Avslag på klage over Statistisk sentralbyrå sitt vedtak om avslag på søknad om fritak frå plikta til å levere kvartalsoppgåve over eige-domsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemد.

Heimel: statistikklova § 2-2.

15.10.1999 - 99/4629

Hadeland Gjensidige Brannkasse - Unntak frå kravet om statsautorisert revisor i Hadeland Gjensidige Brannkasse.

Heimel: forsl. § 13-8(3), § 6-2.

27.10.1999 - 99/3461

Goss Graphic Systems Ltd. - Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om avslag på søknad om løyve til oppbevaring av rekneskapsbilag i England.

Heimel: rekneskapslova § 11(2).

3.12.1999 - 99/3553

Knarvik Optikk AS - Avslag på klage over plikta til å levere månadsopp-gåve for detaljomsetninga.

Heimel: statistikklova § 2-2.

---